

Konstruksjon av norske hesterasar –

*Korleis dølahesten, fjordhesten
og nordlandshest/lyngshest vart til*



Sjur Tarjei Fykse

Masteroppgave i Historie
ved Institutt for Arkeologi, Historie, Kultur-og Religionsvitenskap
UNIVERSITETET I BERGEN

Våren 2020

Føreord

Når oppgåva nærmar seg levering går det òg mot slutten på ein svært lærerik og gjevande fireårsperiode. Sidan eg har teke dette attåt anna arbeid og difor gått med halv fart, har det vorte ekstra mange interessante og trivelege møte med både medstudentar og tilsette.

Den som fortener den største takken er rettleiaren gjennom alle desse åra, Svein Ivar Angell. Med tolmod, innsikt og kunnskap har han gjort ferda fram til levering til ein rein lystseilas.

Seminaret med sitt vekslande og faste mannskap skal òg ha ein stor takk for all oppmuntring og konstruktiv kritikk gjennom fire år.

Sist men ikkje minst må eg få takka familien, som har støtta og hjelpt på så mange vis slik at det har vore mogeleg å frigjera tid til denne «ekstrajobben»

Øystese, 15/5-2020

Sjur Tarjei Fykse

Innhald

Kapittel 1 - Innleiing	5
Tema for oppgåva	5
Problemstilling	6
Periodisering	7
Tidlegare forskningslitteratur	8
Kjelder og arbeidsmåtar	9
Kapittel 2 – På leit etter den norske hesten	11
Ein del av nasjonsbygginga?	12
Den fyrste opptakten	14
Den norske hesterace.....	15
Raseomgrepet	17
Norges Vel og fjordhesten	19
På leit i overskotsområde	21
«Eiendommelig» med stor variasjon.....	22
Færre fargar	23
Førestillinga klarna.....	24
Misnøgd opposisjon	25
Nye aktørar kjem til	27
Lindeqvist rår til å leggja ned på Hjerkin.....	27
Lindeqvist og dølahesten	29
Ny fagmann, nye svar.....	30
Lindeqvist om avlsstasjonar	31
Lindeqvist og raseval	32
Vel seg hest frå Gudbrandsdalen.....	33
Eit anna syn på fjordhesten	34
Dølahest til Vestlandet	35
Uklare siktemål og vurderingar	36
Kva kan endringar i jordbruket i perioden ha hatt å seia?.....	38
Frykta for framandt blod	40
Oppsummering	41
Kapittel 3 – Kamp for fjordhesten	43
Fyrst oppskatta – så nedvurdert.....	44
Lokale strategar engasjerer seg	45
Ulike og uklare skiljeliner	46
Ei tid med større endringar	47
Fjordhestavl i motvind	48
Baronihestane	50
Hesten i ei særstilling	51

Debatten om blandingsavl i fjordhestmiljøet.....	53
Fanst det reinrasa fjordhestar?.....	54
Storleik og fargar.....	57
Nordfjordhest, fjordhest, vestlandshest.....	58
Nye aktørar inn i debatten.....	59
Kva slags debatt er det?.....	60
Samansette motsetnader.....	61
Kampen om stamboka.....	64
Nok ein rase er konstruert.....	67
Oppsummering.....	69
<i>Kapittel 4 Hesten i Nord-Noreg.....</i>	<i>71</i>
Hesten i Nord-Noreg før staten greip inn.....	71
Stor skilnad på dei tre nordlegaste amta.....	72
Statlege tiltak for hesteavl i Nord-Norge.....	74
Statlege tiltak og resultat fram til 1930-talet.....	74
Hest som jordbrukslærer i Finnmark.....	75
Fjordhest og døl i Troms.....	77
Kva seier kjeldene om Nordnorsk hest?.....	78
Ulike hestetypar eller ulike namn?.....	79
Lyngshesten.....	81
Aukande medvit om lokale og regionale verdiar?.....	81
Ny utstilling og status som eigen rase.....	83
Tyngdepunktet for avlen flytter seg sørover.....	85
Hestetalet stuper.....	85
Trassar motstand og nedvurdering.....	86
Kva var motivasjonen?.....	87
Kva skal hesten heita?.....	88
Namnestriden etter 1969.....	90
Namnesaka på 1990-talet.....	92
Identitetskamp på fleire frontar.....	94
Oppsummering.....	95
<i>Kapittel 5 Oppsummering og konklusjon.....</i>	<i>97</i>
<i>Kapittel 6 Litteratur- og kjeldeliste:.....</i>	<i>100</i>

Kapittel 1 - Innleiing

Tema for oppgåva

Det har vore skriving mykje om hest, og om dei ulike norske hesterasane, men ikkje nokon historisk analyse av kvifor me i dag sit med fire «nasjonale rasar». Det kan sjå ut som om hesten gjennom tidene, frå han vart tamd for nokre tusen år sidan, har vore ein viktigare del av tankelivet til dei historikarane skriv om, enn han har vore hjå historieskrivarane sjølve. Det er gjerne ikkje så rart. Han har liksom berre vore der og gjort det han har vore sett til, anten det har vore å bera folk eller varer over fjellet, dra tømmerlass til velteplassen eller tunge sledar med stein til husmuren eller varer til tuns. Dersom me prøver å førestilla oss liv og arbeid før petroleumsalderen utan hestehjelp, vil det gjerne stå klarare for oss kva han har hatt å seia. No er det ikkje kva hestehjelp har hatt å seia for samfunnsutviklinga denne oppgåva skal handla om, men det er likevel ein viktig del av bakteppet for den utviklinga eg har tenkt å analysa.

Det denne masteroppgåva skal ta føre seg, er vegen som førte fram til fire nasjonale hesterasar i Noreg. Eg vil sjå nærare på kva aktørar og motiv som spela inn fram til me enda opp med desse fire. Så langt eg har vore i stand til å sjå, er det ingen som har granska denne prosessen tidlegare. Frå å ha eit mangfald av regionale og lokale typar med innbyrdes fellestrekk i kring 1840, enda det opp med tre regionale rasar som i dag er godkjende som nasjonale.

Tidsperioden for denne oppgåva er frå kring 1840 då staten fyrst engasjerte seg for hesteavl og fram til 1990-talet, då nordlandshest/lyngshest fekk kompromisnamnet sitt.

Når me snakkar om ein husdyrrase i dag, kan det seiest å vera ein populasjon det vert drive systematisk avl på. For å driva systematisk avl, er det avgjerande å ha kontroll med slektskapstilhøve. Det får ein gjennom stamtavler, som i den norske hesteverda heiter stambøker. Eg vil difor undersøkje utviklinga frå dei fyrste offentlege tiltaka vart sett i verk og fram til dei ulike rasane har fått si eige stambok. Utviklinga tek naturleg nok ikkje slutt når den fyrste stamboka er ført i pennen, men det er mållina på vegen fram til ein rase, og difor vel eg å setja strek der for dei to sørnorske rasane. Når det gjeld nordlandshest/lyngshest set eg strek då rasen fekk dette namnet i 1998.

Problemstilling

Hypotesen er at idear og verdivurderingar når det gjeld hesterasar og hesteavl har endra seg i takt med andre politiske, sosiale og kulturelle endringsprosessar, og at det gjennom heile perioden har stått i spenningsfeltet mellom det som Rune Slagstad kallar romantiske og utilitaristiske vurderingar.¹ For å undersøkje dette vil eg mellom anna sjå på korleis desse vurderingane viser att i ulike debattar om hesterasar og hesteavl. Det synest som om det er to ulike sett av vurderingar som har vore viktige i denne utviklinga. Det eine er det reint rasjonalistisk-instrumentelle. I den samanheng er hesten å sjå på som eit arbeidsdyr som skal brukast til å løysa ulike oppgåver i eit stadig endrande samfunn. Det andre settet av vurderingar dreiar seg rundt det romantisk-ekspressive. Med det meinast alt det som har vore med på å gjera hesterasar til nasjonale, regionale og lokale identitetsmarkørar og symbol. Hovudproblemstillinga er difor:

Kva verdivurderingar er det som over tid har bidrege til å konstruera dei ulike rasane både med tanke på form og funksjon, og som regionale og nasjonale identitetsmarkørar?

For å koma nærare eit svar på dette spørsmålet er det ulike tilhøve som må granskast. Det eine er å få eit klart bilete av kven som var aktørane i desse prosessane. All den tid dette gjekk over eit lengre tidsrom, kan ulike aktørar ha vore tonesetjande til ulike tider. Aktørane vil i hovudsak vera delt i to hovudgrupper, statlege og private. Tidsperioden denne oppgåva tek for seg tek til med dei fyrste statlege tiltaka, og staten har hatt ei rolle i prosessane rundt hesteavlen i heile perioden. Om organiseringa har skifta har det heile tida vore aktørar som har representert staten. I løpet av dei 160 åra oppgåva spenner over har staten hatt ulike representantar. Dei fyrste åra var Norges Vel sentrale i arbeidet med å få økonomisk framgang i hesteavlen, seinare var representantane tilsett i Finansdepartementet, Indredepartementet og Landbruksdepartementet, alt etter kven som hadde ansvar for landbruket.

Dei private aktørane er meir samansette og mangearta. Det har vore alt frå einskildpersonar og lausleg samansette lokale grupperingar til organiserte grupper med mål om å arbeida i ei bestemt retning. Dei som engasjerer seg mest høyrer òg best. Den store underskogen av hesteeigarar og hesteavljarar er ikkje nødvendigvis dei som har teke ordet mest i debattane, i alle høve ikkje dei fyrste hundre åra. Fagfolk innan husdyravl har er derimot godt representerte. I siste del av perioden, der den nordlege hesterasen er tema, er det kjelder å finna der hesteavljarar og lekfolk kjem til orde.

¹ Slagstad 2015 s.107

Eit underspørsmål eg difor må freista å klarleggja er: Kva vurderingar gjorde dei ulike aktørane til ulike tider, og kva dei la vekt på i vurderingane sine? Om det finst svar på dette vert neste spørsmålet: Kvifor la dei vekt på dette? For å svara på det må eg sjå på kven dei var, og kva og kven dei var påverka av. Finn eg svar på desse spørsmåla er det råd å seia noko om vurderingane speglar seg òg på andre samfunnsområde. Lukkast dette er det von om å nærma seg ei litt meir opplyst uvisse.

Dei tre rasane som er tema for oppgåva vert ofte assosiert med kvar sin landsdel. Dølahesten med Austlandet, fjordhesten med Vestlandet og nordlandshest/lyngshest med Nord-Noreg. Det vil difor vera fruktbart å sjå på om og korleis desse har ei rolle som identitetsmarkørar for desse områda. Det finst og ein fjerde nasjonal hesterase, norsk kaldblodstravar. Det som gjerne kan seiast å har vore startpunktet for utviklinga av denne rasen, var at det kom ein eigen klasse for lettare køyre- og ridehestar ved hesteutstillingane i 1872. Tre år seinare vart Det Norske Travselskap stifta.² Norsk kaldblodstravar har levd sitt liv i travsporten, der det stort sett har vore semje om siktemålet med både rasen og avlen. Eg ser på utviklinga innanfor denne rasen som litt på sida av det som eg vil undersøkje, som mellom anna er om og korleis geografisk tilhøyrslø og identitet har spela ei rolle i utviklinga.

Periodisering

Temaet for denne oppgåva spenner i tid frå kring 1840 til kring 2000, altså ein periode på 160 år. Startpunktet er valt ut frå at det fyrste statlege tiltaket for hesteavl vart sett i drift tidleg i 1840-åra. Endepunktet for analysen er tidspunktet då debatten om namnet «nordlandshest/lyngshest» kjølna. Tanken er å ordna framstillinga tematisk og kronologisk. Ein tanke kunne vore å setja av eit kapittel til kvar av rasane. Det ser likevel ikkje ut til å vera fullt ut tenleg. Mykje av det som skjer med det som vart dølahesten og fjordhesten, er vove tett saman, særleg i perioden fram til kring 1860. Staten var den tonesetjande og klart sterkaste aktøren i den perioden. Frå nokre famlande tak i eit ukjent saksfelt rundt 1840, vart det i løpet av denne perioden etablert eit system for norsk hesteavl som i stor grad har halde seg fram til i dag. Det synest difor tenleg at det fyrste kapittelet endar med at staten synest å ha festa grepet om norsk hesteavl og peika ut dølahesten som rasen dei ville satsa på.

Det neste kapittelet handlar i størst grad om fjordhesten. Her vil motkreftene koma meir til syne i det andre aktørar og engasjerte seg. Grunnlaget for engasjementet synest i stor

² Buer 1990 s.20

grad å ha vore at dei meinte fjordhesten hadde vorte nedvurdert av staten, òg i dei områda der dei meinte han hadde ein naturleg plass. Kapittelet vil femna om tida frå desse motkreftene kom til syne og fram til fjordhesten fekk si eiga stambok i 1910. Samstundes vil òg dølahesten dukka opp i dette kapittelet fram til den fyrste stamboka for rasen var klar i 1902.

I dei to fyrste kapitla, er målet å få ei betre forståing for kvifor me i dag har dei to sørnorske rasane dølahest og fjordhest. Det tredje kapittelet vil ta opp spørsmålet om den nordlege stadeigne rasen. Rasen har offisielt namnet nordlandshest/lyngshest ofte forkorta til N/L-hest. Bakteppet for nordnorsk hesteavl tek til rundt 1870 og soga om engasjementet for denne rasen tek til i 1916, då det vart skipa til utstillingar for rasen. Rasen fekk likevel ikkje si eiga stambok før i 1969 og debatten kjølna litt før år 2000. Om tid og tilhøve var annleis, vurderer eg det likevel som fruktbart å stilla dei same spørsmåla her som når det gjeld dei to sørnorske rasane.

Tidlegare forskingslitteratur

Det er mange som har skrive mykje om norsk hest framgjennom åra. Det har vore gjeve ut bøker som tek for seg alle rasane, slik som til dømes *Boka om hesten*³, som Per Gjestvang redigerte og som kom ut i 1961. Det har i tillegg kome ut praktbøker om ulike rasar, men gjerne flest om fjordhesten. Felles for dei fleste bøkene er at dei er skrivne av engasjerte og kunnskapsrike hestefolk. Fleire av bøkene har kapittel der dei tek for seg korleis hesten og hesteavlen har utvikla seg og tek for seg vendepunkt i historia. Den historiske gjennomgangen byggjer så langt eg kan sjå ofte på tidlegare utgjevne bøker, og då særleg to som eg vil nemna. Den eine er *Stambok over heste af Gudbrandsdalsk rase*⁴. I det fyrste bandet utgjeve i 1902, presenterar Sigvald Petersen eit historisk oversyn der han syner til kjelder og har eit noteapparat som delvis viser veg til det han byggjer framstillinga på. Den andre eg vil dra fram er Olav Karstad. Han skreiv boka *Fjordhesten*⁵ som kom ut i 1949. Boka har vorte ståande som eit standardverk for ettertida, og mykje av det som er skrive seinare, synest i stor grad å byggja på denne teksten. Når det gjeld den sist tilkomne av rasane, er det mindre å finna av eldre skriftleg litteratur. Elling Vatne har skrive ei bok med tittelen *Lynghesten(Nordlandshesten): Historie og kultur i nord*⁶, som han gav ut i 2006 på eige forlag. Her er det kjelder, men manglar noteapparat.

³ Gjestvang 1961

⁴ Petersen 1902

⁵ Karstad 1949

⁶ Vatne 2006

Det er fleire forfattarar som gjennom dei siste godt og vel hundre åra har skrive om utviklinga til dei ulike hesterasane. Det er likevel ingen som ser ut til å ha gått systematisk gjennom korleis dei vart konstruert og korleis det enda opp med desse tre rasane. Heller ikkje har eg sett at nokon har skrive om rasane som identitetsmarkørar. Det er der eg meiner å ha funne rom til denne masteroppgåva.

Kjelder og arbeidsmåtar

Einskildkjeldene vil verta presenterte etterkvart som analysen tek form. Eg vil difor innleiingsvis nøya meg med å skissera opp hovudgruppene av kjelder som vil verta nytta. I dei fyrste kapitla vil eg utelukkande byggja på skriftlege kjelder. Ei av dei viktigaste vil vera *Departemetstidende*, der mykje av det statlege engasjementet er omtala. Framlegg til budsjett, og stortingsforhandlingane om budsjetta vil òg gje innsikt, samstundes som det gjerne viser vidare til andre moglege kjelder. Etter at det vart tilsett statskonsulentar for husdyravl, vil meldingar og innspel derifrå til Indredepartementet òg hjelpa til å fylla ut biletet. Døme på det siste er dei årlege meldingane til den fyrste statskonsulenten med ansvaret for hesteavl, Johan Lindeqvist, og eit omfattande strateginotat frå ein av dei som kom etterpå, Jonas Smitt. Den sistnemnde er den einaste av desse kjeldene som ikkje er digitalt tilgjengeleg. Den er likevel å finna innbunden i magasinet i Universitetsbiblioteket i Bergen.

Det er likevel ikkje alle aktørane som kjem like godt til syne i offentlege dokument. Mellom anna gjeld det dei som arbeidde for å fremja fjordhesten på bae sider av år 1900. Her vil debattar i avisene vera til god hjelp for å få eit klarare bilete. Fjordenes Blad, som kom ut på Nordfjordeid, vil vera ei slik kjelde. Den er tilgjengeleg på mikrofilm i specialsamlingane til Universitetsbiblioteket i Bergen. I tillegg til det som her er nemnt, vil bøkene som det er referert til i avsnittet om forskingslitteratur, kunna vera nyttige som kjelder og referanselitteratur.

Der det ser magrast ut, er kjelder som kan seia noko om N/L-hesten. Det er likevel ein del spreidde artiklar frå heile perioden og bøker som seier noko om hesteavl generelt, i tillegg finst det munnlege kjelder. Fleire av dei som la ned eit stort arbeid for å berga rasen frå å forsvinna på 1960-talet er framleis godt taleføre. Når det gjeld debatten på 1990-talet, er det ein del avisartiklar å finna der argumentasjonen kjem fram. Det er nok òg den rasen der det i dag vert lagt ned størst arbeid i dag for å knyta den kulturelt til landsdelen der han kjem frå.

Arbeidsmåten vil i størst grad vera dokument- og tekstanalyse med kontinuerleg kontekstualisering. Det er stor variasjon i kjeldematerialet, frå budsjettinnstillingar til

Stortinget midt på 1800-talet til kvasse debattinnlegg frå 1990-talet. Alle tekstane er skrivne av aktørar i ein eller anna forstand. Det er alt frå amtsmenn og statsagronomar til hesteavlarar og avisjournalistar med klare standpunkt. Eg må difor ha eit vake auga til kven som kjem til orde, kva samanheng det er skrive i og kva som er siktemålet med teksten. I tillegg til det som eksplisitt står skrive, kan språket som er brukt fortelja om både haldningar og verdiar hjå dei ulike aktørane til ulike tider. Desse må sjåast i samanheng med haldningar og verdiar som kjem til syne elles i samfunnet i samtida. Den same kritiske tilnærminga må nyttast når det gjeld munnlege kjelder. Å sjå etter kven som let vera å engasjera seg eller held seg utanfor debatten kan òg hjelpe til å fylla ut biletet. I det heile vil eg lata empirien tala og sjå det eg finn i samanheng med samfunnsutviklinga og særleg med tanke på det som handlar om regional og etnisk identitetsutvikling.

Kapittel 2 – På leit etter den norske hesten

Hesten har vore viktig for liv og virke på mange samfunnsområde sidan han vart domestisert. Difor har òg mange meint noko om han og teke til orde for ei styrt utvikling for å få hestar som høvde betre til dei ulike arbeidsoppgåvene som skulle løysast. Eg vil difor kasta eit blikk på tida før den perioden eg skal analysere for å teikna eit bilete av korleis situasjonen har vore vurdert før staten sette i gang med dei fyrste offentlege tiltaka.

Bekymring for kvaliteten på norske hestar vart målbore av fleire. I 1728 skreiv statthaldar Ditlev Vibe i ei innberetning til kongen at det stod dårleg til med norsk hest. Mellom anna var den gamle rasen gått ut og interessa for avl var borte.⁷ Andre teiknar eit anna bilete. Olav Karstad peikar på at hesteavlen stod sterkt på Vestlandet og at hestedrifter austover var eit vanleg syn på 16- og 1700-talet.⁸ Det same gjer Johs. Loen som viser til Amtmannen i Rogaland, Hans Nobel. I 1723 skreiv Nobel at dei fylka som ligg ved sjøkanten hadde gode tilhøve for hesteavl og at dei forsynte heile Noreg med hestar. Òg lengre nord på Vestlandet ser det ut til å ha vore hestehandel over fjellet. Loen syner til Johan Storm som var prest i Vågå midt på 1700-talet. Storm skreiv om hestane på gardane der i dalen, og om det han kalla «vestlandshesten». Når han samanlikna med dei som vart avla i Vågå, skreiv han i fylgje Loen:

...at de uden tvil er de rette Aboriginies eller ældgamle norske Heste-Kuld, smaa men lette, nette og vakre, de siste⁹ derimot ere av dansk Kuld, store anselige og aktes for gode at slides op til Bondebrug, de sælges derfor heller paa Christiania Marked og inkjøbes igjen Brugsheste på Purkeskindsmarkedet af Nordfjordingen.¹⁰

I tillegg peikar andre kjelder mot at Gudbrandsdalen var vel forsynt med gode hestar og hesteavlarar. Mellom andre peikar Erik Pontoppidan på Gudbrandsdalen som eit område med gode hestar i byrjinga av 1700-talet.¹¹

Kva statthaldar Vibe i 1728 meiner med den gamle rasen som er gått ut, går ikkje klart fram. Det er ikkje urimeleg at det er den same som Storm på Vågå kallar Vestlandshesten. Dei heldt til i ulike distrikt, og det er godt råd å tenkja seg at hestepopulasjonen i Stavanger stift har vore meir blanda og mindre stadeigen enn til dømes den Storm referer til, som gjerne kom

⁷ Fridrichsen 1961 s. 229

⁸ Karstad 1961 s. 348

⁹ Her refererer han til dei lokalt avla hestane.

¹⁰ Loen 1961 s.389

¹¹ Fridrichsen 1961 s.229

frå Nordfjord og Stryn. Frå andre kjelder nokre år seinare, til dømes veterinærklassen til Norges Vel, er det eit rådande syn at utanlandske rasar er innblanda i hestestammene ulike stader, og då helst aust for vasskiljet.

Trass i at det som no har vore presentert berre er små og tilfeldige glytt inn i saksfeltet, er det tydeleg at både den lokale og sentrale eliten som her kjem til orde, har hatt eit medvite forhold til kva som er ein gamal norsk rase. For å svara på hovudproblemstillinga vil eg i dette kapittelet i fyrst og fremst ta for meg tidsperioden frå kring 1840 til kring 1870. I denne perioden er det med få unntak staten og staten sine representantar som kjem til orde i kjeldene. Det er to hovudspørsmål som er oppe til vurdering i denne tidsperioden. Det eine er korleis staten skal engasjera seg for å styrka hesteavl. Det andre er kva rase dei skal satsa på. Det eg vil sjå etter er kva vurderingar som kom til syne i samband me desse spørsmåla og kva som vart lagt vekt på. Det var to ulike aktørar i denne tidsperioden. Norges Vel var fyrst ute, seinare vart Johan Lindeqvist tilsett som statsagronom og tok over ansvaret. Difor vil eg sjå om det er skilnad på vurderingane til desse to hovudaktørane og i så fall analysera kva desse skilnadene kan skuldast.

Ein del av nasjonsbygginga?

Tiltaka som vart fremja for å styrkja og profesjonalisera hesteavl var ein del av arbeidet for utvikling av økonomi og næringsliv i landet.¹² Prosessen var styrt av ein embetslite som hadde det politiske hegemoniet heilt fram til i 1890-åra. Arbeidet for auka velstand og nasjonsbygging gjekk hand i hand. Landet skulle rustast for ei ny tid. Det skulle leggjast til rette for næringsdrift, infrastruktur skulle byggjast ut og styringsverket setjast i stand til å handtera ei framtid med vekst på alle område. For å lukkast som nasjon var det i tillegg ein føresetnad at innbyggjarane kjende eit fellesskap. Dette fellesskapet i leitte dei i stor grad etter i fortida. Det var om å gjera å samla prov på ei storfelt og ærerik fortid, som skulle danna basis for framtidstru og fellesskapskjensle.

Nasjonsbygginga kan sjåast som ein sum av ei rekkje større og mindre prosessar.¹³ Hypotesen er at det kan finnast att mykje av dei same trekka og motsetnadene i tiltaka for hesteavl som i andre «delprosessar» i oppbygginga av den nye nasjonen.

¹² Sørensen 2007 s.26

¹³ Sørensen 2007 s.17

Det Slagstad peikar på som den ideologiske revolusjonen på 1830-talet, var sameininga av det som kan kallast romantiske og utilitaristiske vurderingar.¹⁴ Andre omgrepsspar har òg vore nytta for å skildra dette som av enkelte vert kalla ein dikotomi. Utilitaristiske vurderingar, altså vurderingar der nytteperspektivet er sentralt, vert òg nemnd av same forfattar som rasjonalistiske eller instrumentelle. På den andre sida vert dei romantiske vurderingane gjerne nemnde som ekspressive.¹⁵ Desse to ulike perspektiva eller setta av vurderingskriterier, vart altså sameinte, slik Slagstad ser det, i den ideologiske revolusjonen. På den eine sida var representantane for eliten opptekne av framgang i velstand og økonomi for folk og stat. Dette gav seg utslag i ulike former for tilrettelegging for privat næringsliv, som oppheving av privilegium av ymse slag innafor både industri og handel. Spreiing av ny kunnskap om teknologi og produksjonsmåtar var ein annan del av det. Dette skjedde både gjennom skuleutbygging og rettleiingstenester. På den andre sida var det viktig at alle innbyggjarane samla seg om den nye staten. Det vart difor tilsvarande viktig å finna noko alle kunne samla seg bak. Ei forteljing som viste at nordmenn var eitt folk med eit felles opphav, kunne skapa ei kjensle av fellesskap.

1840-åra som det fyrste analysekapittelet i denne oppgåva handlar om, er intelligenskretsen si politiske glanstid.¹⁶ Då vart det leita langs fleire liner etter det dei oppfatta som det eigentlege, skjulte Noreg. Den gamle bondekulturen vart idealisert, mellom anna i målarkunsten. Den fyrste generasjonen historikarar i Noreg, som til dømes P. A. Munch, brukte historieskrivinga til å utforska den nasjonale historia. Siktemålet var å byggja opp under ei nasjonal identitetskjenle og visa at nasjonen hadde ei storfelt historie å vera stolte av. Det kan ved fyrste augnekast sjå ut som om båe desse perspektiva er å finna innanfor det saksfeltet eg skal undersøkje i denne oppgåva. Om det i røynda er ein dikotomi, står derimot att å sjå. Slik omgrepet er definert i Nynorskordboka, er det brukt når kategoriane strir mot kvarandre, eller som ein omgrepsmotsetnad. Om det i røynda er ein motsetnad eller om det heng meir uløyseleg i hop, vil gjerne stå klarare fram seinare i analysen. Det synest likevel fruktbart å ha dei to ulike synsmåtane i bakhovudet medan arbeidet skrid fram.

Om ikkje hesten var det mest sentrale for nasjonsbyggjarane, så kan det sjå ut som om spørsmålet om val av rase med tanke på tilhøyrslø og identitet, hyser mykje av spennvidda i tankegodset som var til stades innanfor andre område i nasjonsbygginga. I det fylgjande vil eg freista finna ut av korleis tankar og haldningar i samtida påverka kva som vart lagt vekt på i

¹⁴ Slagstad 2015 s.107

¹⁵ Slagstad 2015 s.110

¹⁶ Sørensen 2007 s.28

avl og utval og korleis det bidrog til sjølve konstruksjonen av det som seinare har vorte kalla fjordhesten og dølahesten.

Den fyrste opptakten

Det fyrste uttalte ynskje om å gjera ein innsats for å styrkja hesteavlen etter 1814, kom i 1829. Forslaget kom frå den då nytilsette lektoren i veterinærvitskap, Christian Peter Bianco Boeck. Hovudkjelda til både informasjonen om framlegget frå 1829 og førearbeidet til tiltaket er fire nummer av Departements-Tidende frå åra 1843–1845. I tillegg vil eg bruka ei avhandling, ført i pennen av landbruksdirektør Jonas Smitt i 1877. Den sistnemnde framstillinga er nyttig fordi ho gjev ei vurdering alt som er gjort på hesteavlsfronten fram til 1877.

Staten med sine representantar står fram som den fremste aktøren i forminga av dei norske hesterasane, særleg i dei fyrste åra. Frå staten si side har det ymsa litt kven som har hatt det formelle ansvaret. Hesteavlen har heile tida sortert under jordbruket. Dei fyrste åra var det Finansdepartementet som hadde ansvaret for denne næringa. I fleire spørsmål, mellom anna knytt til jordbruk søkte dei gjerne hjelp hjå Det Kongelige Selskab for Norges Vel, for faglege råd og vurderingar. Då Departementet for det Indre vart oppretta i 1858, tok dei over alt som hadde med jordbruk å gjera. Eit ansvar dei hadde fram til Landbruksdepartementet vart oppretta i 1900.

Opptakten frå Boeck fekk ei mogningstid på 14 år, og fyrst i 1842 vart det sett i gang eit arbeid for å finna kva som var ynskjeleg og tenleg, og korleis ting skulle gjerast. Det er i alt tre tekstar i DT som omhandlar tiltaket på Hjerkin. Den fyrste teksten, som er trykt i DT nr. 50 den 11. desember 1843, er ein omtale av den kongelege resolusjonen der det vart vedteke å oppretta eit «Stutterianlæg til Forbedring af den norske Hesterace». Den er i fylgje redaktørane Finansdepartementet sitt føredrag i saka «i det Væsentlige» attgjeve. Det står å lesa at den gong lektor, seinare professor i veterinærvitskap, Christian Peter Bianco Boeck, hadde vendt seg til departementet i 1829, tre år etter at han var tilsett. I føredraget står det at han:

...henledelede Departementets Opmerksomhed paa Vigtigheden af, at der fra det Offentliges Side foretoges Noget, sigtende til Ophjælpsningen og Forædlingen af den norske Hesteavl, der maatte erkjendes at være i høi Grad forsømt, medens Hesteavlen dog er af stor Interesse for

Landet, ikke blot paa Grund af Hestens oekonomiske og militære Brug, men ogsaa af Hensyn til den stærke Søgning, der i Udlandet, navnlig i Sverige spores efter norske Heste.¹⁷

Han såg altså fleire grunnar til at det offentlege burde engasjera seg i saka. Det eine var at det var eit forsømt arbeidsområde med stort potensiale for kvalitetsheving. Det vart slege fast at kvaliteten på hestestamma hadde mykje å seia både økonomisk og militært som trekkraft og transportmiddel. Det andre var at det var ei eksportvare å rekna med.

Denne hesteeksporten til Sverige hadde gått føre seg i lang tid, og heller enn ei inntektskjelde, hadde den vore sett på som eit problem av styresmaktene. Midt på 1700-talet var eksporten så stor at han vanskeleggjorde tilgangen på kvalitetshest for militæret. Misnøya var såpass stor at det i 1772 vart lagt ned forbod mot eksporten. Ei lang og uoversiktleg grense gjorde handhevinga vanskeleg og det gjekk difor berre 6 år før det vart oppheva.¹⁸

Boeck såg derimot på denne eksporten som ei mogeleg næringsveg som burde hjelpast fram. Han hadde tydelegvis ikkje sleppt tanken frå 1829. Det lektoren såg for seg som løysing for å hjelpa fram denne næringsgreina, var å byggja opp ein stall med gode stamhingstar av norsk rase. For å koma i gang med raseforbetringa, ville han ta til med eit stutteri, altså ein avlsstasjon, der det var kontroll både med hopper og hingstar. Etter å ha gått svanger med idéen i 14 år fekk Lektor Boeck lov å setja tiltaka han hadde tenkt seg, ut i live. Han fekk løyve av finansdepartementet til å byggja opp eit stutteri fyrst på Hjerkin, for å samla erfaring, seinare på dei andre fjellstovene på Dovre.¹⁹

Den norske hesterace

Etter Boeck si tilråding vart det i 1842 vedteke å gå i gang alt året etter, med ein eller fleire avlsstasjonar på dei statlege fjellstovene på Dovre.²⁰ Sjølve omfanget av hesteavlen i landet, vart Boeck nøgd med. Det var for så vidt nok hest, men det fanst for få fine og gode hestar til køyring og riding.²¹

For å få opp kvaliteten måtte det finnast gode avlsdyr å ta til med. I tillegg måtte naturtilhøva liggja godt til rette, med gode beite, ein topografi der dyra fekk utvikla gode rørsler og eit klima som ville gjera hestane hardføre. Dovre vart valt fordi dei naturlege føresetnadane vart vurdert som gode og at «de her værende fortrinlige Havnegange vilde

¹⁷ Departements-Tidende 1843 nr.50 s.790

¹⁸ Petersen 1902 s.51

¹⁹ Departements-Tidende 1843 nr.51 s.815

²⁰ Departements-Tidende 1843, nr.51 s.815

²¹ Petersen 1902 s.51

bidrage til at forædle Hesteracen ved at forøge dens organiske Kraft; det bjergige Terrain vilde uddanne dens Mod og Lethed, og det strenge klima dens Haardførhed»²²

Det var ikkje uavgrensa med pengar tilgjengeleg til å driva tiltaket. Boeck foreslo difor å baka hesteoppdrett inn i vilkåra for drifta av fjellstovene på Dovre. Han meinte at det ved å innskrenka litt på storfé og småfé, kunne vera råd å ha kring 100 hestar gåande. Dei ville då vera privat eigde, men under statleg kontroll.²³ Innstillinga frå finansdepartementet fylgde i stor grad tilrådingane frå Boeck og gjorde den fyrste avtalen med forpaktaren på fjellstova på Hjerkin i 1844. Norges vel støtta tiltaket med eit rentefritt lån til forpaktaren på 1000 spesidalar, med ei nedbetalingstid på 10 år. I forpaktaravtalen er det slege fast at det er staten som skal plukka ut stamhestar, både hopper og hingstar, som forpaktaren skal fora opp. ²⁴ Det var altså eit relativt ambisiøst prosjekt.

Det dei ikkje tok stilling til i 1842, var kva type hest det skulle satsast på. Det valde dei å overlata til andre å vurdera. Departementet vende seg til «Directionen i det kongelige Selskab for Norges Vel» for å få deira syn på saka. Heilt sidan skipinga i 1809 hadde selskapet hatt som uttalt mål «at virke, saameget som det formaaer, til Norges Vel i literær og økonomisk Henseende».²⁵ Norges Vel var ein organisasjon av eliten. Som eit døme på dei tette banda mellom byråkratiet og organisasjonen kan det nemnast at både Peter Anker og svigersonen grev Wedel, som mellom andre Anton Martin Schweigaard og Frederik Stang flokka seg rundt i studietida,²⁶ var med på å skriva under skipingsprotokollen. I tillegg var T.H. Aschehoug dagleg leiar og Frederik Stang preses i kvar sin periode.²⁷

For å gjera arbeidet meir målretta var selskapet inndelt i ulike utval som dei då kalla «klasser». Etter ei omorganisering i 1829, for å avgrensa virkefeltet, enda dei opp med fire klassar med kvar sine ansvarsområde. Dei fire var teknologiklassen, fiskeriklassen, jordbruksklassen og den nystarta veterinærklassen.²⁸ Det var kompetansen til denne siste klassen Norges Vel nytta då dei fekk førespurnaden frå finansdepartementet. Rådet derifrå var «at en saadan Plan burde forsøges udført, og det ved Heste af oprindelig norsk Race»²⁹ Det synest her uklart kva dei legg i omgrepet «rase». Det dei skil mellom er «oprindelig norsk Race» og utanlandske rasar. Kva dei meiner med nemninga «oprindelig norsk Race», går

²² Departements-Tidende 1843 nr.50 s.790

²³ Departements-Tidende 1843 nr.50 s.792

²⁴ Departements-Tidende. 1843 nr. 51 1843 s.809

²⁵ Birkeland 1861 s.7

²⁶ Slagstad 2015 s.11

²⁷ Knaus 1996 s.73-74

²⁸ Knaus 1996 s.18

²⁹ Departements-Tidende 1843 nr.50 s.793

ikkje klart fram. Ei mogeleg forklaring er at dei meiner norsk hest i det store og heile. Ei anna, kan vera at det er konsensus om at det som etter kvart vart kalla «fjordracen» var den opprinnelege norske, slik me såg Johan Storm frå Vågå skreiv tidlegare.³⁰ Veterinærklassen argumenterte for synet sitt ved å peika på:

...at den oprindelige norske Race, især i visse af dens Afændringer, ei alene udfylder de almindelige Fordringer, men at den fra flere Sider er aldeles uunværlig. Landets klima og Naturbeskaffenhed, saa vel som den Behandling, som i Aarhundreder har indvirket paa Racens Udvikling, har nødvendigviis til same Tid uddannet den til, hvad den nu er, og sat den i Stand til ad udholde Indvirkninger, ved hvilke andre Racer maatte gaae under.³¹

Trass i at dei rosar den norske hesten for at han er helsesterk og godt tilpassa klima og terreng, vedgår dei at han har forbedringspotensiale. I staden for å blanda inn utanlandske hestar, meiner dei at målet om ein betre hest kan nåast ved «en med Omhu og Opsigt dreven Avl... ...der forfølges i en længre Aarrække»³² Aktørane i byrjinga av 1800-talet nyttar omgrepet «rase», det er likevel ikkje sikkert at omgrepet vart forstått på same måte som me oppfattar det i dag. Det kan difor vera på sin plass med ei lita drøfting av sjølve omgrepet, for å klargjera både deira og min eigen bruk av omgrepet.

Raseomgrepet

Det raseomgrepet me brukar i dag synest ikkje å vera like innarbeidd på midten av 1800-talet. Det vert nytta omgrep som «den norske hesterace i almindelighed», «Dølaracen», «Fjordracen», «en afart af den norske hest» og så vidare. Dette er gjerne ikkje så unaturleg av fleire grunnar. Trass i at dei som arbeidde med dyr og avl gjennom generasjonar hadde plukka ut det dei oppfatta som dei beste dyra, og brukt dei vidare i avlen, gjekk det enno nokre år før naturvitskapen fekk avgjerande gjennombrøt på området. Ein annan grunn til at det gjerne ikkje var så lett å klassifisera dei ulike hestane, er rett og slett at dette var før den systematiske avlen var komen i gang.

Husdyrrasar i dag ver gjerne forstått som populasjonar det vert drive systematisk avl på. Ofte finst det eit raselag som passar på at dei rette avlsdyra vert brukte og at populasjonen vert halden rein for framand innblanding, dersom det er målet. Ei anna løysing er å organisera det gjennom ein eller annan form for husdyrkontroll, gjerne administrert av

³⁰ Karstad 1961 s.348

³¹ Departements-Tidende 1843 nr.50 s.793

³² Departements-Tidende 1843 nr.50 s.794

landbruksorganisasjonar eller landbrukssamvirke. Fellestrekk er at det ligg føre avlsplanar som seier noko om både bruksegenskapar og eksteriør. Husdyrutstillingar er på mange måtar kontrollinstansen anten det gjeld hest eller andre husdyr. Der møtes aktørane og det vert arbeidd for at det skal vera transparens i vurderingane. Her vert òg dyra vurderte og særleg hanndyra godkjende for bruk i avlen. Slik sett er det ein gjensidig kontroll med at avlen tek den retninga dei fleste ynskjer.

Dei som avla på hestar den gong var gjerne òg til ein viss grad medvitne om kva dei ville ha og kva dei trong. Nokon felles overbygning fanst likevel ikkje, og tilfeligheitene rådde i langt større grad. Difor er det grunn til å tru at variasjonen i den norske hestepopulasjonen var langt større enn i dag. Det at ein kan seia noko om kva rase eit individ høyrer til, fordrar at ein har klart for seg kva særdrag ein skal sjå etter. Før det kom i stand systematisk avl på klart definerte rasar, var den geografiske variasjonen større. Det kan ha gjort sitt til at til dømes «fjordracen» vart vurdert ulikt frå distrikt til distrikt.

Den hesten som Johan Storm på Vågå kalla «Vestlandsheste» kom til marknaden øvst i Gudbrandsdalen, fyrst og fremst frå Nordfjord. Hans oppfatning i siste halvdel av 1700-talet vart klar og tydeleg. Han meinte at dei hestane som kom vestfrå til hans distrikt utan tvil var den norske urhesten. Kor vidt dette var ei ålmenn oppfatning i tida er det vanskeleg å seia noko om. Han peika samstundes på at dei som vart avla øvst i Gudbrandsdalen vart vurdert som så gode at dei ikkje burde slitast ut på gardsarbeid, men heller seljast.³³ Det synest likevel klart at landet sett under eitt så var variasjonane store, og overgangane glidande. Dei meir regionale og lokale særtrekka kjem særleg til syne der hestar frå fleire distrikt samlast. Vognmennene i Christiania, eit område som etterkvart vart ein viktig marknad for fleire distrikt, snakka til dømes om «Hadelandsgamp» og «Valdresgamp»³⁴ utan at hestar frå desse distrikta så langt eg har funne har vore nemnde som eigne rasar.

Mellom alle desse variantane, måtte representantane for staten velja ut det som skulle forbeholdast ved avl. Det vart tidleg peika på at det til dømes i Gudbrandsdalen fanst ein del god hest som var lette å kjenna att og hadde trekk som gjorde dei lette å skilja frå andre. Likeeins var det i ulike distrikt på Vestlandet hestar som hadde store fellestrekk og vart oppfatta som ein relativt homogen populasjon. Det eg forstår av dei omgrepa som er brukt i tekstane er at «den norske hesterace» må oppfattast som all norsk hest som vert rekna for å ha norsk opphav. «Dølaracen» og «Fjordracen» er sjølvforklarande, medan «Afart av den norske

³³ Loen 1961 s.389

³⁴Fridrichsen 1961 s.240

Hesterace» må oppfattast om variantar med relativt klare innbyrdes fellestrekk. Dei som i dag er kalla dølahest og fjordhest. Dei har fram gjennom åra hatt ulike namn, både offisielt og uoffisielt. Fjordhesten gjekk i ein del år under namnet Vestlandshest, medan dølahesten har hatt nemninga gudbrandsdalshest eller hest av gudbrandsdalsk rase. For ikkje å gjera forvirringa større enn naudsynt vil eg gjennom heile analysen bruka dei namna som rasane har i dag, altså dølahest og fjordhest.

Norges Vel og fjordhesten

I 1844, kom veterinærklassen til Norges Vel med ei grunngeven tilråding om kva hestar det burde satsast på til avlsstasjonen på Dovre, og kvifor. I tilrådinga heldt dei fast på at det bør satsast på «en saadan Afart af den norske Hesterase, som man kunde ansee for at være i høieste Grad og af meget lang Tid tilbage aldeles ublandet.» Med det utgangspunktet ville dei «søge at udvikle den til størst mulige Fuldkomhed»³⁵

Det er heilt klart vesentleg for den eller dei som førte tilrådinga frå Norges Vel i pennen, at hesten det skulle satsast på måtte vera så «Norsk» som mogeleg. Som det går fram ovanfor, vart det i stor grad argumentert husdyrfagleg for dette synet. Hesten var gjennom lang tid tilpassa norsk klima, topografi og bruksområde. I argumentasjonen til Norges Vel kan det likevel synast som om andre vurderingar òg har vore vektlagde. I same innstilling står det til dømes å lesa:

Veterinærklassen ytrede saaledes, at det vistnok ikke kan være let at andgive, hvorfra man med Sikkerhed kan erholde de reneste norske Heste. Det er mulig, at man ingensteds i Landet nu kan paavise en virkelig norsk Fuldblodsrace eller en saadan Race, der gennem et stort Antal Generasjoner uden fremmed Indblanding har antaget den nu Havende Form og Charakter, uddannet ved en stadig Indvirkning af naturlige Forholde og en vedholdende ensformig Behandling. Det var dog ogsaa mulig, at man i nogle Egne opfostrer Heste, der kunne betragtes som nedstammede ublandede, eller kun med meget lignende Individder blandede, fra dem der indbragtes af de første Indvaanere, der i følge mange Andtydninger i de ældste Sagn og Sagaer kjendte og brugte Hesten som et Huusdyr. For om mulig at finde Heste av den Charakter, man maatte ønske for Stamheste i Stutteriet, maatte man tage Hensyn til Individder som ved deres Legemsform og andre Egenskaber henviser til noget Eiendommeligt,

³⁵ Departements-Tidende 1845 nr.34 s.552

der tillægges den norske Hest, og hvorved den kan skjernes fra Individier af andre bekjendte Racer eller Varieteter, som man maa erkjende for fremmede i Landet.³⁶

På bakgrunn av mellom anna dette sitatet, meiner eg å kunna argumentera for at det ikkje berre er brukseigenskapar og dyrehelseomsyn som ligg til grunn for vurderingane, sjølv om òg dei er eksplisitt framførte. Det går fram at det er eit siktemål å finna hestar som i så stor grad som mogeleg stammar frå dei som «de første Indvaanere» hadde med seg, og det vert vist til «andtydninger i de ældste Sagn og Sager». Eit anna siktemål er å så langt som mogeleg unngå det dei måtte rekna som framandt i landet. Dei brukar referansar til det som truleg er innsamla folkeminne, og resultat frå den nye akademiske historiegranskinga.

Det synest vera eit poeng for Norges Vel sine representantar å kunna dra linene så langt bakover i tid som råd er. Dei leita difor fyrst og fremst i område der dei rekna med at det hadde vore lite kontakt med omverda og overskot på hest. Dei gjekk ut frå at «De første Indvaanere» hadde hatt hestar og fylgjeleg at dyr som stamma frå desse fyrste, helst utan seinare innblanding var dei det var tryggast å satsa på.

Det var på denne tida fleire teoriar om kven desse fyrste innvandrarane var, og kvar dei kom frå. Den eine var den som har vorte kalla «Innvandringsteorien». Teorien gjekk ut på at eit arisk folkeslag frå Asia delte seg i ei høgareståande og ei lågareståande grein og vandra vestover. Den høgareståande delte seg så i fleire stammer der ei av dei vandra inn i Noreg 3-400 år før vår tidsrekning. Der sette dei seg etterkvart til permanent og folkesette resten av landet i fred og skilt frå andre stammer og folkeslag av skogar og fjellkjeder. Teorien tok form i 1830-åra, og vart framsett i full breidd i Rudolf Kayser si avhandling «Nordmændenes Herkomst og Folkeslektskab» i 1839.³⁷ Denne teorien var omstridd òg i samtida og var tilbakevist av historikarmiljøet alt på 1840-talet. Den rådande oppfatninga var difor at det var eit nært slektskap mellom dei skandinaviske landa og at innvandringa kom frå sør. Denne typen teoridanning og diskusjonar i fagmiljøa, viser at opphavet til nordmenn var noko som opptok eliten i samtida.

I DT vert det synt til at desse fyrste innvandrarane i fylgje det dei kjende til frå segn og soger, heldt hest som husdyr. Det er då rimeleg at det var den hesten «de første indvaanere» hadde med seg til landet då dei vandra inn, veterinærklassen var oppsett på å finna og foredla.

³⁶ Departements-Tidende 1845 nr. 34 s.553

³⁷ Sørensen 2001 s.176-177

På leit i overskotsområde

Veterinærklassen meinte at ein burde leita etter avlshestar i område der det var overskot på hest, og det vart drive oppal for sal, fordi det der var lågast risiko for at det hadde vore kjøpt inn dyr. Veterinærklassa var ikkje dei fyrste som tenkte gjennom kvar den mest ublanda hesten var å finna. Alt hundre år tidlegare hadde Johan Storm frå Vågå vurdert dei hestane han såg frå Vestlandet til å vera den norske urhesten eller «de rette aborigies»³⁸

Argumentasjonen er enkel. Skal ein ha noko ublanda, må ein så nær kjelda som mogeleg. I tillegg fann dei det tryggast å leita i område der: «man ikke kan tillægge Indvaanerne nogen Hang til Nyhedssyge eller nogen særdeles industriel Speculationsaand»³⁹ Med mellom anna desse kriteria på blokka, vart Surnadal og fjordane lengre sør vurdert som høvelege jaktmarker for dei som skulle kjøpa inn stamhestar til det statlege stuttoriet. Det var i område der dei kunne rekna med at det hadde vore avgrensa handel og kulturutveksling, at det måtte leitast etter det opphøvelege. I tillegg måtte det ha vore eit overskot på hest.

I drøftinga si vurderte dei òg andre område, mellom anna Gudbrandsdalen og området aust for Mjøsa. Igjen synest frykta for at her kunne vera blanda inn noko unorsk å gjera seg gjeldande. Hestar frå Gudbrandsdalen vart i stor grad rosa og det vart peika på at det særleg på dei større gardane var mykje stor og god hest. I tillegg vart det nemnt at både hestar som var innkjøpte, men oppfora og trenar i Gudbrandsdalen, til liks med hestar som var avla der, vart marknadsførte og selde som hestar frå Gudbrandsdalen. Dette kan tolkast som at hestar frå dette distriktet har vore rekna for gode bruksdyr i marknaden. Når finansdepartementet likevel ikkje valde hestar frå dette distriktet var det fordi veterinærklassen til Norges Vel vurderte det slik at i dette området: «vil man derfor træffe Heste af meget forskjelligt Udseende og overbevise sig om, at man her aldeles ikkje kan vente med Sikkerhed at erholde Heste af nogen reen, oprindelig norsk Race»⁴⁰

Eit anna område som vart vurdert, var området aust for Mjøsa. Her fann heller ikkje veterinærklassen at det var trygt å leita. Ein av grunnane var at ein tidlegare eigar av Storhamar, skulle ha kjøpt hest frå Danmark. Eit anna argument var at det skulle ha vore ei besarabisk hoppe i området for ei tid attende. Smålenene, lengre sør, kunne heller ikkje brukast som leiteområde då det her hadde vore innført hestar av både dansk og spansk rase. Valet fall difor, i tråd med tilrådinga frå Veterinærklassen, på «de vestenfjeldske Egne fra Stavanger til Romsdalsfjorden» Her kunne ein finna livlege, uthaldande og lettfora hestar som

³⁸ Loen 1961 s.390

³⁹ Departements-Tidende 1845 nr. 34 s.554

⁴⁰ Departements-Tidende 1845 nr.34 s.555

i tillegg bar «den norske Hests eiendommelige Form aldeles karakteristisk uttalt»⁴¹ Denne siste utsegna viser at dei sat med ei oppfatning av kva hest som var typisk og opphaveleg norsk.

«Eiendommelig» med stor variasjon

I argumentasjonen for å velja fjordhesten, som den rasen staten ville satsa på, går rasjonalistisk-instrumentelle og romantisk-ekspressive argument hand i hand. Rasjonelle husdyrfaglege argument om å forbetra dei dyra som er mest veltilpassa norske tilhøve, går saumlaust i hop med ynskje om å leita fram sjølvaste urhesten frå den norske oldtida.

Det er ikkje vanskeleg å skjønna at veterinærklassa fall ned på dette distriktet som leiteområde med tanke på det siste sitatet. Fjordhesten er karakteristisk i den forstand at han har fleire særkjenne som skil han frå andre hesterasar her til lands. Dette gjeld dels kroppsbyggnad, sjølv om den har variert og kan variera. Likevel er det fyrst og fremst når det gjeld fargar og avteikn.

At fargane varierte meir tidlegare enn det dei gjer i dag, er òg noko Olav Karstad har påpeika. Ei oversyn over hestar frå skifteprotokollar frå indre Sunnfjord og Sunnmøre, syner eit heilt anna bilete enn det me ser i stallane i dag. I det området som av fleire med hundre års mellomrom vart rekna for sjølve kjelda til den norske urhesten, fanst det hestar som var brune, raude, svarte, grå, gule, kvite og blakke.⁴² Grå er ein godkjend farge i dag, og dei tre sistnemnde er alle truleg ulike blakke variantar. Er ein hest derimot svart, brun eller raud i dag, er han per definisjon ingen fjordhest. Trass i at desse kjeldene peikar på ein større fargevariasjon enn det som er godkjende fargar i dag, var det likevel dei blakke variantane som dominerte den gong òg. I tillegg har dei fleste av desse att, det som vert kalla primitive avteikn.

Innanfor dette området frå Stavanger til Romsdalsfjorden fanst det òg variasjonar. Korleis desse variasjonane arta seg går ikkje klart fram. Det me veit om dette området frå andre kjelder, er at det i den sørlege delen av dette distriktet har vore omfattande kontakt over fjellet mot både Hallingdal og Telemark. Det gjeld særleg Sogn og Hardanger. Frå desse områda var kontakten over fjellet stor. Det gjekk store fylgje med kløvhestar langs fjellvegane mellom aust og vest, i fylgje med drifter av slaktedyr og unghestar for sal. Rike fjellbeite gav

⁴¹ Departements-Tidende 1845 nr.34 s.557

⁴² Karstad 1961 s.347

overskot på både husdyrprodukt og husdyr. Dei førte med seg mellom anna talg, slaktedyr og bruksdyr for sal. For Hardingane var til dømes Kongsberg og distrikta langs veggen dit, ein viktig marknad.⁴³ Slik trafikk, kunne nok i Norges Vel sine auge, karakteriserast som «nyhedssyke» og «industriell speculationsaand». Resultatet av så tett kontakt, kan lett ha vorte større variasjon i hestepopulasjonen, dersom det vart rekna som tenleg for å tilpassa seg marknaden.

Det veterinærklassen difor til slutt konkluderte med, var at i «Nordfjord, Søndfjord og nærliggende Egne, træffer man ofte Individier af en mere fiin Bygning, uden at de derfor i nogen Maade bære Spor af fremmed Indblanding. Fra denne Kant bør man følgelig helst søge Stamheste for Dovre-Stutteriet»⁴⁴. Det er her tydeleg at estetiske omsyn spela ei rolle. Det dei leita etter var avlsmateriale som kunne foreldast, og det gjev difor meining at dei søkte eit best mogeleg utgangspunkt. Med «fiin» i denne samanhengen, er det rimeleg å tenkja seg at dei meiner harmonisk bygnad med gode proporsjonar.

Færre fargar

På bakgrunn av dette kan det sjå ut som om dei leitte etter ein edlast mogeleg norsk urhest. Finansdepartementet fann konklusjonane frå Veterinærklassen å vera vel funderte og konkluderte difor med at: «stutteriets Stamheste burde vælges blandt de saa kaldte Fjordheste». Det var likevel fleire val som måtte treffast. Det eine handla om farge. I tilrådinga vart det vist til at det ville vera lettast å avsløra spor av framand innblanding dersom alle hestane i avlssstasjonen var mest mogeleg like i bygnad og farge. Dei fargane dei meinte var størst grunn til å ta omsyn til var «den borkede, den brune og den blakke» Etter skildringane i DT er det grunn til å tru at det dei kalla borka er dei me i dag kallar brunblakk og ulsblakk. Den dei kalla blakk, er det som no er kalla gulblakk og raudblakk. Når valet fall på å kjøpa inn «borkede» hestar til avlssstasjonen på Hjerkin, er det to hovudgrunnar å lesa ut frå DT. Den eine er at det var den vart rekna som den mest karakteristiske. Dei peika likevel på at mørkare individ etter det dei den gong meinte å vita, jamt over hadde sterkare helse. Ut frå dyrehelseomsyn argumenterer dei altså i teksten for at ein burde halda seg til den brune varianten. Når den likevel ikkje vart valt var det med grunngevinga at man «finder ogsaa blandt de brune Fjordheste Individier, der bringe det

⁴³ Myking 2015 s.241-250

⁴⁴ Departements-Tidende 1845 nr.35 s.558

østerlandske Blod i Erindring».⁴⁵ Dette resulterte i at det berre var det som av veterinærklassen var kalla borka hestar som vart vurderte. Det viste seg likevel å vera vanskeleg å finna avlsmateriale som møtte kriteria. Då professor Boeck, overløytnant Sørensen og politiadjutant Dass reiste for å handla hest, fann dei ingen dei kunne bruka. Seinare studerte Dass i lag med ein veterinær mellom 200 og 300 hestar ved marknaden i Romsdalen, og fann ein hingst dei meinte å kunna bruka. I tillegg fann politiadjutanten to hopper som vart tekne med til Dovre. Det var fleire grunnar til at det var vanskeleg å finna høvelege hestar, men i tillegg til reint dyrehelsemessige grunnngjevingar var det mistankar om at det kunne finnast dropar av dette østerlandske blodet som diskvalifiserte mange, òg av dei blakke. Det kan difor synast som om den brune vart diskvalifisert berre på grunn av at fargen lettare kunne skjula spor av det som vart oppfatta som framand innblanding. Desse vart difor sett vekk frå, for at dei skulle vera på den sikre sida.

Det kan sjå ut som om frykta for innblanding av «østerlandsk blod» vart avgjerande for kva hestar Norges Vel til slutt valde å satsa på. Dei må ha vore klar over at andre hestar i område dei undersøkte òg var vel tilpassa norsk klima og topografi, at dei dels var større og like helsesterke. Tydlegast kjem dette fram i argumentasjonen for kva fargar som skulle satsast på. Her slår dei fyrst fast at dei brune individa har sterkast helse, for så å slå frå seg å bruka dei i frykt for at dei skal vera genetisk ureina.

Førestillinga klarna

Dei fargane som Norges vel peika ut som dei sikraste å velja for å vera trygge på ein kom nærast mogeleg urhesten, er i prinsippet dei fargane som er godkjende på fjordhesten òg i dag. Det kan difor argumenterast for at arbeidet som vart lagt ned for å finna hestar til den fyrste statlege avlssatsinga sette uslettelege spor etter seg. Dette trass i at sjølve stuttrieventyret på Dovre vart ein heller kortvarig affære. Som nemnt ovanfor peikar Olav Karstad på ein relativt stor fargevariasjon i det som av Norges Vel vart definert som sjølve kjerneområdet for den norske urhesten. Slik kan ein seia at Norges Vel sine representantar konstruerte fjordhesten som ein blakk hest på grunn av frykt for framand innblanding, trass i at dei argumenterte for at brune fargevariantar var vèl så helsesterke. For all ettertid vart fjordhesten ein blakk hest, trass i at den tidlegare kunne vera både brun og raud. Det var likevel ikkje berre fargen som vart fastsett. Leiteområde dei bestemte seg for, definerer det som for ettertida har vore sett på

⁴⁵ Departements-Tidende 1845 nr.35 s.559

som heimlandet til fjordhesten, området frå Stavanger til Sunnmøre, med kjerneområde mellom Sunnfjord og Sunnmøre. Arbeidet som var lagt ned hadde forma førestillingane om kva ein fjordhest var, korleis han såg ut, og kvar han høyrde heime.

Misnøgd opposisjon

Parallelt med tiltaket på Dovre, vart det òg arbeidd langs andre liner for å få fram ein betre hest. Mellom anna var det fleire av landhushaldningsselskap, lokallaga til Norges Vel, som ikkje hadde tolmod til å venta på framgangen på Dovre. I ei innstilling frå Indredepartementet, til Stortinget i 1851, vart det ytra ynskje om å nytta rentene av Bygdemagasinfondet, altså det statlege fondet som hadde vore finansiering og sikring for dei lokale kornmagasina, til å styrkja hesteavlen. Argumentasjonen var at dei vurderte grunnkapitalen som stor nok til at dei kunne ta av rentene. I tillegg bad dei om at andre pengar vert gjort ledige for bruk til same styrkinga. Mellom anna såg dei for seg at rentene frå hestehjelpskassane skal kunna brukast til eit slikt ålmennyttig føremål. Bakgrunnen for innstillinga var ein «Betænkning fra de Agronomer, nemlig Cand. theol, og Landbrugsbestyrer Budde og Proprietæerne Cand. philosophiæ Boyesen, Carl Krog og Christensen...» Desse tre hadde hjelpt til med førearbeidet til det som inntil vidare vart kalla eit Central-Agerdyknings-Seminarium⁴⁶, som seinare vart kjent som landbrukshøgskulen på Ås. Samstundes vart dei altså bedne om å vurdere aktuelle tiltak for hesteavlen.

Departementet gjorde i innstillinga greie for kvifor pengane trongst, og korleis dei var tenkt brukt. Fyrst og fremst var det for å finansiera eit nytt tiltak. Dei ville gjerne stasjonera ut hingstar ved dei landbruksskulane som til då var etablerte. Argumentet for dette var mellom anna at dei var plasserte i gode jordbruksdistrikt der trongen for betre hestar var stor. Det som vart lagt mest vekt på var likevel at jordbruksskulane var berarar av både kunnskap og interesse. I dei områda der det ikkje fanst landbruksskular, såg dei for seg å stasjonera ut hingstar etter skjøn på gardar der det høvde seg. Ei slik satsing var i for seg ein naturleg konsekvens av avlsstasjonen på Hjerkin. Tanken var at avkom derifrå skulle plasserast utover i landet.

Ein del av plassen i innstillinga vart difor brukt til å framsnakka stutriet på Dovre. Det hadde då vore i drift i kring seks år. Dei la ut både om intensjonen, gjennomføringa og

⁴⁶ Stortingsforhandlinger 1851 Vol.13 Nr.7 s.6

peika på at trass i at det framleis var tidleg, så hadde det vore framgang. Tilsynsmannen, lensmannen på Lesja, vart nytta som referanse. Mellom anna står det å lesa:

Da Planen med disse Anlæg, som anført, gaaer ud paa, ved en fortsat Avl inden Racen at søge denne udviklet, kan der først efter flere Generationer eller efter en længere Tid dannes nogen bestemt Erfaring om dens Virkning; der kan følgelig ikke endnu afgives nogen Dom i denne Henseende; imidlertid gaae de af Opsynsmanden afgivne Beretninger ud paa, at Avlen i Almindelighed har svaret til de Forventninger, man kunde gjøre sig, og at ialfald den veesentligste Anke, man har fremsat imod den valgte Race, nemlig at Afkommen skulde blive for liden, har viist sig ugrundet. Opsynsmanden antager derfor at man fra Anlægget paa Hjerkin om føie Tid vil kunne frembyde ikke alene gode men ualmindelig smukke Heste.⁴⁷

Trass i at departementet gjorde det dei kunne for å promotera både pågåande og nye tiltak for avlen så sa Næringskomiteen, nei. Det same gjorde til slutt Stortinget. Det kan nemnast at dei i same budsjetthandsaminga sa nei med 56 mot 42 røyster, til å løyva pengar til «et Sentral-Agerdyrkingsseminarium» på Ås.⁴⁸

I grunngevinga frå Næringskomitéen går det fram at dei for så vidt var samde i at det fanst forbedringspotensiale, men sette si lit til at marknaden og dei alt etablerte landbruksskulane ville ordna opp utan ytterlegare tilskott. Dei slo fast at interessa både for landbruk generelt, og fylgjeleg òg husdyravl var aukande, og at det nok ville dukka opp gode hingstar. Når det gjaldt landbruksskulane var argumentet at det alt låg i deira natur å arbeida for betre driftsmåtar og husdyravl. Dei meinte òg å vita at utstasjonering av hingstar hadde vore prøvd tidlegare utan at det hadde gjeve resultat som stod i høve til innsatsen. I innstillinga frå komitéen står det mellom anna:

...flere Landhuusholdningsselskaber have tidligere søgt at virke i denne Retning; men Resultaterne af denne deres Virken have sjelden svaret til Forventningerne. Dette skal ogsaa være Tilfældet med Stutteriet paa Jerkind. Paalidelige Vitnesbyrd og efter det Bekjendtskab, Enkelte af Committeens Medlemmer have til dette skal samme være aldeles forfeilet, idet de derværende Heste neppe kunne kaldes almindelig gode, end sige fremstilles som Mønster paa en god norsk Hesterace.⁴⁹

Etter fem–seks års drift kan det her virka som om misnøya med tiltaket på Dovre hadde teke til å breia seg. I tillegg til misnøya rundt driftsforma og styringa, går det fram av innstillinga frå departementet, at det òg vart stilt spørsmål ved kva hest det burde satsast på.

⁴⁷ Stortingsforhandlinger 1851 Vol.13 nr.3 s.7

⁴⁸ Slagstad 2015 s.76

⁴⁹ Stortingsforhandlinger 1851 Vol.13 nr.7 s.42

Konklusjonen frå komitéen var klar. Den syner tydeleg at dei slett ikkje ynskte å spretta fleire sparegrisar til fordel for statlege avlstiltak. Dette kan vera eit døme på at embetsmennene sin moderniseringsiver møtte motbør i eit Storting som stadig fekk ein større del bønder. I 1850 var kring ein tredjedel av stortingsrepresentantane bønder, eit tal som steig til 80 prosent i 1870.⁵⁰ I 1851 hadde bondeføraren Søren Jaabæk sete i 6 år. I all si politiske ferd, tok han til orde for ein varsam offentleg pengebruk. Det at dei nye hesteavlstiltaka ikkje var dei einaste offentlege satsingane i jordbruksnæringa som vart avvist kan tyda på at det i tillegg til mistru til tiltaket i seg sjølv, òg var ei fylgje av ei generell mistru til regjeringa og ein gryande maktkamp mellom regjeringa og ein veksande bondeopposisjon.⁵¹

Nye aktørar kjem til

Fire år seinare, i 1855, gjekk Stortinget med på å tilsetja tre statsagronomar, med eit stort ansvars- og arbeidsområde. Dei skulle arbeida for å forbetra alle typar husdyrhald, frå høns og småfe til mjølkekyr og hestar. Den av desse nye statsagronomane som sette djupast spor etter seg i hesteavlen, var svensken Johan Lindeqvist. Hans skriftlege rapportar og skriv er difor ei av dei viktigaste kjeldene for perioden 1855–1871. Ei av oppgåvene han raskt fekk, var å arbeida fram tiltak som skulle forbetra norsk hesteavl. I praksis same mandat som vart gjeve til lektor Boeck i 1843.

Lindeqvist rår til å leggja ned på Hjerkin

Avlsstasjonen på Hjerkin vart driven av paktaren på skysstasjonen fram til 1856, då den vart lagt ned. Det kan argumenterast for at mange ulike grunnar virka saman og gjorde sitt til at tiltaket ikkje lukkast. Trass i at det vart ført tilsyn med tiltaket var det heller tilbakegang enn framgang å spora i avlen. Det kan difor sjå ut som om medlemene i næringskomitéen i 1851 sat på påliteleg informasjon. Det var den nytilsette statsagronomen Johan Lindqvist som stod for den avgjerande inspeksjonen i 1855. Departements Tidende omtalar saka slik:

Stutteridyrene paa Hjerkin i Alt 12 Individier af forskjellige Aldre slet fodrede, mindre vel passede og for haardt kørte, samt det hele Stutterianlæg overhoved i en mislig Forfatning Det er, efter hvad Lindqvist ytrer, saa langt fra at Stutteriet har nærmet sig sit Maal, som skulde være af den saa kaldte Fjordhest at danne en constant Race, der med Fjordhestens andre Fortrin skulde være større og af en fuldkomnere Form og constantere Farve end denne,

⁵⁰ Nielsen 2011 s.216

⁵¹ Nielsen 2011 s.217

ligesom i det Hele at gjøre Stutteriet til et Mønsteranlæg for Hesteeiere, at tvertimod de paa Stedet selv opfødte Dyr staae tilbage for de kjøbte Stamdyr, og at Stutteriet ikke engang kan completeres med stutteridytige Dyr af egen Avl. Lindeqvist legger for en Deel Stutteriholderen, Forpagteren paa Hjerrkin Simen Jonsen, de stedfindende Mangler til Last, idet denne efter hans Mening, foruden at savne den her uomgjængelig fornødne Sagkundskab, tillige har vist Sagen altfor liden Interesse og, som oven anført, ikke behandlet Stutteridyrene med den Omhu, som Hensigten kræver, men ved Siden deraf paapeger han, at de locale Forholde ere ugunstige for Anlæggets Fremme.⁵²

Paktaren var pålagt oppgåva som ansvarleg for stutteriet, som ein del av drifta ved den statlege fjellstova. Det synte seg at paktaren korkje hadde tilstrekkeleg interesse eller kunnskap til å fylla denne rolla. Lindeqvist rapporterte at fôringa var tilfeldig og mangelfull og at reinhaldet av både dyr og stallar var dårleg. Han peika òg på at dei var for magre og dels bar preg av for hard bruk.⁵³ Ein av grunnane til den manglande interessa var at han dreiv på eigen rekning som del av avtalen med staten om drifta av fjellstova. Målet var at sjølve drifta av stutteriet skulle gje paktaren inntekter. Sjølv var paktaren usamd i valet av fjordhesten, då dei betalte seg dårlegare i marknaden enn hest frå Gudbrandsdalen. I 1855, eit år før det vart vedteke nedlagt søkte han departementet om å få redusera talet på hestar. Ei av grunngevingane var at prisane var så låge at det ikkje ein gong svara seg å gje dei havre.⁵⁴

I tillegg var manglande kunnskap om arvelære ein viktig grunn til at tiltaket gjekk i oppløysing. I dag veit dei som avlar på fjordhest at dersom ein avlar på dei lysaste individa, altså berre den ulsblakke varianten, så dukkar det i blant opp albino avkom, eller det som vert kalla glasøygde føl. Det vart sett mykje inn på å få ein konstant farge, utan for mykje variasjonar. I perioden frå 1847 til 1854 kasserte dei både kvite og brunblakke, medan dei avla vidare på ulsblakke dyr. I stutteriet vart det i den omtala perioden fødd 33 føl. Femten av dei var kvite, to var brune og to andre var brunblakke. 19 av 33 føl i perioden vart difor kasserte utelukkande på grunn av fargen.⁵⁵ Det kan difor sjå ut som om det var iveren etter å halda avlslinene frie for «østerlandsk blod» ironisk nok var meir til skade enn til gagn i dette fyrste avlstiltaket. I sjølve driftsforma var det òg fleire hinder på veg mot målet. I beita var det uråd å halda stutterihestane skilde frå lokale hestar. Tilsynsmannen, Lensmann Fougner i Lesja peika på at det kunne vera grunnen til at det vart fleire brune føl, og at ein del av avkomet minna om hest «af gudbrandsdalsk Race» Fleire av føla på gardar i område fekk òg

⁵² Departements-Tidende 1857 s.65

⁵³ Smitt 1877 s.81

⁵⁴ Smitt 1877 s.82

⁵⁵ Smitt 1877 s.71

føl som dei mistenkte var resultat av samkvem med stutterihingstane.⁵⁶ Tiltaka på Hjerkin og på Fokkstua vart difor lagt ned «ved naadigst Resolution» den 18. oktober, 1856. Om ikkje dette fyrste forsøket på å skapa ei stamme med kvalitetshest vart slik dei hadde vona, bidrog det i alle fall til eit klarare bilete av kva som kravdest for å få i gang ei forbetring av hesteavlen. I etterpåklokskapens skinande ljøs, skreiv landbruksdirektør Smitt i 1877:

Stutteriet var altsaa nedlagt efter en kummerlig tilværelse og efterat have vist sin fuldkomne Udyktighed til at fyldestgjøre sin Opgave. Det var heller ikke å vente, at Resultatet kunde blive et andet, thi Indretningen bar i sin Organisation Spiren til sin Undergang.⁵⁷

Lindeqvist og dølahesten

Som me har sett gav ikkje avlstiltaket på Dovre, korkje på Hjerkin og Fokkstua dei resultata som var førespegla. Dei tre statsagronomstillingane hadde eit breitt ansvarsområde som i tillegg til hesteavlen, femnde om alt som hadde med jordbruk og husdyrhald å gjera. Når det gjaldt nye tiltak i hesteavlen kan me gå ut frå at det mindre vellukka tiltaket på Dovre var ein del av bakteppet.

Eit av dei fyrste oppdraga Johan Lindeqvist fekk, var å gje ei vurdering av avlstiltaket på Hjerkin. Det var etter hans råd at regjeringa avgjorde å leggja det heile ned og ikkje gjera endringar i drifta, som kunne vore eit anna alternativ. Lindeqvist var ein fagmann som vart vist stor tillit. Det må òg ha vore grunnen til at nettopp han vart beden av departementet å koma med «en Forestilling» om kva tiltak han såg som aktuelle og tenlege til å forbetra den norske hesteavlen. I stortingsforhandlingane for 1857 står det å lesa:

Den Norske Regjerings Indstilling bifaldes. Hans Majestæt, som anseer Hesteavlens Forbedring i Norge af særdeles Vigtighed, paalægger den Norske Regjering at afgive underdanigst Betænkning og Indstilling, betræffende de til dette Øiemed sigtende Foranstaltninger, og det saa betimelig, at naadigst Proposition om denne Gjenstand kan blive næstkommende Storthing forelagt.

Det paaligger Departement at forberede dette Anliggende, og man har tilfølgje heraf henvend» sig til den i det Offentliges Tjeneste staaende Agronom der er i Besiddelse af speciel Sagkundskab i hvad der vedkommer Hesteavlen.

Departementet har anmodet Lindeqvist om at udtale sig over hvad der efter hans Formening hensigtsmæssigst bør foretages til i Interesse at ophjælpe og forbedre den norske

⁵⁶ Smitt 1877 s.82

⁵⁷ Smitt 1877 s.82

Hesteavl samt herved have for Øie, at Forbedringen, om muligt, tillige kunde komme det militaire Behov for Heste tilgode.⁵⁸

Ny fagmann, nye svar

I svaret frå Lindeqvist går det klart fram at han var samd med forgjengarane at det ville vera å føretrekkja å satsa på å foredla norsk hest, framfor å importera avlsmateriale. Han skreiv mellom anna i «Forestillingen» han vart beden om å levera: «at den norske Hest ikke alene i og for sig selv er god, men ogsaa særdeles anvendelig i dens barske og bjergige Fædreneland»⁵⁹ Lindeqvist hadde altså samanfallande syn med Boeck og Norges Vel i dette spørsmålet. Han skreiv mellom anna: «Paa Grund af, hvad der ovenfor er anført bør der efter min Formening ikke være Spørgsmål om at anskaffe nogen fremmed Race, men det gjælder blot om at vedligeholde og forbedre den Hesterace som findes inden Landet»⁶⁰ Det burde finnast nok og god nok hest i Noreg til at dei på sikt kan avla fram gode brukshestar til for å dekkja ulike behov.

Når det gjeld korleis det skulle skaffast gode hingstar var han ikkje heilt kategorisk. Det han var klar på var at løysinga måtte vera todelt. Det var viktig å arbeida indirekte med å skaffa og spreia kunnskap om hesteavl. Meir viktig var det likevel å skaffa og stasjonera ut gode hingstar i «de hesteproduserende Distrikter». Etter Lindeqvist sitt syn, var det to aktuelle måtar å gå fram på for å framskaffa gode stamhingstar «...enten ved at anlægge Stutterier, hvor det nødvendige Antal Hingster opføres for Statens Regning, eller ved at indkjøbe dem»⁶¹

Til liks med forgjengarane, heldt altså òg Lindeqvist fram avlsstasjonar som ein farbar veg til målet. Når han seinare valde vekk den løysinga, synest det fyrst og fremst å ha vore av økonomiske grunnar. Å reisa rundt og finna gode stamhingstar for å plassera dei hjå hingstehaldarar var å føretrekkja. Det ville både vera billegare for staten, og ein raskare veg til målet. Han innsåg òg at det var regionale skilnader i dette opprivne fjellandet, og vurderte det difor slik at ein ikkje burde satsa på berre ein type hest. I 1856 skreiv han altså at: «Man...bør ikke holde sig udelukkende til nogen vis Art af de norske Heste, men tage tilbørlig Hensyn til hvert Steds særskilte Ønsker og Krav».⁶² Han tok altså høgde for å ta lokale omsyn, og å ta

⁵⁸ Stortingsforhandlinger 1857 vol.15 nr.1 s.225

⁵⁹ Stortingsforhandlinger 1857 Vol.15 nr.1 s.224

⁶⁰ Smitt, J, 1877, s.91

⁶¹ Smitt, J, 1877, s.91

⁶² Stortingsforhandlinger 1857 Vol.15 nr.1 s.226

omsyn til kva type hest bøndene i ulike distrikt ynskte. Det var ei balansert drøfting Lindeqvist la fram og som regjeringa gav att i framlegget til statsbudsjett for 1857. Han var klar på at forbetring og foredling ikkje i eitt og alt var synonyme uttrykk når det kom til hesteavl. Foredling kunne ein til dømes oppnå ved å importera avlsdyr av framand rase. Forbetring derimot, meinte han var tryggast å gjera med heimleg avlsmateriale.

Departementet må ha likt det dei las, og fått tru på den svenske agronomen. I desember 1857 vart han som dei del av stillinga si, «beskikket som Bestyrer af Statens Foranstaltninger til Hesteavlens Fremme»⁶³. Samstundes gjekk det ut ei oppmoding til bønder om å melda seg som hingstehaldarar. Tilbodet var at dei skulle stå for føring og stell av statlege hingstar og kunne bruka dei i eiga gardsdrift utanom paringstida. Det økonomiske vederlaget skulle vera at dei fekk behalda springpengane, altså den summen hoppeeigaren betalte for paringa.

Indredepartementet fylgde råda frå Lindeqvist, og i innstillinga til Stortinget året før, heldt fram som ein av fordelane med ordninga med stamhestar i høve til ordninga med avlsstasjon, at det kunne satsast på ulike rasar alt etter kva som høvde i dei ulike distrikta.⁶⁴

Lindeqvist om avlsstasjonar

Ulike former for avlsstasjonar var òg ein del av vurderingane til Lindeqvist i 1857. I skrivet til Indredepartementet som er attgjeve i budsjettvedtaket, synte han til ulike måtar å organisera avlen på. Han peika på fordelar og ulemper med avlsstasjonar, men nemnde ikkje det fyrste norske tiltaket på Hjerkinns med eit ord, trass i at han rådde til å leggja det ned berre to år tidlegare. Me kan likevel rekna med at det er ein del av bakteppet. Hans vurdering var at avlsstasjonar vil verta kostbart og at det i så fall måtte vera del av ein langsiktig plan for at det skulle tena føremålet. Dersom det ikkje skulle vera snakk om å importera framande rasar, men heller forbetra den norske hesten med planmessig avl, vil ikkje avlsstasjonar vera det som gjev mest att for pengane. Han vurderte det slik at det heller burde kjøpast inn stamhingstar på staten si rekning, for å plassera ut i ulike distrikt til vederlagsfri bruk for dei som ville para hoppa si. For å understøtta synet sitt peika han på ulike former for stamhestordningar i Bayern og Hannover. Eit av argumenta var at ein då kunne imøtekoma ynskje frå ulike distrikt om å avla på ulike hestar alt etter kva det er trong for i området.

⁶³ Stortingsforhandlingar 1857 Vol.15 nr.1 s.227

⁶⁴ Stortingsforhandlingar 1857 Vol.15 nr.1 s.228

I den fyrste framstøyten for å organisera ei forbetring og foredling av den norske hesten, insisterte Norges Vel på at staten skulle ha kontroll både med hingstar og hopper. Lindeqvist på si side, synest å ha større tiltru til hesteeigarane og ville heller statsjonera ut statleg utplukka hingstar til gratis bruk. Det var òg eit poeng for han at det då let seg gjera å ta meir omsyn til lokale ynskje og plassera ut hestar meir i samsvar med kva det var trong for i dei ulike distrikta. Indredepartementet var samde med Lindeqvist, og det var stamhingstordninga som var deira innstilling då dei bad stortinget om 900 Spesidalar over tre år frå andre termin 1857 til 1860.⁶⁵

Lindeqvist og raseval

Eit anna forhold som måtte avgjerast, var kva hesterase det skulle satsast på. Før stuttoriet på Dovre vart oppretta, var det stor semje om at det var forbetring av «fjordracen» som var vegen å gå. Her kom det likevel ein avgjerande snunad med den nye aktøren, Lindeqvist. Trass i at han sjølv peika på at det burde takast lokale omsyn med tanke på val av hestetypa, syner tala klart at han heldt hestar frå Gudbrandsdalen vesentleg høgare enn hestar frå Vestlandet.

I vurderingane og argumentasjonen elles er det stort samanfall mellom Lindeqvist og Veterinærklassen, men når det gjeld synet på det norske skil dei lag. Tekstane til Lindeqvist er frie for tilvisingar til norske segn og soger og gjer heller ikkje noko poeng av at hestane skal vera ublanda og stadeigne gjennom hundrevis av år. Han talar varmt om norske hestar generelt og held fram at det berre er til deler av kavaleriet det er trong for å ta inn utanlandske rasar av ridehestar. Trass i at han peikar på ein del feil og manglar ved den norske hesten, held han norske hestar som gode til sitt bruk. Han viser mellom anna til at svenske landhusholdningsselskap gjennom mange år har kjøpt inn norsk hest til bruk i avl for å få meir tenlege bruksdyr. Særleg gjeld dette i dei svenske skog- og fjellbygdene. Han refererer til svenske fagfolk som peikar på at det har gått feil veg med den norske hesteavl og at det i 1850-åra var vorte vanskelegare å finna gode norske hestar å kjøpa og at:

...den Norske hesterace ikke i Tidens Løb er bleven forbedret, men maaskee snarere gaaet noget tilbage. Meget gamle norske Heste, som Nærværende leve i Sverige, er langt bedre byggede, end i Almindelighed de, der i den senere Tid ere indførte fra Norge.⁶⁶

⁶⁵ Stortingsforhandlinger 1857 Vol.15 nr.1 s.229

⁶⁶ Stortingsforhandlinger 1857 Vol.15 nr. 1 s.228

Vel seg hest frå Gudbrandsdalen

I 1858 vart Indredepartementet oppretta, og alt som hadde med landbruk å gjera, vart lagt inn under det. I årsmeldinga si frå 1858,⁶⁷ gjer Lindeqvist greie for kvifor han har valt å satsa på hest frå Gudbrandsdalen. Nokre av vurderingane er samanfallande, medan ein del står i sterk kontrast til argumentasjonen frå Veterinærklassa til Norges Vel, 14 år tidlegare. Bakgrunnen for valet var at han gjorde ei reis, der han var innom alle prestegjeld i Gudbrandsdalen på leit etter hingstar. Ein av grunnane han oppgjev for å reisa nettopp dit, var at han på førehand visste at hestar frå det distriktet var populære mange andre stader. Mellom anna peikar han på at det tidlegare hadde vore selt mykje hest til Sverige, nettopp frå Gudbrandsdalen. Dette peika òg Veterinærklassa på fjorten år tidlegare, men slo frå seg å satsa på desse fordi dei ikkje var sikre nok på at dei var av «ren oprindelig norsk Race». Lindeqvist synest ikkje å vera plaga av redsel for «østerlandsk blod» i same grad som Norges Vel. Trass i at han ikkje fann så mykje bra som han hadde håpa, valde han å satsa på Gudbrandsdalen som kjelde til gode stamhestar.

Vanskane med å finna gode hingsteemne botna i fylgje statsagronomen i at dei fleste unghestar vart selde i 3-4-årsalderen. Mykje av avsetnaden gjekk til byane der det var eit stadig aukande transportbehov. Desse hestane vart då som regel kastrerte og dermed ute av soga som avlsmateriale. Som arbeidshestar har han lite å innvenda mot den gudbrandsdalske hesten slik han fann han, men halsen var kort og ubendig, den var òg meir flegmatisk enn han skulle ynskja i ein finare køyrehest eller ridehest. Som arbeidshest kan det gjera godt at den er roleg og «kald i hovudet». Det gjer den greiare å handtera, særleg der det er vanskeleg eller fårleg å ta seg fram. Ein skysshest tolest å vera, og ein vil gjerne ha dei, litt kvikkare og fyrigare. Det var likevel mykje godt å seia om denne rasen. Han skriv mellom anna:

De mest fremdragende Exemplarer ere omtrent 10 Quarter høie og vanligen af brun eller mørkebrun Farve samt udmerke sig ved sine fyldige og afrundede Former, spidst formede og opretstaaende Øren og udtryksfuldt Fysiognomi, tæt Benmasse og haarde Muskler, brede og stærke Knæ- og Haseleder, senestærke Ben samt tykke, haarde og seige Høver.⁶⁸

Han er òg av den oppfatning av denne hesterasen i alle høve i norsk samanheng er «uovertruffen» og at han har eit særleg preg som gjer at det kan kjennast att kvar som helst

⁶⁷ Lindeqvist 1859 s.11

⁶⁸ Lindeqvist 1859 s.11

mellom nokså mange hesterasar. ⁶⁹ Etter hans syn var altså, òg det som etterkvart fekk namnet dølahesten, både karakteristisk og lett å kjenna att.

Eit anna syn på fjordhesten

Det er heilt tydeleg at han held «Fjordracen» for å vera mindre interessant å satsa på. Dette trass i at han i departementet si innstillinga til Stortinget argumenterte for at valet av hingstar skulle spegla trongen og ynskje i dei ulike distrikta. I 1859 vart ei av dei tiltaka Lindeqvist heldt for å vera viktigast for å fremja hestavl, sett i verk. Den fyrste statlege hesteutstillinga i landet vart skipa til på Stav i Gudbrandsdalen i samband med den faste hestemarknaden der. Føredraget han heldt der, vart året etter trykt og gjeve ut for å spreia kunnskap om hesteavl ut til bønder landet rundt. Sjølv om han vedgår at den har sin plass i marknaden, går det klart fram at han vurderte fjordhesten som mindre interessant å satsa på:

Da Fjordracen, skjønt liden og uanselig, dog er noksaa passende for Fjorddistrikternes lave Kulturtrin og desuden leverer et stort Antal meget billige Brugsheste til andre Distrikter, saa har man ogsaa givet denne Race Anledning til Konkurrence om Præmie; men for at dette skulde kunne ske, var det nødvendigt at nedsette Fordringen paa Størrelse til 9 Kvarter 2 Tommer⁷⁰, efterdi Fjordhesten i Regelen ikke opnaar en større Høyde.⁷¹

Det er tydeleg å lesa at denne ikkje er prioritert av statskonsulenten i høve til Gudbrandsdalshestane og at han har klare tankar om korleis Vestlandet og Austlandet høyrer heime på ulike kulturtrinn eller utviklingstrinn. Her kan nemnast at liknande tankar om ulik foredlingsgrad finst til dømes i P.A. Munch sine tankar om eit fornorska skriftspråk. I debatten med Knud Knudsen i 1854 peika han på at det å gjera det norske språket til eit skriftspråk, gjekk mot kulturens og sivilisasjonens utviklingsgang. Han argumenterte for at dei, altså eliten, heller burde lyfta ålmenta enn å stiga ned til dei.⁷²

Året etter denne utstillinga, sette han norsk tekst til eit plansjeverk som vart heitande «Vor Tids Bedste Husdyr-Racer fremstillide i atten Tegninger efter Naturen» Der har han lagt til eit lite kapittel om norske hesterasar, og skriv mellom anna:

Fra først af har der i Norge sandsynligvis været to aldeles forskjellige Hesteracer, nemlig den østlandske og den vestlandske. Den østlandske er i Almindelighed middelstor, mere anseelig

⁶⁹ Lindeqvist 1859 s.11

⁷⁰ 9 kvarter = 9/4 alen(1 kvart=15,688 cm) 2 tommer (1tomme=2,615 cm) altså 146,422 cm. mest truleg målt med bandbål.

⁷¹ Lindeqvist 1860 *Om Betingelserne for at en Hest skal kunne ansees Præmieværdig* s.4.

⁷² Venås 2008 s.8

og i Regelen brun, mørkebrun eller sort av Farve. Den vestlandske eller Fjordhesten er derimod meget almindelig blakket eller borket af Farve, ofte med Æsel- og Zebrategninger; dernest rød og gul (Isabellefarve); den er liden og uanseelig, men har iøvrigt alle en Bondehests gode Egenskaber i meget høi Grad. Begge disse Racer er nu meget sammenblandede. Dog forekommer den østlandske Race temmelig ren og ublandet paa de fleste større Gaarde i Gudbrandsdalen og Bygderne omkring Mjøsen⁷³

I tillegg til å reisa rundt på Aust- og Vestlandet, var Lindeqvist òg på studietur til Trøndelag. Der konstaterte han at dei stadeigne hestane var dårlegare enn den Gudbrandsdalske. I tillegg hadde det i fyrste halvdel av 1800-talet vore kryssa inn ein del fullblodshest som var koma via Jämtland. Han fann det vanskeleg å tilfredsstilla dei trøndarane han snakka med, sidan det var så sprikande ynskje. Rådet til departementet var òg der å innføra gode gudbrandsdalske hestar til dei som ynskte arbeids- og køyrehestar.⁷⁴

Dølahest til Vestlandet

Eit anna døme på at Lindeqvist prioriterte dølahesten høgare, er frå 1858. Nordre Bergenhus Amts Landhusholdningsselskap ville ha stasjonert ein hingst på landbruksskulen på Mo i Sunnfjord. Dei var villige til å yta ein tredjedel av kjøpesummen og eit av vilkåra var at det skulle vera ein hingst av «Fjordracen, da Administrationen maa udtale som sin bestemte Formening, at Fjordracen ublandet bør søges vedligeholdt i de Landbrugsskolegaarden Mo tilgrænsende Distrikter»⁷⁵ Lindeqvist vart send på leit etter denne hingsten, men returnerte med uforretta sak og opplyste departementet om at trass i at han «flittig har søgt efter en saadan Hingst» lukkast det han ikkje å finna ein han kunne forsvare å kjøpa inn for statens rekning. Landhusholdningsselskapet som initiativet kom frå, var underavdelingar av Norges Vel. Det kan difor vera råd å tenkja seg at det er ein av grunnane til at dei etterlyser det som moderorganisasjonen satsa alt på å foredla nokre år tidlegare.

Det kan i alle høve synast som om ein del vestlendingar irriterte seg over å verta haldne utanfor den nye utviklinga, og det vart difor i 1862 vedteke å løyva pengar til utstillingar òg på Vestlandet. Grunngevinga var mellom anna denne:

Lindeqvist har nu i denne Anledning anført, at der i de vestlandske Fjorddistricter opavles en meget betydelig Mængde Heste, der vistnok ere smaa og uanseelige, men dog ere gode i sit

⁷³ Lindeqvist 1860 *Vor Tids Bedste Husdyr-Racer fremstillide i atten Tegninger efter Naturen.*

⁷⁴ Lindeqvist 1859 s.22

⁷⁵ Smitt 1877 s.98

Slags, og at denne Industri derfor fortjener Opmuntring. Ogsaa her antager han, at der i kommende Budgettermin alene vil kunne blive afholdt to Udstillinger og idet han antager, at Udgifterne ved en saadan passende kunne ansættes til 250 Spd. foreslaaer han i dette Øiemed opført ialt 500 Spd. eller 166 Spd. 80 Sh. aarlig.⁷⁶

Oppmuntringa let venta på seg, men i 1864 vart den fyrste hesteutstillinga på Vestlandet skipa til i Førde, og året etter gjekk den andre av stabelen på Voss.⁷⁷ Denne utviklinga kan gjerne delvis tilskrivas engasjementet som vakna i einskilde område og miljø på Vestlandet, då dei såg korleis hesteavlen vart framelska i Gudbrandsdalen og Mjøsdistrikta.

Komne fram til midt på 1860-talet, står det rimeleg klart det vart rekna med to ulike hesterasar her til lands, kvar med sine klare særmerke. Kva for ein som var verd å satsa på vart likevel vurdert heilt ulikt med berre fjorten års mellomrom. Kva kan grunnen til dette vera? Hestane rekk ikkje endra seg på så kort tid. Mandata i forkant av dei to tiltaka var i praksis det same. Hesteavlen skulle forbetrast med tanke på å få betre hestar til jordbruket, skogbruket, skyssvesenet og det militære. Hadde krava i jordbruk, skyssvesen, skogbruk og militære endra seg, eller hadde ulike motiv og verdivurderingar hjå dei tonesetjande aktørane mest å seia?

Uklare siktemål og vurderingar

I løpet av perioden som har vore omtala i dette kapitlet, er det ikkje tvil om at det har festa seg ei førestilling av to ulike rasar i norsk hestehald. Frå vage førestillingar og litt famlande leiting i byrjinga av 1840-åra, var det i byrjinga av 1860-åra kome på plass utstillingar der dommararar vurderte om individa var premieverdige, og «Dølaracen» og «Fjordracen» er omtala. Når det gjeld vurderingskriterier for dei to rasane og korleis dei vart dømt, kjem me attende til det i neste kapittel.

Dersom me skal samanlikna desse to tiltaka, så kan det vera greitt å ta til med mandata til dei to aktørane. Trass i at det skilde femten år, var mandata i praksis like. Oppgåva var å greia ut kva som kunne og burde gjerast for å forbetra «den norske Hesterace». Langt på veg var dei samde. Båe vurderte det slik at det ikkje var trong for å importera avlsmateriale, i alle høve ikkje for å få fram gode arbeidshestar. Her skilde det likevel noko, all den tid Lindeqvist meinte det kunne vera trong for noko import for å skaffa gode ridehestar til Forsvaret. Som arbeidshest i landbruk og transport derimot, var dei samde om at norsk avlsmateriale var å

⁷⁶ Stortingsforhandlinger vol.17 nr.2 1862 s.97

⁷⁷ Smitt 1877 s.134

føretrekkja. Argumentasjonen for å satsa på heimleg materiale er grunnleggjande lik. Grovt sett handlar det om at den norske hesten gjennom lang tid har tilpassa seg klima, beiteplanter, topografi og arbeidsoppgåver. Det dei òg såg likt på, var at det var stort rom for forbetring. Variasjonen i populasjonen var stor og det var store skilnader mellom landsdelar og distrikt.

Dei to områda der dei skil seg i vurderingane, er når det gjeld arbeidsmåte og rase. Norges Vel rådde til å byggja avlsstasjonar på fjellstovene på Dovre. Det var eit ambisiøst prosjekt der dei såg for seg stasjonar på fleire fjellstover og fleire hundre hestar i oppdrett. Med ei slik ordning ville dei ha full kontroll. Både hopper og hingstar skulle kjøpast inn og setjast i avl.

Lindeqvist føreslår eit langt meir desentralisert ordning. Dei to viktigaste tiltaka var utstillingar og stamhingstar. Utstillingane som Lindeqvist sette i gang vart eit varig tiltak. Utstillinga i 1859, var den fyrste statlege hesteutstillinga i Noreg. Eit tiltak for å vurdere avlsmateriale, og som vaks i omfang og har halde seg fram til i dag. Siktemålet med tiltaket var samansett. For det fyrste gav det høve til å samla mykje hest til døming. Det var interesserte hestefolk som kom, både som utstillarar og som publikum. Slik vart det ein arena der Lindeqvist og seinare andre, kunne spreia kunnskap om korleis dei meinte ein god hest skulle sjå ut.

Eit av problema han peika på når det gjaldt å finna gode avlshingstar, var at mange unge hingstar vart selde og kasterte, utan fyrst å verta vurderte for avl. Ved å få fleire av desse på utstillingane, vart det lettare å sikra at dei beste vart sett i avl. I tillegg var utstillingane ein god stad for Lindeqvist å sikra seg dei beste hingstane som stamhingstar og plassera dei ut der han meinte det var størst trong for dei.

Nettopp stamhingstar var det andre tiltaket den svenske agronomen fekk sett i verk. Staten kjøpte hingstar som vart plassert ut i distrikta slik at oppdrettarane kunne nytta dei vederlagsfritt. Med denne metoden hadde ikkje staten like god kontroll med avlen, men tiltaket dekkja eit større område, samstundes som det bidrog til kunnskapsspreiing.

Det andre punktet der Norges Vel og Lindeqvist skilde lag, er når det gjeld val av rase. Det går tydeleg fram at båe meinte at ein i all hovudsak skulle satsa på éin. Båe var samde om at det var mykje god hest å finna i Gudbrandsdalen. I fylgje Lindeqvist var generasjonsintervalla i hesteavlen på den tida gjerne ein stad mellom fem og ti år. Det kan difor ikkje ha skjedd mykje sidan 1843. Me kan i det heile gå ut frå at dei to aktørane fann omlag det same på si ferd. Båe var på jakt etter ein hesterase som var veltilpassa tilhøva dei levde og arbeidde under. Lindeqvist var ikkje i tvil om at han hadde valt rett. Dølahesten var større, djupare, breiare og sterkare, og difor passa han best til å møta dei krava som var stilt til

ein god arbeidshest. Så kvifor var konklusjonane så ulike. Ikkje berre fall dei ned på to ulike rasar, dei nedvurderer den andre rasen ganske tydeleg. Norges Vel, meinte det var alt for stor risiko for at dølahesten var oppblanda med dyr som var framande i landet. Lindeqvist på si side meinte fjordhesten var for liten og ubetydeleg.

Ein ting som skil desse to konklusjonane frå kvarandre, er ein tidsbolk på tolv år. Dette var ei tid der store endringar hadde teke til å verka i landbruket. Dei tre viktigaste som alle virka i same retning for hesten sin del, var utskifting, mekanisering og nye driftsmåtar i landbruket. I tillegg vaks byane og det var trong for meir hest i transporten. Alle desse faktorane hadde teke til alt før Norges Vel valde å satsa på fjordhesten. Spørsmålet er om framtida såg annleis ut i 1857 enn ho gjorde i 1845.

Kva kan endringar i jordbruket i perioden ha hatt å seia?

Ein av faktorane som gjorde at det vart stilt andre krav til trekkraft og hestar på slutten av 1800-talet, var hestemekaniseringa. For at det skulle gje meining å mekanisera i særleg grad, måtte arronderinga liggje til rette for meir mekanisk drift. Eit av hindera for mekanisk utvikling i jordbruket, var den omfattande teigblandinga som gradvis hadde oppstått i takt med oppdeling av gardane i stadig fleire bruk. Dette hinderet var størst i dei brattlendte delene av landet som Vestlandet og dalane. Ein grunn til dette er at det samla arealet på gardane, med ei hellingsgrad som gjorde den køyrande med hest, jamt over var mindre. Dessutan var gardane på flatbygdene større og det same var åkrane kvar av dei råde over. Den fyrste lova om jordskifte som tok sikte på å løysa opp teigblandinga vart vedteken i 1821.⁷⁸ Lova la fyrst og fremst til rette for minnelege utskiftingar, noko som mellom anna innebar at alle brukarar på ein gard måtte vera samde om tiltaket. Embetsmennene i samtida såg klart og tydeleg at teigblandinga og gardsfelleskapet var eit stort hinder for den retninga dei såg for seg at jordbruket skulle ta. Frå 1830-talet og framover er det fleire døme på mellom andre amtmenn som klagar si naud over at utskiftingstakten er for låg og at utskiftingane som vart gjennomførte ikkje var fullgode.⁷⁹ Siktemålet var klart og tydeleg, men verkemidla som skulle til for at utskiftingane skulle få det omfanget dei ynskte kom fyrst ved lova av 1857. Arbeidet med å gjennomføra endringar for eit meir effektivt jordbruk var sett på som viktig, og nasjonale strategar som Frederik Stang og Anton Martin Schweigaard var engasjerte i å få på

⁷⁸ Sevatdal 2017 s.168

⁷⁹ Langnes 2011 s.57

plass ei meir tenleg lov.⁸⁰ Med tanke på siktemålet var den nye lova vellukka, og gjorde sitt til at utskiftinga skaut fart. Dette gjorde den likevel ikkje før etter 1860.

Dersom ein skal prøva seg med eit svar på om det var skilnad på korleis dei såg på framtidig arrondering av norske gardar i 1845 og 1857, er det råd å argumentera for at sjølve siktemålet har vore likt. På Austlandet, der den nasjonale eliten og aktørane i mellom anna hesteavl heldt seg, var ikkje teigblandinga noko stort hinder for mekaniseringa. No var dei naturleg nok komne nokre steg nærare slutten på teigblandinga i 1857, og såg det gjerne klarare for seg. Likevel var eit jordbruk med sjølvstendige bønder frie for dei hindera som teigblandinga la i vegen, målet gjennom heile 1840- og 50-talet. Moglegheitene i eit velarrondert jordbruk var like velkjent på 1840-talet som det var ti-femten år seinare. På baa tidspunkta var det difor ei framtid utan teigblanding dei la planar for og sikta seg inn mot.

Den rivande utviklinga i landbruket kom heller ikkje berre frå utskifting av teigblanda jord. Særleg på Austlandet, var rydding av nytt land og oppdyrking av myrar i full gang alt i dei fyrste tiåra etter 1814. I perioden 1836-55 vart det dyrka 44000 dekar nytt land i Hedmark amt, og heile 85000 i Akershus.⁸¹ Det skulle tyda på at framtidsvonene og framtidsutsiktene til eliten kan ha vore om lag den same med tanke på kravet til ein arbeidshest.

Ein tredje faktor som kan ha verka inn på korleis dei vurderte kravet til storleik på ein arbeidshest, er sjølve reiskapsutviklinga. Mekaniseringa av norsk landbruk kom gradvis i gang i fyrste halvdel av 1800-talet, men skaut ikkje fart før hundreåret gjekk mot slutten. Til liks med andre endringar som til dømes nye vekstar, nye husdyrrasar og nye dyrkings- og driftsmåtar, var det òg eliten som fyrst prøvde ut og tok i bruk nye maskiner i landbruket. Det synest klart at viktige aktørar i utviklinga av jordbruket kjende godt til utviklinga av nye hestereiskapar, og difor òg kva som kravst av ein hest for å dra dei. Til dømes var både John Collett (1758-1810) og Herman Wedel-Jarlsberg (1779-1840), mellom skiparane av Det kongelige Selskab for Norges Vel i 1809. Collett fylgde godt med, og tok raskt etter nyvinningar både frå dansk, engelsk og hollandsk jordbruk. Ein av dei som lærte av han igjen, var Jacob Sverdrup (1775-1841) som starta den fyrste jordbruksskulen i landet, på Sem i 1825.⁸² Ein annan aktør frå same perioden var Abraham Phil frå Hedmark. Han vert skildra som eit teknisk talent som gjorde ei stor praktisk innsats for reiskapsutviklinga i

⁸⁰ Langnes 2011 s.59

⁸¹ Gjerdåker 2002 s.23-25

⁸² Olsen 2005 s.34-35

hestemekaniseringa i fyrste del av 1800-talet.⁸³ Både gjennom drifta på mønsterbruka og jordbruksskulane som kom til, spreidde kunnskapen seg ut over landet.

Med dette i bakhovudet, er det tydeleg at medvitte kring mekanisering og effektivisering av jordbruket, vart sterkt mellom dei tonesetjande aktørane gjennom heile 1800-talet. Utviklinga og forbetringa av hestereiskapar gjorde nok sitt til at plansjane over det siste og nyaste såg annleis ut i 1857 enn det gjorde tolv år tidlegare, men ikkje så mykje annleis at det skulle ha nokon innverknad på val av hestrase. Konklusjonen må difor vera at frå dette perspektivet må dei som stod for valet av hestrase ha sett relativt likt på kravet til ein arbeidshest på dei to tidspunkta.

Frykta for framandt blod

Det som står som eit tydeleg skilje mellom desse to, er at Norges Vel var langt meir opptekne av at den rasen dei valde skulle vera kjemisk fri for det dei kalla «østerlandsk blod». Som nemnt ovanfor er ein typisk fjordhest lettare å skilja frå andre rasar, sjølv for eit utrent auga. Sjølv om dølahesten òg er karakteristisk, som Lindeqvist påpeika, har han samalikna med fjordhesten fleire fellestrekk med rasar lengre aust og sør.

Det kan difor vera lettare å oppdaga eventuell raseblanding på ein fjordhest enn på ein dølahest. Dette er ein faktor som synest å ha vege tungt hjå Norges Vel. Det vart òg brukt som argument for at dei burde leita i eit område der dei kunne venta å finna: «den norske Hests eiendommelige Form aldeles karakteristisk uttalt»⁸⁴ Det dei leita etter var det dei då oppfatta som den norske «urhesten». Dette ynskje om å vera viss på at dei hadde grave seg så langt attende i slektsledda som råd, gav seg òg andre utslag. Mellom anna diskvalifiserte dei brune individ, trass i at dei vurderte dei som jamt over meir helsesterke, nettopp med grunngjevinga at det då ville vera vanskelegare å oppdaga framand innblanding. Slik sett var dei med på å konstruera det som seinare har vorte heitande fjordhesten som ein blakk hest for all ettertid.

Lindeqvist si oppskatting av dølahesten og nedvurdering av fjordhesten, kan botna i fleire forhold. Fram til han var ferdig med studiane budde og arbeidde han i Sverige, og han var 29 år då han fekk sitt fyrste møte med norsk landbruk og husdyrhald som reisande agronom i Bratsberg amt i 1851-53.⁸⁵ Om det var det fyrste møtet med rasen er det liten grunn til å tru, men det er mykje rimeleg at inntrykket han fekk ved inspeksjonen på Hjerkin i

⁸³ Gjerdåker 2002 s.85

⁸⁴ Departements-Tidende nr.34 1845 s.557

⁸⁵ Aanderaa 2009

1855, kom til å prega synet hans på fjordhesten. I ettertid er det råd å sjå at den manglande framgangen var resultat av fleire samverkande faktorar,⁸⁶ men det han fann var eit prosjekt som hadde pågått i ti år utan at det hadde vore framgang å spora. Det er difor ikkje meir enn rimeleg at dette var med på å forma hans syn på rasen. Fødd, oppvaksen og utdanna i Sverige er det heller ingen grunn til å tru at han la like stor vekt, eller vekt i det heile, på å finna fram til ein erkenorsk urhest i arbeidet med oppgåva. Vektlegginga av det «urnorske» står difor fram som den avgjerande skilnaden mellom Norges Vel og Lindeqvist.

Om dette fyrste forsøket på statskontrollert hesteavl havarerte etter få år, mellom anna som fylgje av manglande kunnskap om arvelære, så førte det som skjedde i løpet av desse 15 åra til eit stort skilje i norsk hesteavl. 1843 var den norske hestepopulasjonen sett på som variert, både i fargar, storleik og eksteriør. Det heldt han fram med å vera i lang tid. Det store skiftet var at det for all ettertid var definert to rasar; fjordhesten og dølahesten. Dei karakteristiske trekka var definert og det var slege fast kvar dei fann dei mest typiske individa. I kjeldematerialet eg har gått gjennom, er det fram til 1870 ingen som har trekt slutninga om at fjordhesten er det næraste ein kjem ein norsk urhest i tvil.

Oppsummering

Hovudfunnet i dette kapittelet er at dei statlege tiltaka for hesteavl kan sjåast på som del av nasjonsbyggingsprosessen. Dei rasjonalistisk-instrumentelle argumenta er dei som står klarast fram. Det vart arbeidd for å utvikla ein hest som best mogeleg kunne møte dei auka krava til trekraft som dei såg koma, både i jordbruk og transport. Det står òg klart at det i heile denne perioden var meininga at dei skulle satsa på ein rase i landet. Det som skiftar på slutten av 1850-talet er kva rase dei skulle satsa på. I det spørsmålet kom Norges Vel og statskonsulent Lindeqvist til ulike konklusjonar. Det dei samlast om var at hesten skulle vera godt tilpassa norske tilhøve og for å vera sikrast mogeleg på det, måtte den ha utvikla seg over lang tid. Båe meinte at både «fjordracen» og «den gudbrandsdalske race» var aktuelle. Når eg ser på argumentasjonen hjå Norges Vel, synest det tydeleg at dei la langt større vekt på at den dei valde skulle vera så norsk som råd, altså så fri for framand innblanding som mogeleg. Det synest som om det var eit argument som trumfa alle andre vurderingar, og peikar i retning av at det ikkje berre var veterinærfaglege, praktiske og økonomiske vurderingar som låg til grunn. Altså at eit av siktemåla var å finna avlsmateriale som nådde så langt bakover i den nasjonale fortida som råd var. Eg meiner òg at Lindeqvist sin motsette konklusjon styrkjer

⁸⁶ Smitt 1877 s.82

den påstanden. Han var husdyrfagmann og legg ikkje for dagen anna enn fagleg funderte råd. I tillegg var han var svensk. Den kombinasjonen er det grunn til å rekna med gjorde han mindre oppteken enn Norges Vel av å leita fram det urnorske. I første del av perioden var det slik sett ein kombinasjon av rasjonalistisk-instrumentelle og romantiske-ekspressive vurderingar som låg til grunn, slik Slagstad skriv om den ålmenne moderniseringa av Noreg.⁸⁷ Dei romantiske-ekspressive vurderingane forsvann derimot ut av biletet i det Lindeqvist fekk ansvaret for hesteavl.

⁸⁷ Slagstad 2015 s.110

Kapittel 3 – Kamp for fjordhesten

Perioden eg vil sjå på i dette kapittelet, strekkjer seg i hovudsak frå midt på 1860-talet, og fram til kring 1910. Det er fyrst no at andre enn aktørar frå Christiania tek til å visa att i kjeldematerialet. Amtmenn og ordførarar på Vestlandet, i tillegg til interesserte bønder kom i denne perioden inn i diskusjonen om hesterasar og raseval. Spørsmål å stilla er difor mellom anna: Kvifor kom det fleire aktørar på inn i diskusjonen i denne perioden? Kva meinte dei og kvifor? Mot slutten av perioden var det ein etter måten hard debatt om reinavl eller blandingsavl når det gjaldt fjordhesten. Kva vurderingar kjem fram her, og er dei uttrykk for noko anna enn det me har sett før? Eit oppfylgingsspørsmål vil då vera: Kva er dei uttrykk for og er det råd å sjå samanhengar med anna tankegods i samtida?

I perioden 1860 til 1910, dukka det opp grupperingar som arbeidde for den reinrasa fjordhesten. Det vart arbeidd for eigne klassar og eigne vurderingskriterier ved utstillinga. I 1874 var desse måla nådde. Det var òg usemje om blandingsavl, altså kryssing mellom det som vart oppfatta som dølahest og fjordhesten. Det kan sjå ut som om dei som i den fyrste delen av denne tidsperioden arbeidde for å få reinrasa fjordhingstar, kjempa på to frontar. For det fyrste mot staten og den avlspolitikken som der var ført. Trass i at både dølahest og fjordhest var tillatne på utstillingar, og det for så vidt av fleire var sagt at det skulle takast lokale omsyn med tanke på val av rase, var det den idealtypiske dølahesten som var rettesnora for all døming. Slik vart det vanskeleg å peika på gode fjordhingstar til bruk på Vestlandet. For det andre var det ikkje alle vestlendingar eller bønder frå fjordstroka som tykte fjordhesten var det rette å satsa på. Dei ynskte seg dølahestar for å få meir trekraft. Særleg gjeld det dei flataste og mest lett drivne jordbruksområda som til dømes Lærdal og Vik i Sogn. For å prøva å fylgja utviklinga, kan det vera tenleg å fyrst kasta eit blick attende til litt før 1860.

Fyrst oppskatta – så nedvurdert

Som nemnt i kapittel to, kom det i 1858 eit uttalt ynskje om å plassera ein stamhingst på landbruksskulen på Mo i Sunnfjord. Landhushaldningsselskapet baud seg til å betala ein tredjedel, på vilkår av at det var ein hingst av «fjordracen»⁸⁸ Trass i oppmodinga, skjedde det ikkje noko før tre år seinare. Lindeqvist vart send ut på leiting, men returnerte med uforretta sak. Han fann rett og slett ingen hingst av fjordhestrasen som han kunne forsvara å kjøpa inn for staten si rekning, trass i at det berre var snakk om to tredjepartar av han. Fleire har seinare prøvd å finna ei forklaring på kvifor det ikkje skulle lata seg gjera å oppdriva ein einaste kvalitetsfjordhest i 1861. Arne Bakken meiner at noko av forklaringa kan liggja i tidspunktet for leiteaksjonen. Han meiner at sidan Lindeqvist kom om våren, i ei tid då svelteforing framleis var vanleg, kunne han ha fått eit dårleg inntrykk av hestane han såg på.⁸⁹ Det er etter mitt syn to svakheiter med denne forklaringa. For det fyrste var hesten eit bruksdyr, som vanlegvis fekk betre stell enn mange andre dyr på garden. Så sjølv om driftsmåtane gjerne var slik at han ikkje var like mykje i bruk i vårvinna alle stader på Vestlandet før utskiftinga, vart han vanlegvis brukt til vedkøyning, og gjerne og til å køyra ut gjødsla der det var praktisk mogeleg. Skulle han klara det, er det vanskeleg å sjå for seg at han vart sveltefora, sjølv om han sikkert ikkje fekk meir enn han trong. For det andre, var Lindeqvist ein fagmann som mest truleg klarte å sjå forbi det som skuldast foringa og ville vera i stand til å vurdera det han såg trass i at hesten var underfora.

Ei forklaring eg finn meir sannsynleg, finn me i ein tekst frå 1860, i det trykte føredraget som Lindeqvist heldt «*Om Betingelserne for at en Hest skal kunne ansees præmieverdige*». Som nemnt tidlegare skriv han her om bakgrunnen for desse vilkåra, og om sterke og svake sider både ved dølahesten og fjordhesten. Vilråa han til slutt skisserer opp er for ein idealtypisk dølahest. Det var slik han ville at ein kvalitetshest skulle vera, uavhengig av race. Det einaste han peika på som kunne skilja fjordhesten frå dølahesten når dei skulle dømast, var storleiken. Det vart tolt at fjordhesten var ein tomme lågare.⁹⁰ Det var Lindeqvist som hadde siste ordet når det gjaldt vurderingskriterier. Ei mogeleg forklaring på at han mislukkast i søket sitt, er difor at han eigentleg leitte etter ein fjordhest, med si eiga idealtypiske dølahestform som rettesnor.

⁸⁸ Smitt 1877 s.98

⁸⁹ Bakken 1986 s.37

⁹⁰ Lindeqvist 1860 s.3

Lokale strategar engasjerer seg

Dei som ynskte ei statleg satsing på fjordhest gav likevel ikkje opp. Same året, arbeidde ordføraren i Vik i Sogn med saka, og fekk amtsformannskapet med seg. Den 17. september 1861 skreiv Amtmannen til departementet og fortalde at han var skuffa over at det ikkje var kjøpt inn ein einaste hingst av fjordrasen. Han skreiv mellom anna:

Hvis Sagen hermed stilles i Bero, og der Intet gjøres for at fremme det heromhandlede Øiemed, er det vistnok at forudse, at denne Hesterace, hvis oprindelig gode Egenskaber er almindelig erkjent, og som er fortrinlig skicket for de fleste af dette Lands Egne, mere og mere vil vanslægte. At herved vil foranlediges et stort Tab i Nationalformue og Velstand, formener jeg, ikke tiltrænger nogen Paavisning⁹¹

Amtmann i Nordre Bergenhus i perioden 1861-1869, var John Collett Falsen. Som stortingsrepresentant, sat han for Nordre Bergenhus frå 1859-61. Etter at han var ferdig med tenesta som amtmann vart han statsråd i Justisdepartementet.⁹²

Det er her tydeleg at det ikkje berre var tilfeldige røyster som arbeidde for å fremja avl på fjordhesten. Embetsmannen Falsen var ein del av eliten og syner i sitatet eit engasjement for saka. Det at han syner til at dei gode eigenskapane er alminneleg kjende, tyder på at dette er noko som har vore drøfta i andre fora enn Indredepartementet. Kva han eigentleg legg i at det vil verta eit tap i nasjonalformue og velstand om dølahesten tek over som einaste arbeidshest går ikkje klart fram. All den tid eg berre har dette sitatet frå Smitt si avhandling i 1877, og ikkje har tilgang til originalbrevet, er det uvisst om han utdjupar dette synet og i tilfelle på kva måte. Ei rimeleg slutning kan likevel vera at òg deler av eliten på Vestlandet hadde ei førestilling om at det var viktig å ta vare på og forbetra fjordhesten.

Ordføraren i Vik i Sogn på denne tida var Christen Christensen (1826–1900) frå Førde. Han slo seg til i Vik etter å ha vore stasjonert på Vikamoen, og var både kasserar i Vik Sparebank og postopnar i bygda. Husdyrinteressa var òg stor. Det at han arbeidde for å utvikla fjordhesten, resulterte mellom anna i at han skipa det fyrste fjordhestlaget i Nordre Bergenhus i 1869. Når det gjaldt anna husdyravl var han ikkje like oppteken av at det skulle nyttast heimleg avlsmateriale. Han tok mellom anna til med import av Leicestersau frå England, noko av grunnlaget for det som har vorte heitande Dalasau. Då Lindeqvist tok til landet nokre Berkshiregrisar i 1863, var det òg hjå Christensen dei vart ståande i avl.⁹³

⁹¹ Smitt 1877 s.99

⁹² Tvedt 2011

⁹³ Starheim 2008

Ulike og uklare skiljelinjer

Det er ikkje heilt enkelt å sjå kvar skiljelinene går når det gjeld synet på kva hesterase som høvde best på Vestlandet. Om det har vore målbore usemje om målet i dei fyrste åra etter at Lindeqvist tok til i stillinga som statens mest betrudde byråkrat på saksfeltet, har det i alle fall ikkje kome fram i saksframstillingane som eg har lese gjennom frå desse åra. Den offisielle politikken frå 1858 og framover var at dølahesten var arbeids- og køyrehesten det skulle satsast på. Fjordhesten kunne stillast, men vart ikkje teken på alvor. Det vart òg kryssa inn mykje hest frå Austlandet, for å få hestane på Vestlandet opp i storleik og styrke. Så kva er då otten frå amtmann Falsen og ordførar Christensen eigentleg uttrykk for? Kan det vera uttrykk for eit veksande regionalt medvit? Kan det vera eit ynskje om å ta vare på noko frå Nordre Bergenhus som vart sett på som viktig for regionen. Var det frykt for at noko av kulturarven, om dei ikkje uttrykte det nett slik, skulle forsvinna? Var det kulturarven som var nasjonalformuen i brevet frå Amtmannen? Det var ikkje meir enn 15-20 år sidan fjordhesten hadde vore utpeika som sjølve urhesten. Sjølv om dølahesten viste seg best eigna til å dra dei tyngste lassa i arbeidet for velstandsveksten, kan det vel henda dei ottast at noko av det som batt kulturen i fjord-Noreg saman med ei stolt fortid var i ferd med å verta utvatna og utarma, slik at det til slutt ville forsvinna heilt som eit sjølvstendig symbol.

Det er likevel ikkje sikkert det var slik det hekk i hop. Kanskje det var pengar dei tenkte på. Mange av dei mindre gardane langs fjordane hadde på 1860-talet lite nytte av ein stor, tung og svolten hest. Dei trong gjerne ein mindre, ein som var klyvefær og smånøgd og som kunne frakta kløvene frå stølen trygt heim gjennom bratte lier. Ein hest som kunne køyra inn dei få høylassa som ikkje måtte berast på ryggen i mangel på køyreveg. Ein som fekk ut gjødsla og drog ard og horv over dei små åkerlappane.

Det kan henda at me her ser nok eit døme på den samansette ideologien i embetsmannsstaten. Ein ideologi der vurderingane stadig veksla mellom nyttetenking på den eine sida og idealisme på den andre, slik Rune Slagstad skisserer det.⁹⁴ Kan henda er det difor det er så vanskeleg å skilja ut kva som er kulturell nasjonsbygging med tanke på å byggja ein felles nasjonal identitet på den eine sida, og tilrettelegging for økonomisk velstandsutvikling på den andre. I den rådande diskursen er dei to smelta saman til eit einaste stort nasjonsbyggingsprosjekt.⁹⁵

⁹⁴ Slagstad 2015 s.92

⁹⁵ Slagstad 2015 s.92

Ei tid med større endringar

Dei som arbeidde for at det skulle satsast på fjordhesten på Vestlandet, slik som det vart satsa på dølahesten i andre distrikt, hadde fleire krefter enn statsagronomen mot seg. Slik sett kan Vik i Sogn stå som eit godt døme på fleire av desse kreftene. Det er tydeleg at det ikkje var alle bønder som var like redde for tapet av nasjonalformue og velstand som Amtmannen. Ein annan gardbrukar i Vik i Sogn hadde i 1860 vendt seg til Indredepartementet og ytra ynskje om at det måtte koma ein dølahingst til bygda.

Dette var ei tid med store omveltingar i jordbruket. Nye reiskapar kom til, nye husdyrrasar kom til landet og kunnskap om nye driftsformer vart spreidde. Landbruksskulane som auka i tal etter at stortingsfleirtalet i 1842 avgjorde at landbruksundervisning var ei offentleg plikt⁹⁶, var viktig i denne samanhengen. Det same var dei omreisande agronomane. Dei nye tankane om driftsmåtar og driftsøkonomi festa seg likevel ikkje over natta. Det var skilander mellom bygdelag og skilnader mellom gardbrukarar i same bygd. Eit samanfall av faktorarar påverka likevel landbruket i ei meir kapitalintensiv lei, ei lei som gjorde at det økonomiske resultatet stadig vart ei tydelegare og strammare rettesnor.⁹⁷ Utvandring til Amerika og byveksten innanlands, drog folk vekk frå bygdene, og arbeidskrafta vart dyrare, om ho i det heile var å få tak i. I lag med at tilgangen på importert korn, mellom anna frå Amerika auka, gjekk prisen ned. Korndyrking var ein arbeidsintensiv produksjon, særleg før utskiftinga. På mindre bruk var det vanskeleg å mekanisera den i særleg grad òg etter utskiftinga. Difor valde stadig fleire å leggja om til meir husdyrhald i staden. Årsakstilhøve mellom faktorane vil ha variert frå tid til tid og stad til stad. Dette alt etter om gardbrukaren var tidleg eller seint ute med å stilla om tankar og gjerning til den nye og meir marknadsorienterte kvardagen.

Ein annan faktor som hadde mykje å seia for mekaniseringa av landbruket, var utskiftingane. Ein del gardar, særleg på vestlandet der jordfelleskapen var desidert størst,⁹⁸ var etterkvart vorte delt opp i så mange og så små teigar at ein hest knapt kunne brukast effektivt i jordbruksdrifta. Andre bygder, med større og meir samanhengande åkervidder hadde likevel potensiale òg før utskiftingane. Etter at den nye lova vart sett i verk i 1859, som mellom anna innebar at det var nok at éin av brukarane i fellesskapen kravde jordskifte,⁹⁹ minka det på teigblandinga i grend etter grend.

⁹⁶ Gjerdåker 2002 s.185

⁹⁷ Gjerdåker 2002 s.159

⁹⁸ Langnes 2011 s.22

⁹⁹ Sevattal 2017 s.184

I slike sterke brytingar kan det fort koma kjensler i sving, og dei kan svinga i ulik lei mellom grannane. For utskiftinga var eit aktivt tiltak som fekk store praktiske fylgjer for alle som budde på garden. Mange hadde budd og drive i mange generasjonar på same vis og på den same jorda. Endringane kunne nok difor kjennast både som ei tyngsle og ei lette, alt etter kva synsvinkel ein hadde. Enkelte har ein større hang til å gripa etter nye og spanande drifts- og levemåtar medan det for andre kan synast tryggast å halda på det gamle. I alle fall til ein kjenner seg trygg på at den nye vegen er farbar. Det synest difor rimeleg at dette òg kan vera del av forklaringa på at enkelte bønder heiv seg på Lindeqvist sine tankar om ein større landbrukshest, medan andre kjende det tryggast å avla på det dei var van med, som dei kjende og som hadde tent dei så langt attende som noko kunne hugsa. Gardbrukaren Iver Helgesen Suphammar i Vik i Sogn, kan fort ha høyrte til den fyrstnemnde kategorien bønder midt på 1800-talet.

Det at han i 1860 bad om at det skulle verta stasjonert ein gudbrandsdalsk hingst i Vik, var med på å tvinga fram vurderingar om kor vidt det var rette vegen å gå. Ein av fylgjene det fekk var etter Smitt sitt syn at Lindeqvist ikkje tok påminninga frå Amtmannen året etter, om ein hingst av fjordrasen, like alvorleg.¹⁰⁰ Han rådde korkje til eller frå, og formannskapet i Vik, vart bede om å uttala seg om saka. Dei stødde oppunder ynskje frå Suphammar, og argumenterte for at ein dølahingst kunne vera å føretrekkja i Vik kommune. Det dei drog fram som argument var det særeigne terrenget til vestlandsbygd å vera med: «flade Marker, gode Veie og et bekvemt Terrain»¹⁰¹ Trass i at ordføraren arbeidde for avl på reinrasa fjordhest, vart det altså vedteke av formannskapet å be om ein gudbrandsdalsk hingst. Slik sett kan Vik stå som døme på at det var delte meiningar og ulikt syn, òg bønder imellom på Vestlandet.

Fjordhestavl i motvind

Dei som arbeidde for fjordhesten i åra frå 1855 til ut på 1870-talet, hadde til dels sterk motvind. Lindeqvist ser ut til å ha betrakta han meir som ein kuriositet enn som avlsmateriale for eit moderne landbruk. Han let til å ta ynskja på alvor, men svinga seg lett over på dølahesten om han fekk høve til det. Som nemnt er alle statleg innkjøpte hingstar i perioden 1857-61 å rekna for dølahestar i fylgje stamboka for rasen. Premieringskriteria favoriserte òg dølahesten heilt fram til 1874, og det var i den perioden lite råd for fjordhesten å nå opp i premiegradene på staten si hesteutstilling på Stav. I paragraf 9 i reglane for prisdøming frå

¹⁰⁰ Smitt 1877 s.99

¹⁰¹ Smitt 1877 s.99

1869 stod det mellom anna at: «Kun saadanne Heste, som med Hensyn til passelig Størrelse, Legemsform, formfyldighed, Benførhed og øvrige Egenskabe ere saa beskafne, at de kunne stilles i Klasse med de solideste og bedste gudbrandsdalske Heste kunne tilkjendes Præmie» denne regelen er i fylgje Smitt eit klart uttrykk for ei overtyding om at den beste hesteforma og den som staten ynskte å framelska, var den gudbrandsdalske hesten.¹⁰²

Den fyrste utstillinga i fjorddistrikta kan stå som døme på det. Den som vart tildelt 1. premie, var hingsten til Ivar Suphammar frå Vik i Sogn. Dette er hesten som Lindeqvist stasjonerte ut der etter ynskje frå formannskapet i 1860, og som Suphammar kjøpte av staten i 1863 for 100 spesidalar på visse vilkår. Ein av grunnane til at det vart gjort på denne måten var i fylgje Lindeqvist, «...at denne lille, lættre, gode og for de indre Fjorddistrikter passende Hingst fremdeles kunde blive der.»¹⁰³ Både utstillarar og dommarar kom langvegs frå. I alt 33 hestar vart stilt på denne fyrste utstillinga i «fjorddistriktene» og dommarane hadde med seg 30 premiar. I fylgje Lindeqvist var «De øvrige udstillede Heste, omtrent 25 i Tallet, vare dels magre og kraftløse dels feilfulde, saaat der ikke var nogen rimelig Mening i at fremstille dem til Præmie-Konkurrence»¹⁰⁴

Det at det på denne tida ikkje var meir enn seks år sidan den fyrste hesteutstillinga her til lands, og at dette var den fyrste på vestlandet, kan gjerne vera med på å forklara resultatet. Bøndene som kom med hestane sine, hadde rimelegvis avgrensa røynsler med kva dommarane såg etter, og kva dei la vekt på. I premielistene er ikkje hestane kategorisert etter rase, og alle vart dømde etter same kriterier. Kva hesteslag det var snakk om, går likevel fram i det han skriv at: «Med Hensyn til Racen, vare 3 af Gudbrandsdalsk Herkomst, 3 stammede fra Fjordene og 1 var af blandet Slag».¹⁰⁵

Det at det til denne fyrste utstillinga i Førde kom både folk og hestar over land og med dampbåtar heilt frå Sogndal og Hafslo i aust, til Voss i sør, fortel likevel at interessa var stor mellom enkelte for slike utstillingar òg på vestsida av vasskiljet. Året etter, var det duka for den andre utstillinga i fjorddistrikta, og denne gongen på Voss. Denne gongen var Lindeqvist langt meir nøgd med det som vart stilt ut. Etter premielistene og meldingane han hadde fått, var det stilt ut i alt 117 hestar, og dei var med få unntak velstelte og i godt hold. Interessa for tiltaket var stor nok til at det kom folk og dyr farande frå både Sunnhordland, Hardanger, Fillefjell, Luster og ytre Sogn. Femten av desse fekk premie. Ut frå omtalen i premielistene,

¹⁰² Smitt 1877 s.115

¹⁰³ Lindeqvist 1865 s.1–2

¹⁰⁴ Lindeqvist 1865 s.9

¹⁰⁵ Lindeqvist 1865 s.8

ser det ut til at fire av dei var fjordhestar, og det er eitt område som peikar seg ut. Den tredje beste av fire vaksne hingstar, den beste unghingsten, og den nest beste vaksne hoppa kom frå Kvinnherad. To av dei tilhørde stamhuset i Rosendal og han som sat der på den tida, Marcus Gerhard Hoff Rosenkrone.

Baronihestane

Hoff Rosenkrone var ei drivande kraft på mange samfunnsområde, og sette spor etter seg både i form av utdanning til innbyggjarane i Hardanger og Sunnhordland, der dei fleste av gardane hans låg. Modernisering av jordbruket var ei anna oppgåve han tok alvorleg. Ved avlsgarden vart det drive forsøksdyrking og utprøving av nye driftsmåtar og nye husdyrrasar. Frukt og åkerdyrking var viktige område, i tillegg til husdyravl.¹⁰⁶ Ved avlsgarden vart det halde stamhingstar i privat regi til bruk i bygdene ikring.¹⁰⁷ Her gjorde ein representant frå eliten på vestlandet, ein innsats for fjordhesten. På det som var for eit mønsterbruk å rekna, satsa han på fjordhesten og på å foredla hestetypen som hadde utspring i det distriktet han budde. Hoff Rosenkrone, eller i alle høve hestane hans skulle verta svært viktige både som avlsmateriale og seinare som symbol på den ideelle fjordhesten.

Jørn Øyrehagen Sunde plasserer Hoff-Rosenkrone med ein fot i moderniteten og den andre i romantikken. Han var ein samansett mann. Ein nordmann og europear som frekventerte København og Paris, men med like inderleg interesse for både åndeleg og industriell utvikling i Sunnhordland og Hardanger. Boksamlinga femna frå dei store europeiske klassikarane til ei stadig veksande samling lokal og lokalhistorisk litteratur. I veneflokken finn me namn som Hans Gude, Halvdan Kjerulf, Peter Christen Asbjørnsen Jørgen Moe og Hans E. Kinck.¹⁰⁸

Som ein mann av eliten, men likevel litt på sida av det politiske livet, hadde stamhusherren i Rosendal ei fri stilling. Han hadde høve til å modernisera eiga grend og eigne eigedomar slik han synest høvde best, utan å spørja korkje statsagronomar eller andre. Han bidrog til å utvikla det samfunnet han levde i, slik han sjølv ynskte. Med sveitsisk fjørørkar, svensk gartnar og skotsk gardsstyrar var han ikkje redd utanlandske impulsar. Til liks med til dømes ordførar Christensen frå Vik som importerte både Leicestersau og Berkshiregrisar,¹⁰⁹ var heller ikkje Hoff-Rosenkrone oppteken av at all avl skulle vera av norskrøtte rasar. Han

¹⁰⁶ Mehl 1996 s.32

¹⁰⁷ Mehl 1996 s.16

¹⁰⁸ Sunde 1996 s.52

¹⁰⁹ Starheim 2008

let til dømes den skotske gardsstyraren sin importera Sjeviotsauer frå Skottland. Når det gjaldt hest, var det likevel den lokale stamma som var utgangspunktet og ein foredla arbeids- og brukshest som var målet og resultatet. Dei hestane han avla fram av den lokale stamma er den dag i dag for mange, sjølv idealet for ein fjordhest. Den som i stamboka heiter Rosendalsborken 8 og som var stilt som toåring på Voss i 1865, pryder i dag logoen til Norges Fjordhestlag. Frå Sverige vert det peika på at det å halda seg med vakre og gode hestar var viktig i aristokratiet, og at dette smitta over på dei lågare stendene.¹¹⁰ Sjølv om adelskapen i Noreg var oppheva, kan det gjerne vera dette me ser eit døme på i Kvinnherad, der standsskilnaden framleis var stor og baronihestane vart det bøndene strekte seg etter.

Hesten i ei særstilling

Kven som meinte kva om å bevare fjordhesten i 1860–70-åra er ikkje lett å vita. Dei som kjem til orde i kjeldene høyrer til ein eller fleire elitar, anten bygdeelite, politisk elite eller som i siste døme, etteraksten av adelskapet på Vestlandet. Når Amtmannen i sitt skriv til departementet heldt fram at dei gode eigenskapane er ålment kjende,¹¹¹ kan det vera grunn til å tru at han meiner å tala på vegne av eit større miljø, sjølv om me òg veit at det var motkrefter.

Når det gjaldt kva hest staten burde støtta opp om, kan det for ein del område på Vestlandet sin del sjå ut som om to aktørar stod mot kvarandre. På den eine sida har me Lindeqvist som både utforma og artikulerte staten sitt offisielle syn. Den andre sida er uorganisert, men sett saman av ulike representantar for eliten i fjordstroka. Det er ikkje mange uttalar me har å byggja på for å seia noko om argumentasjonen. Når amtmannen skriv; « At herved vil foranlediges et stort Tab i Nationalformue og Velstand, formener jeg, ikkje tiltrænger nogen Paavisning»¹¹², kan det likevel argumenterast for at det gjerne ligg meir enn reint praktisk-økonomiske og instrumentelle vurderingar til grunn. Som me har sett, har fleire av dei vestlendingane som arbeidde for å berga og avla fjordhesten klar for ei moderne tid, samstundes arbeidde med import og innkryssing i mellom anna svine- og saueavl. Av det er det lett å slutta at sidan det ser ut til å ha lite å seia at sauer og griser er av stadeigne rasar, så må det same gjelda for hesten. Held ein fram med det resonnementet kan ein lett enda opp med at synet om at fjordhesten burde vera det naturlege å arbeida vidare med på Vestlandet, var bygd

¹¹⁰ Berglund 2007 s.48

¹¹¹ Smitt 1877 s.99

¹¹² Smitt 1877 s.99

på ei reint praktisk vurdering. Det kan nok henda at det heng slik i hop. Dersom me ser på kva som skil hesten frå dei andre husdyra, er det likevel mogeleg å leggja andre vurderingar i resonnementet.

Heilt sidan hesten vart tamd og teken i bruk til arbeid og transport, har den hatt ein annleis plass i menneskelivet, enn andre husdyr. Skilnaden skuldast fyrst og fremst bruken. Ein hest er mange gonger så tung og sterk som noko menneske. Berre grunnleggjande og gjensidig tillit og respekt kan få ein hest til å føya seg etter menneske utan å verta mutt og apatisk.¹¹³ Eit slikt tillitsforhold gjer at ein hest i større grad enn produksjonsdyra får ein annan plass i hushaldet. Den kan verta som eit familiemedlem, ein ven og ein arbeidskamerat. I tillegg gav hesten status. Den vart frå utsida tillagt verdi etter eksteriør, prestasjonar og bruksegenskapar og vart òg slik ein identitetsmarkør og eit statussymbol.¹¹⁴

Eit anna forhold som set hesten i ei særstilling i høve til andre husdyr, særleg før mekaniseringa i jordbruket tok til, er at den i stor grad var mannen sitt domene. Det var for det aller meste mannen som både stelte og brukte hesten. Innanfor denne forståingsramma er det lettare å sjå for seg eit bilete av at den stadeigne og særmerkte hesterasen kunne verta tillagt verdi utover det reint instrumentelle, som trekkraft og transportmiddel. Det gjer det òg lettare å sjå for seg at amtmannen si frykt for tap av «Nationalformue» gjerne ikkje berre handla om pengar. Dei aktørane som har kome til orde i kjeldene fram til midt på 1860-talet, kan alle seiast å vera del av eliten, anten den politiske og administrative eliten, eller ein bygdeelite der dei kjem frå. Dei som heldt fast på at fjordhesten måtte haldast på, der det var naturleg, var ingen samla og eins flokk. Dei var spreidde både i tid og rom. Det dei hadde til felles, var at dei heldt til ved fjordane på Vestlandet, der denne hesten hadde sitt kjerneområde. I den grad det er eit geografisk skilje, føl det altså på mange vis grensene for kjerneområda for vestlandshesten. Ein faktor som kan ha spela inn når dei framleis bad staten løyva pengar og hjelpa til med gode stamhestar av denne rasen, er førestillinga om at dette var den norske «urhesten». Tanken på at dei sat på ein kulturskatt i form av ein hest som hadde vore i landet så lenge det hadde vore folk her, slik som hadde vore lagt fram av fleire, kan ha vore ei av drivkreftene hjå dei som tala varmt for rasen.

¹¹³ Oma 2011 s.167

¹¹⁴ Berglund 2007 s.47

Debatten om blandingsavl i fjordhestmiljøet

Det var ikkje noko unisont krav frå fjorddistrikta at fjordhesten måtte reindyrkast og foredlast. Dersom me går fram til tiåret før 1900, gjekk debatten om å blanda inn dølahestblod i fjordhesten i avisspaltene. Dølahesten på den andre sida, synest å ha funne sin plass, godt hjelpt av statlege representantar.

Debattane om fjordhesten var fleire i dei to siste tiåra fram til den fyrste stamboka kom i 1910. Frå 1905 til 1907 gjekk det heitt for seg i avisspaltene fleire stader i landet. Hesteavlen på Vestlandet vart debattert i Morgenavisen, Bergens Tidende og andre aviser. Fjordenes Blad, som hadde oppland og nedslagsfelt i det som både då og seinare av mange vart rekna som kjerneområdet for fjordhesten, Nordfjord, saksa og trykte dei fleste av desse innlegga. Mi kjelde til denne debatten, er difor Fjordenes Blad, som eg har gått gjennom for tidsrommet 1892 til 1908.

Debatten gjekk langs tre liner. Den eine debatten handla om storleiken. Kor stor ein fjordhest burde vera var det delte meiningar om. For dei som ynskte seg ein større hest vart det så eit spørsmål om korleis dette best kunne løysast. Å driva kryssingsavl med dølahest vart sett på som ei moglegheit. Dersom ein så nytta seg av den, vart neste spørsmål om dette avkomet skulle vera reine brukshestar, eller om dei skulle brukast i avlen. Oppdrettarar, bønder og hestehandlarar hadde gjerne ulike svar på desse spørsmåla. For dei som hadde dette som næring, var til dømes pris og etterspurnad i marknaden føresetnader som måtte vera med i vurderingane. I tillegg var det heller ikkje noko system for å føra stamtavle, og det at ulike aktørar hadde ulike svar på desse spørsmåla gjorde at det etter kvart vart ein del dyr der det ikkje var godt å seia om dei var fjordhestar eller blanding av fjordhest og døl, og i så fall korleis blandingsforholdet var. Dette siste førte i sin tur til ein debatt om hingstane som hadde vore i bruk, og hadde vore kalla fjordhest, skulle oppfattast som det.

Deltakarane i debatten representerte alle ulike roller i hesteavlen frå amtsdyrlækjarar, direktørar, statskonsulentar, oppdrettarar, bønder og hestehandlarar. Ja, endå til ein distriktslækjar var sentral i diskusjonen. Når ein skal analysa ein slik debatt er det avgjerande å ha klart for seg at dei som kjem til orde her, er dei som har valt å ta ordet. Fleirtalet av aktørane som dels fylgde og dels arbeidde mot straumane i avlen, høyrer me ikkje noko til. Dette er likevel ein debatt som det verkar å vera konsensus om at var eit vendepunkt når det gjeld utviklinga til fjordhesten.¹¹⁵

¹¹⁵ Nestås 2010 s.10 & Bakken 1986 s.66

Fanst det reinrasa fjordhestar?

Ein av debattantane som gjorde seg til talsmann for ein reinrasa fjordhest og stod løpet ut i nesten tre samfulle år, var Amtsdryrlækjar Einar Olaf Sorterup (1876–1959). Han var korkje innbarka nordfjording eller nordmann men fødd i den tidlegare danske kolonien St. Croix i Vestindia. I 1898 vart han tilsett som amtsdryrlækjar Nordfjord i Nordre Bergenhus Amt, og busette seg i Gloppen.¹¹⁶ Han tok klarast av alle standpunkt for ein reinrasa fjordhest, og engasjerte seg sterkt for å få avkomet etter hingsten Rimfakse, ut av avlen.

Rimfakse var ein raud hingst med lys man. Han fekk 1. premie på utstilling i Stavanger i 1892 som treåring.¹¹⁷ Han var ein av fleire mykje brukte hingstar med dølablod i årane. Mykje av diskusjonen gjekk på kor mykje det var, og kor mykje det hadde å seia. Rimfakse vart kjøpt på Voss og plassert i Nordfjord, midt i det som av fleire har vore karakterisert som det distriktet der fjordhesten var mest ublanda. Etterkvart som hingsten vart brukt og det vart mykje avkom etter han, vart det eit til dels hardt ordskifte om rasereine avsliner.

Han hadde sjølv vore dommar ved hesteutstillingar og gjeve premie til avkom etter denne hingsten, men meinte no å sjå at dette ikkje hadde vore av det gode og vil gjerne har Rimfakse kassert¹¹⁸. Dette åleine ville truleg vore meir enn nok til å halda ein hard debatt i gang. Når han i tillegg drog hestekompetansen til oppdrettarar og hestehandlarar i tvil, utvikla det seg i tillegg til like mykje av ein personstrid som ein fagleg debatt.¹¹⁹

Ein aktør som ikkje sjølv var med, men som stadig vekk vart trekt fram i debatten, var Stener Johannes Stenersen (1835-1904)¹²⁰. Stenersen var statskonsulent for hesteavlen på Vestlandet frå 1884 og fram til han døydde i 1904. Karstad har peika på Stenersen som ein som vart tilhengjar av å reindyrka fjordhesten utan å blanda inn dølahest i stamma. Han har vorte kjend for utsegna om at fjordhesten skulle ha «hovud som ein brisling, hals som eit rokkehjul, kropp som ei nepe og føter som stålfjører»¹²¹ Det var difor fleire som undra seg over at nettopp han hadde teke inn «Rimfakse» som avlshingst.

Ei mogleg forklaring er at det frå fleire hald kom ynskje om ein større hest òg i Nordfjord der denne striden i fyrste rekkje stod. I eit innlegg med tittelen «Fjordhesten og

¹¹⁶ Starheim 2011

¹¹⁷ Karstad 1949 s.32

¹¹⁸ Fjordenes blad 25/8-1905

¹¹⁹ Fjordenes blad 4/8-1906

¹²⁰ Bratberg 2016

¹²¹ Karstad 1949 s.34-35

statskonsulentane» prøver O. Svor å forklara statskonsulent Stenersen sitt val. Det kom etterkvart krav om større hestar for å få betre prisar, og frå å vera talsmann for ein heller lett og kvikk fjordhest, valde han å gje etter for krav frå ein del oppdrettarar og kjøpte inn ein hingst som var djupare og breiare.¹²² Difor kom hingsten Rimfakse frå Voss til Nordfjord i 1892.¹²³

Krav om større hestar ser me meldingar om frå andre distrikt òg. Det er tydeleg at blandingsavl i mange år hadde vore omfattande og at grunngevinga var i all hovudsak å få fram ein hest som betalte seg best mogeleg i marknaden. Døme på dette finn me alt i budsjettinnstillinga til Stortinget i 1871, det året då Lindeqvist slutta. Alt då kom det kritikk mot blandingsavlen. Og det synest tydeleg at det har vore røyster som har arbeidd for eit tydeleg skilje mellom rasane heilt sidan på 1850-talet. Som eit vedlegg statsbudsjettet i 1871, ligg det eit brev der Lindeqvist forsvarar sitt syn og sine val. I skrivet legg han ved eit brev frå Vikør prestegjeld i Hardanger frå 1859, der ein hingstehaldar på vegne av seg sjølv og andre ber om å få ein gudbrandsdalsk statleg stamhingst til distriktet. Utan at det er referert direkte, er det tydeleg at det gjekk føre seg ein debatt i tida, om raseval. Eit av argumenta dei målbar var at fjordhestar hadde dei nok av frå før. Det dei trong statleg hjelp til var å få ein god gudbrandsdalsk hingst til bygda. Hingstehaldaren heiter Mikkel Amundsen Li, og skriv mellom anna dette:

Man er maaske vel sent kommen paa den Tanke, at bevare «Fjordracen» ren og ublandet, og saameget er baade vist og sandt, at man i de sidste tyve Aar slet ikke har taget noget Hensyn dertil. — Som allerede før bemærket, kjøbtes for omtrent syv Aar siden en brun gudbrandsdalsk Hingst i Bergen, hvilken almindelig benyttedes i 4 Aar som Stodhingst her i Vikør og tilgrændsende Bygder, hvorpaa den desvære af Interessenterne blev solgt i Bergen. Fra denne Hingst stamme en stor Del af vore vakreste og bedste Hopper, ligesom man og har erfaret, at Afkommet af den har været mere søgt og bedre betalt, hvorfor man antager, at det vil komme til at svare bedre Regning at gaa i den engang nu begyndte Retning. Af de 20 a 30 Hoppeeiere, som med disse fremmødte paa min Gaard den 2den ds. i den Hensigt at forevise Hr. Lindeqvist dem, udtaltes det og som et almindeligt Ønske, at en saavidt mulig vakker og udmærket gudbrandsdalsk Hingst maatte blive stationeret her.¹²⁴

Det synest tydeleg at det er økonomi som har vore den viktigaste drivkrafta for Hardingane i Vikør når dei bad om å få stasjonert ein statleg hingst. Dersom opplysningane som kjem fram

¹²² Fjordenes Blad 19/12-1906

¹²³ Bakken 1986 s.65

¹²⁴ Stortingsforhandlinger 1872 vol.21 nr.1C s.35

er rette, har det vore drive medvite blandingsavl sidan på 1830-talet for å få fram hestar som betalte seg best mogeleg i marknaden. Det var gjerne òg ein av grunnane til at Norges vel valde det vekk som leiteområde på 1840-talet og konsentrerte seg om Nordfjord og Sunnmøre der dei var mindre angripne av «nyhedssyke» og «industriell speculationsaand» som representantane for Norges Vel uttalte det i 1845 då dei skulle finna eit område der hestane ikkje var oppblanda med andre rasar.¹²⁵

Det er likevel funn som tyder på at spekulasjonsanda etterkvart diffundererte inn i Nordfjord òg. I eit svar til distriktslækjar i Gloppen Hans Christian Brodtkorb som engasjerte seg i lag med Sorterup som talsmann for reinavl, skriv Andres G. Frøysæl at det vert for lettvindt å skulda blandingsavlen på Rimfakse. Han meiner det har vore drive blandingsavl i 40-50 år, òg i dette distriktet. Difor meiner han det etter kvart er uråd å vurderer kva dyr som har mest døleblod av dei føla som vert fødde i distriktet, uavhengig kva hingst som er brukt.¹²⁶

Debatten om hingsten Rimfakse kan difor gjerne sjåast på som eit klimaks i kampen for ein reinrasa fjordhest, og engasjementet frå dei kreftene som ville ha Rimfakseavkomet ut av avlen, kan sjåast på som ein bergingsaksjon. Det er fleire funn i kjeldene som kan styrkja det synet. Det var likevel langt frå eit unisont krav korkje frå Nordfjordingar eller andre om å gjera harde tiltak for å sikra ein rein fjordhestrase for framtida. Slik det framstår i avisspaltene i Fjordenes Blad, var det einskildrøyster og mindre grupperingar på alle sider. Som døme kan nemnast at det kom lesarbrev frå fem gardbrukarar i Utvik som peika på dei gode sidene ved Rimfakse og målbar at dei ikkje tykte den innblandinga hadde gjort noko ugagn.¹²⁷

Statskonsulent for hesteavlen på Vestlandet, Knut Teig (1858-1944) står midt i debatten og freistar å vera så pragmatisk han kan. I eit ordskrifte saksa frå «Morgenavisen» som stod på trykk 4/8 i 1906 er han sitert på at: «noen ser det som et held, andre som en ulykke»¹²⁸ at Rimfakse vart kjøpt inn i 1892. Teig fekk tildelt ansvar for å gjera noko frå alle kantar. Sjølv framheldt han at han ikkje sjølv hadde kjøpt inn avkom etter Rimfakse, men etter Baronen, som vart rekna for å vera reinrasa fjordhest og etterkomar etter Rosendalsborken frå Kvinnherad. Løysinga han talar for, er å behalda alle gode hopper uansett avstamming, men satsa på reinrasa hingstar frå no av.¹²⁹ På den måten ville dette Rimfakseblodet som fekk stadig fleire til å sjå raudt, verta stadig meir utvatna.

¹²⁵ Departements-Tidende 1845 nr. 34 s.554

¹²⁶ Fjordenes Blad 12/1-1907

¹²⁷ Fjordenes Blad 12/9-1906

¹²⁸ Fjordenes Blad 4/8-1906

¹²⁹ Fjordenes Blad 4/8-1906

Storleik og fargar

Sjølv det fundamentale spørsmålet i denne samanhengen, er spørsmålet om storleik. Den diskusjonen har gått att og dukka opp i dei fleste samanhengar i den perioden eg har teke for meg i denne oppgåva. Dei spørsmåla som føl av dette fyrste, er kva som er høveleg storlek, og korleis ein oppnår den. Det siste spørsmålet er definitivt det som har skapt størst debatt. Dersom ingen hadde hatt som mål å auka storleiken, hadde det ikkje vore trong for å blanda inn ein større rase. I debatten, som strekkjer seg over kring to år frå 1905 til 1907 går det stadig klarare fram at ein del aktørar ser på dette som ein bergingsaksjon i siste liten. To løysingar som var føreslegne var at ein skilde mellom blandingshestar og fjordhestar og dreiv sideavl på dyr av heilt rein rase, utan for mykje tanke på storleik. Eit anna alternativ kunne vera at dei som ynskte seg større hestar enn reinrasa fjordhest, kunne kjøpa og bruka dølahestar.¹³⁰ Det var òg dei som tok til orde for at ein reinavla fjordhest òg kunne veksa seg større med rett føring og stell i tillegg til planmessig avl, sjølv om det gjerne ville ta litt lengre tid. To som argumenterte for dette synet var amtsdyrlækjar Sorterup og distriktslækjar Brodtkorb.¹³¹

Eit anna ankepunkt, men som slett ikkje var det som vart framført med størst tyngd i «Rimfaksestriden», var fargen. Rimfakse var ikkje blakk, men raud og med lys man, lugg og hale.¹³² I diskusjonen om det vart døleblod i han, og i så fall kor mykje, vart fargen halden fram som eit av ankepunkta, og noko som tala for at han var dels døl. I eit innlegg i august 1906, der statskonsulent Knut Teig forsvarar sitt primærstandpunkt andsynes amtsdyrlækjarane Fleischer og Sorterup, peikar han på at det alltid hadde funnest fjordhestar med andre fargar som til dømes brun. Ikkje berre var det vanleg, dei var endå til betre betalte enn dei blakke. Tidlegare har me sett at Olav Karstad peika på det same i boka si «Fjordhesten» i 1949. Sjølv om han skriv at det ikkje er sikkert at dei danske embetsmennene hadde same intrykket av, eller nemningar på hestefargane, så var i alle fall variasjonen stor.¹³³ I vurderingane som Norges Vel gjorde midt på 1840-talet vart ikkje dei brune hestane sett ut av avlen fordi dei ikkje var vanlege eller typiske, men fordi dei med den fargen lettare kunne skjula eventuell framand innblanding. Ein stad på vegen vart det difor endeleg fastsett av fjordhesten ikkje kunne vera noko anna enn avbleika, altså blakk. Ein av grunnane til at dette kravet til døming vart sett, var at det var noko typisk for fjordhesten, som fanst i få andre

¹³⁰ Fjordenes Blad 10/10-1906

¹³¹ Fjordenes Blad 17/10-1906

¹³² Karstad 1949 s.32

¹³³ Karstad 1949 s.15

hesterasar. I kva grad dei som avgjorde lagnaden for fargen på fjordhesten meinte alle andre fargar var teikn på innblanding, eller om dei hadde same syn som Norges Vel åtti år tidlegare, må vera eit ope spørsmål. Det som i alle fall kan slåast fast er at det at den fjordhesten som ikkje kan vera anna enn blakk, er ein konstruksjon frå 1840-talet som fekk si endelege form rundt 1910.

Nordfjordhest, fjordhest, vestlandshest

Namnespørsmålet dukkar opp frå tid til annan i heile denne tidsperioden. Det gjeld for så vidt både dei to hovudtypane. Dei tre alternativa nordfjordhest, fjordhest, vestlandshest på den eine sida av vasskiljet, og Gudbrandsdalshest, dølahest og austlandshest, på den andre. Det er vanskeleg å sjå noko klart mønster i korleis desse nemningane er brukte mellom aktørane. For fjordhesten sin del, vart Vestlandshest, på same måte som Østlandshest det offisielle namnet på rasane. Namna dølahest og fjordhest vart likevel mykje brukt i dei kjeldene eg har vore gjennom. Utan at det er granska inngåande synest det klart at det i dei fyrste åra, i den byråkratiske eliten vart gudbrandsdalsk brukt som prefiks for den eine hovudtypen, medan fjord- var den vanlege nemninga for den andre. Det ser me mellom anna hjå både Norges Vel¹³⁴ og hjå Lindeqvist¹³⁵ seinare har det det geografiske prefikset auka til å femna om to heile landsdelar.

I debatten om fjordhesten i det fyrste tiåret etter 1900, var namnespørsmålet noko av det som vart drøfta. I Fjordenes Bland i tidsrommet 1892 til 1908 er fjordhest og vestlandshest brukt om ein annan i avisspaltene, både i innlegg frå lesarar og på redaksjonell plass. Statskonsulent Teig, skriv om namnet i eit innlegg i juni 1907 at han ikkje hadde noko i mot namnet fjordhest, og syner til at det er brukt i eldre litteratur. Når han likevel rår til å bruka namnet Vestlandshest, er det fordi den er å finna og har sitt opphav langs heilt kysten. I den fyrste stamboka er fjordhest med i parentes, medan det er vekke att i utgåva som kom 10 år seinare.

¹³⁴ Departements-Tidende 1845 nr.34 s.555

¹³⁵ Lindeqvist 1859 s.11

Nye aktører inn i debatten

Etterkvart som tida gjekk og debatten det same, kan det verka som om stadig fleire fann det verdfullt å avla på det som vart oppfatta som ein reinrasa fjordhest. Me har sett at for dei meir pragmatiske oppdrettarane og hestehandlarane, hadde det gjerne mindre å seia kva blodsblending dei hadde å tilby berre dei kunne få ein akseptabel pris for dei dyra dei ol eller baud fram. Det fyrst året av Rimfaksestriden, som han etter kvart vart heitande, gjekk debatten mest rundt praktiske rådgerder. Kva som var den beste måten å få ein god hest på, kva avlsprinsipp som skulle leggjast til grunn og kor vidt det hadde noko å seia om det vart nokre dropar dølablod i årane.

Komne godt ut i 1907 tek det til å koma innlegg frå nye debattantar nesten utelukkande til støtte for reinavlslina. Ein av desse var Johan Leuthäuser Hirsch, tidlegare direktør ved Den høiere Landbrugsskole på Ås. Han refererte til innføring av dølahestar på Vestlandet som «dølesmitte» som «brer sig». Hirsch synest å ha vore godt orientert om ordskiftet som har gått. Han synest å vera fortørna over det manglande lokale engasjementet for reinavlslina. Mellom anna skriv han tidleg i innlegget, som er saksa frå Dagbladet, at:

I vestlandsblade, navnlig i «Fjordenes Blad» har spørsmålet fjordhest eller døl netop nu fornylig været drøftet i en lang række indlæg som sluttede med en erklæring fra en række oppdrettere fra Indviken; – og denne gik ud paa, at krydsningen hadde git gode resultater (?) – Den eneste som er renavlsmand og fuldblods fjordmand, synest at være – en danske!

«Vilieløst vimrende, ved ei hvorhen» – synest at være Vestlændingers devise. Intet «enten eller», – nei «baade og»! Hvem vet, kanske det ene er likesaa godt som det andet?

Det ville være et uerstatteligt, uopretteligt tap – ikke bare for vestlandet, men ogsaa for Østlandet, om den for vore fjeld- og fjord- og bygdeforholde saa særdeles velskikkede og værdifulde fjordhest – den ægte fjordhest skal forsvinde.¹³⁶

Dansken han refererer til er amtsdyrlege Sorterup. No overdriv han gjerne noko, men det er heller ikkje mange bønder og oppdrettarar som har vist noko openlys støtte til reinavlslina. Dei som syner att i debatten er folk frå sidelina. Ein av dei er landbruksskulestyrar Nordang frå Molde. I eit innleiing til ordskifte under hesteutstillinga i Molde hausten 1906. Han drog liner attende til «sagatiden» og peika meinte det var gode grunnar til å ta vare på det som var att. Sjølv meinte han at det ikkje var meir enn 20 prosent att av rein fjordhestrase. Referenten skreiv at:

¹³⁶ Fjordenes Blad 5/10-1907

Det var imidlertid særlig for at vække interessen for at redde det, som kan reddes, af den ægte vestlandshesterace, at tal(eren) optraadte her. Denne hest var i virkeligheden en ponnyhest, men den holdt nu paa at forlade sin type – Her hos os maatte man ha betingelser for at avle smaa letfødde, letfodrede heste. Vi maatte derfor helst se til at faa hesten mindre, og da burde man paa udstillingerne faa en klasse for smaa heste, og den klasse maa ikke oversees. Der maatte for denne være adskillig mindre gennemsnittsmaal, end nu tilfældet er. Tal(eren) fremhævet slutligen at en saadan mindre hestesort var fortrinlig egnet for smaabrug og for export. Hovedhensigten var dog, som sagt, at vi maatte se at bevare venstlandshesteracen ren.¹³⁷

Kva slags debatt er det?

Rimfaksestriden handla om kor vidt ein skulle avla vidare på avkom etter denne omstridde hingsten eller ikkje. Så langt eg har sett i avisspaltene, er det ingen som tek til orde for ytterlegare innblanding av dølahest i fjordheststamma. Slik sett er det rimeleg å setja meiningsmotstandarane i to kategoriar; dei som på ein eller annan måte forsvarte å behalda Rimfakseavkomet i avlen, og dei som ville reinska ut alle spor. I den fyrste kategorien var det for så vidt ulike oppfatningar av korleis ein skulle avla vidare, og kor mykje av Rimfakseblodet ein skulle ta med seg vidare. Eit kompromissframlegg frå statskonsulent Teig, var til dømes å avla vidare på hoppene etter Rimfakse, men passa på at det vart brukt reinrasa hingstar.¹³⁸

Dersom ein ser på samansetjinga av aktørar på baa sider, så er det ei blanding av bønder og embetsfolk på baa sider. Det var dei som vart angripne av grupperinga som ynskte fjordhesten så genetisk «rein» som mogeleg som måtte forsvare standpunktet sitt. Forsvaret deira dreiar seg rundt reint praktiske vurderingar. Gjennomgangstonen er at innblandinga har vore eit gode, og at det ikkje er alle som ser innblandinga som noko ulukke. Dessutan er det på grunn av uklare avstammingsforhold, òg usemje om kor mykje dølablod som finst i den omstridde hingsten Anslaga varierer frå «dropar» til 25 prosent.¹³⁹ Kor vidt det har gjort skade er deg òg delte meiningar om. Einskilde peika på fleire negative fellestrekk i avkomet, Andre, som til dømes A.M Slåtten hevda at dette var vesentleg overdrive, og at premieringa av avkomet tala for seg.¹⁴⁰

¹³⁷ Fjordenes Blad 6/10-1906

¹³⁸ Fjordenes Blad 4/8-1906

¹³⁹ Fjordenes Blad 5/8-1907

¹⁴⁰ Fjordenes Blad 4/8-1906

Kva dei la i omgrepet «rase» og «rein rase» ser òg ut til å ha variert noko. Einskilde, som til dømes amtsdyrlækjar Sorterup, dreg linene bakover, forbi sagatida og attende til den fyrste innvandringa. Han argumenterer for å gå så langt som mogeleg for å sikra at rasen er så fri for innblanding som råd er.¹⁴¹ Statskonsulent Teig målber eit litt anna syn på kva ein rase er for noko. Han samanliknar med dølahesten, og peikar på at den er oppblanda med både ardennerhest og danske fullblodshestar. Likevel er det etter hans syn heilt klart ein eigen rase. Grunngevinga var at ein ved avl seinare hadde skuva ut det som ikkje høyrde til den typen dei ville ha, og med tida ville ein då få ein stadig sikrare nedarvingsevne.¹⁴² Det kan vera verd å merkja seg at dølahesten på dette tidspunktet hadde fått si stambok.

Samansette motsetnader

Dei som ynskjer at Rinfakseavkommet skal få vera med vidare i avlen, argumenterer med at innslaget av dølahest har vore gjort for å få fram ein hest marknaden ynskjer og er betre tent med. Dette gjeld ikkje berre konsulentar og veterinærar, men òg bønder. M.T Langballe, som var beden av Norges Vel å arbeida fram den fyrste stamboka for fjordhesten var ein av dei. Andre døme er fem bønder frå Utvik som støtta blandingsavlen i eit innlegg den 12/9-1906. Det er grunnleggjande den same argumentasjonen me har høyrte i tidlegare periodar. Til dømes frå bøndene i Hardanger som instendig bad Lindeqvist om ein dølahingst femti år før. Dei ønska seg ein hest som betalte seg best mogeleg i marknaden dei handla i. Dessutan argumenterte med at det alt då var 20 år for seint å byrja å tenkja på å halda fjordhesten reinrasa.¹⁴³ Det sistnemnde vart nytta som argument i debatten òg i byrjinga av 1900-talet. Mellom andre etterlyser både Arne Hægda¹⁴⁴ og Anders Frøisæl¹⁴⁵ reine fjordhestar, då dei meiner dei ikkje er å finna på grunn av at det har vore drive blandingsavl gjennom mange år. Verdien av det økonomiske og det praktiske, trumfa verdien av ein norsk urhest.

Mellom dei som argumenterte for reinavl vart det heller ikkje snakka mykje om eigenverdien eller verdien av å ta vare på ein rest frå fortida. Det er likevel rimeleg berrsynt at det i mange tilfelle var det som låg under. I ein debatt som vart skipa til i samband med ei utstilling i Molde i 1906, kjem det fram tydelege vernetankar. Landbruksskulestyrar Nordang hevda at det berre var kring 20 prosent av hestane på Vestlandet som kan reknast som reinrasa

¹⁴¹ Fjordenes Blad 1/6-1907

¹⁴² Fjordenes Blad 27/3-1907

¹⁴³ Stortingsforhandlinger 1872 vol.21 nr.1C s. 35

¹⁴⁴ Fjordenes Blad 13/3-1907

¹⁴⁵ Fjordenes Blad 12/1-1907

fjordhestar og at det difor hasta med å få opp interessa for å berga det som var att. Han avslutta innlegget sitt med appellen: «Bevar Vestlandshesten ren!»¹⁴⁶

Statskonsulent Teig var samd i at det om ein skulle vera streng, så var nok ikkje meir enn ein femtedel av hestane reinrasa. Det hjelpte likevel ikkje, meinte han, for når marknaden etterspurde større dyr var det vanskeleg å få folk til å avla på dei reinrasa som var mindre.¹⁴⁷ Det ser difor ut som om statskonsulenten har ein reinrasa fjordhest som sitt høgste ynskje, men gjev likevel etter for krava frå marknaden hestehandlarane er ein del av. Eit anna døme på at dette synet skin gjennom hjå Teig, er nokre veker tidlegare, då han peika på at auka etterspurnad frå Danmark og Nederland etter borka og blakke fjordhestar kunne gjera det lettare å innarbeida ein meir raserein og utprega fjordhest.¹⁴⁸

Eit anna innlegg som tydeleg syner at den reinrasa mindre fjordhesttypen vart halden for å ha ein eigenverdi utover det å vera eit arbeidsdyr i landbruk og skyssvesen kom frå stortingsmann Nils Hestnes frå Nordmøre. Han tok til orde for å driva sideavl på den heilt reine rasen. Slik kunne dei som ynskte det halda fram med å avla på det dei visste var innblanda med dølahest samstundes som den reine rasen vart berga for ettertida, i det han kalla eit sentrum for hesteavl, utan å spesifisera nærare kva han meinte med det.¹⁴⁹

I stor grad var det personar som var høgt akta, anten på grunn av utdanning, erfaring frå døming eller formell posisjon som tok del i debatten. Det eine unntaket frå denne regelen er nemnt ovanfor, der fem bønder frå Utvik stilte seg bak dei som vil halda fram med Rimfakseavkom i avlen. Det andre innlegget kom etter at mellom andre Erdal etterlyste bøndene si oppfatning i saka. Dei tek litteraturen til hjelp for å få fram synet sitt:

«Fjeldvante og lette, så de aldrig snubler, kan de med benene som trommestikker i strygende fart trave milevis foran karjolen bakke opp og bakke ned, uden at miste pusten»

Ja, saadan skildrer Jonas Lie den, og saadan ønsket vi at have den, og saadan trodde vi vore autoriteter paa hesteavlens omraade vilde have den. Det var derfor ingen overraskelse naar det førte til et opvask blandt de herrer hesteskjønnere, som det vi nu har været vidne til; thi i en række af aar har man været opmærksomme paa det modsætningsforhold naar spørgsmaalet angaar hestetypen for vort distrikt. Blev dette opvask end personlig, saa mener man nok, at der er prinsipielle grunde. Overfor dette ville vi have stillet os passive, om der ikke var kommet omstændigheder til, som har gjort spørgsmaalet mere aktuelt.

Vi sigter til de 5 gaardbrugere i Utvik sit indlæg i striden.

¹⁴⁶ Fjordenes Blad 6/10-1906

¹⁴⁷ Fjordenes Blad 10/10-1906

¹⁴⁸ Fjordenes Blad 22/8-1906

¹⁴⁹ Fjordenes Blad 10/10-1906

Dernæst appellerer hr. Erdal i sidste opsæt noksaa sterkt til hesteopdrætternes udtalelser om deris opfatning, og som svar herpaa vil vi ikke tilbageholde vor mening, der stemmer med kravet: r e n a v l a f f j o r d h e s t e n.

Vi haaber imidlertid at herr statskonsulenten vil indtage et greit standpunkt til spørgsmålet og derved skabe trygge forhold for vor hesteopdræt

Breim 1ste oktober 1906¹⁵⁰

Det spesielle med dette innlegget samanlikna med alle andre i saka, er at innsendarane ikkje ville ha namna sine på trykk. Dei «beror hos redaksjonen», som informerer om at det er snakk om «en hel del gaardbrugere» utan å talfesta det. Det er ikkje oppgjewe nokon grunn til å vera inkognito. Det at dei valde å gjera det, kan likevel vera ein indikasjon på at debatten har vore hard òg utanfor avisspaltene, der oppdrettarar og bønder flest ikkje har kome til syne i like stor grad som dei med ein viss formell posisjon.

Sjølv om «en hel del» gardbrukarar her sette si lit til statskonsulenten, ser det ut til å ha vorte stadig klarare for fleire at dersom dei tjue prosentane ikkje skulle krypa ytterlegare i hop, så måtte nokon ta opptakten til å gjera noko. Fleire peika på eit distrikt med Nordfjord som eit sentrum som staden for denne satsinga. Stortingsmann Hestnes nemnde det, og det same gjorde direktøren ved Landbrukshøgskulen på Ås. Han peika på det særlege ansvaret som låg på vestlendingane for å ta vare på det som var att av den gamle rasen og at både det offentlege og dei private måtte gjera alt som stod i deira makt for å redde stumpane.¹⁵¹

Det offentlege skulle i fyrste rekkje bidra med å få arbeidd ut ei stambok for fjordhesten, noko Norges Vel tok på seg å gjera på same måte som for dølahesten i 1902. Og sjølv om det var mange som tala varmt for å berga den vesle blakke fjordhesten, var det ikkje alle som akta den like høgt. Sigvart Petersen som hadde oppdraget med å føra den fyrste stamboka for dølahesten i pennen, formidlar det slik i si «Historisk indledning» til stamboka: «De vilkaar, som hesten fandt i landets forskjellige egne, skabte en række karakteristiske typer: – fra Vestlandsrasens forkrøblede smaattinger til Østlandets stolte, blanke traver.»¹⁵²

Dette var gjerne ein av motbakkane dei som ynskte å «redde stumpene», arbeidde i. Petersen var ingen kven som helst i norsk hesteavl. Han var hestedomar både for travselskapet som han var med å skipa i 1875 og for staten på utstillingar på Austlandet. Det var likevel

¹⁵⁰ Fjordenes Blad 10/10-1906

¹⁵¹ Fjordenes Blad 20/11-1907

¹⁵² Petersen 1902 s.15

helst for travselsskapet at han la ned eit stort PR-arbeid.¹⁵³ Sjølv om denne typen eksplisitt nedvurdering ikkje var regelen, viser det at det var stor spreing i verdivurderingane, òg mellom fagfeller.

Ferdigstillinga av den fyste stamboka som kom ut to år etter at debatten var stilna i avisspaltene, viser at det var puristane som gjekk av med sigeren, om ikkje i fyrste omgang.

Kampen om stamboka

Spora etter kampen om fjordhesten er òg å finna i offisielle kjelder, og då i stamboka. Dei to fyrste kom til «efter foranstaltning av Det Kgl. Selskap for Norges Vel». Den fyrste: *Stambok over fjordhesten (vestlandshesten)* kom i 1910, med eit tillegg i 1912. Åtte år seinare, i 1920, kom neste utgåve; *Stambok over vestlandshester*. Statens Stambokkontor vart oppretta i 1918, og neste bandet var det denne institusjonen som stod bak, den kom ut i 1924. Namnet var då vorte til *Stambok over vestlandshesten*.

Den fyrste utgåva av fyrste bandet vart ført i pennen av M.T. Langballe. Han skreiv sjølv i føreordet til boka at han var i sterk tvil om han ville ta på seg dette oppdraget. Etter førespurnad frå Norges Vel, takka han fyrst ja, før han etter ei tid trekte seg på grunn av vanskar med sikre opplysningar om avstamming. Etter ytterlegare påtrykk tok han oppatt arbeidet og fekk den gjeven ut i 1910.¹⁵⁴

Arbeidet med denne fyrste utgåva gjekk altså føre seg medan striden rasa i avisspaltene. Langballe var ikkje heilt åleine om arbeidet. Han allierte seg med Statskonsulentane Teig og Anzjøn i tillegg til dei to gardbrukarane og oppdrettarane, Erdal og Andeberg. Alle desse fire, men særleg Teig og Erdal var sentrale i debatten, og var i lag med Langballe klare i synet på at Rimfakseavkomet ikkje måtte utrangerast, men vatnast ut over tid. Andeberg målbar synet sitt i Fjordenes blad i eit svar til distriktslækjar Brodtkorb.¹⁵⁵ Anzjøn sitt primære syn kjem ikkje eksplisitt fram i kjeldene. Det som kjem fram er at han tala i mot Nordang då han ville ha reinavl på mindre dyr, for å bevare rasen. I den debatten sa han at folk fekk heller importera hestar frå Shetland om dei ville ha små hestar.¹⁵⁶ Då stamboka kom, var difor dei omstridde hingstane med i listene.

¹⁵³ Langballe 1910 s.VII

¹⁵⁴ Langballe 1910 s. VII

¹⁵⁵ Fjordenes Blad 6/10-1906

¹⁵⁶ Fjordenes Blad 10/10-1906

Dette grepet ser ikkje ut til å falle i god jord hjå alle. Andre utgåve frå 1920 har eit føreord av Chr. Wriedt som førte ho i pennen. Han skriv om kva som skjedde etter at fyrsteutgåva vart kjend ti år tidlegare:

Efterhvert som stamboken blev gjennomgått og kjent i distriktene viste det sig som ofte tilfelle ved en begynnende stambokføring at en del av oplysningene var mindre pålitelige. Der fremkom efterhvert nye oplysninger om avstamningen for flere av de stambokførte dyr, og efter anmodning av Det kgl. Selskap for Norges Vel samlet og bearbejdet statskonsulent Borchgrevink det nye materiale som i 1912 blev utgitt i hefteform som et tillegg til stamboken.¹⁵⁷

Slik sett er det mykje rimeleg at en nye utgåva er meir påliteleg enn den fyrste. Ei stambok var ei nyvinning og det er rimeleg å rekna med at ho har hatt sin effekt på debatten, både i at den etter stamboka hadde innhald nok til å verta meir opplyst, og at det var lettare å sjå og ikkje minst peika på kva det var ein var usamde om. Det kan me slutta ut frå det som vidare står å lesa om kva endringar som har vore gjorde, og kvifor. Den nye utgåva var delt i to avdelingar. Ei avdeling for det dei rekna for høyra til «Vestlandshesten», den andre avdelinga var for «hester av blandet og fremmed avstamning»¹⁵⁸ Grensa for å verta rekna som Vestlandshest gjekk ved tre fjerdedelar. Dei som vart vurderte til å ha meir enn ein fjerdedel framand innblanding vart plasserte i avdeling II. Wriedt skriv:

I stambokens første utgave var der tatt med endel kryssninger som visstnok alle har hatt betydning for Vestlandets hest, men hvis avstamning, nedarving og tildels utseende ikke berettiger dem å bli betegnet som vestlandshest i ordets nuværende betydning. Disse kryssninger samt endel andre hester som har hatt betydning for Vestlandet er slått sammen til en egen avdeling som muligens senere vil kunne skilles ut som en egen stambok såfremt enkelte distrikter på Vestlandet ønsker at drive al av denne hestetype...

Hestenes overføring til avdeling II er for en overveiende del blitt foretatt efter den brøkdelen fremmed blod som vedkommende hest har ført. Alle hester med over $\frac{1}{4}$ fremmed blod er overført, med undtagelse av ett tilfelle hvor jeg ved personlig kjennskap til vedkommende dyr har funnet at det på grunn av type og nedarving av type bør bli stående i avdeling I...¹⁵⁹

Kva er det så me ser i denne teksten frå 1920? Den kan i lag med det som er gått gjennom tidlegare i kapittelet seia ganske mykje om den konstruksjonen av fjordhesten som ein rein rase. Det har i åra som har gått frå 1910 til 1920 heilt tydeleg føregått ein kamp som dei som

¹⁵⁷ Wriedt 1920 s.VII

¹⁵⁸ Wriedt 1920 s.VIII

¹⁵⁹ Wriedt 1920 s.VIII

ynskte Rimfakseavkomet ut av avlen ser ut til å ha vunne. I tillegg har det vorte lagt ned eit større arbeid for å få sikrere avstammingsinformasjon slik at det er kome til syne innblanding av «framandt blod» òg via andre liner. Det som er gjort er å setja ei grense på ¼ annan rase for å verta godkjend i stamboksamanheng. Dette gjeld dei hingstane som alt er brukte og der avkomet kan få stå i stamboka, og ikkje dei hingstane som var i bruk i 1920.

Tidlegare har me sett at det har vore til dels stor fargevariasjon i hestestammene på Vestlandet. Det har mellom anna vore synt til skifteprotokollar frå 1600-talet som fortel om både raude, brune og svarte hestar i det som har vore rekna for dei reinaste fjordhestområda.¹⁶⁰ I avdelinga for vestlandshestar i stamboka for 1920 er det lista opp 318 hingstar som er fødte frå 1857 til 1904. Nokre av dei var førte over til avdelinga for blandingsdyr, men kring 300 stod att som rasereine vestlandshestar. Av desse er det 10 hingstar som ikkje hadde ein av dei i dag godkjende fjordhestfargane og ingen av dei var fødd etter 1896. Altså var ingen av dei hingstane som var i bruk i 1920 brune, blå, raude eller skimla.¹⁶¹ I andre bandet av stamboka som kom i 1923, vart det slege fast kva fargar som var godkjende i rasen, og det var berre avbleikingsfargar, altså blakke i eller annan variant eller grå.

Ordbruk i teksten kan peika mot at i alle fall nokre av aktørane ser på dette som eit arbeid for å konstruera ein rase for framtida heller enn å redde ein rest frå fortida. I avisartiklar frå mellom andre direktøren ved Norges Landbrukshøgskule Johan Hirsch og Landbruksskulestyrar Nordang og fleire med dei, er synest det å vera eit ynskje om å bevare fjordhesten rein. Det er og uttalar om at ein må «redda stumpane» før det er for seint.

I føreordet frå stamboka frå 1920, finn me uttala som til dømes «å få skilt ut de dyr hvis avstamming ikkje byr tilstrekkelig garanti for at de er i besittelse av vestlandshestens egenskaper» og «er sløifet den historiske innledning som må sies å ha mindre interesse for stamboken og rasedannelsen» Det viser at det ikkje er bevaring av eit mangfald og ei variasjonsbreidd som er hovudmålet, men sett med eigenskapar som reknast for å vera vestlandshesten sine komparative fortrinn. I tillegg vert substantivet rasedanning nytta. Det viser at i alle høve denne aktøren er svært medviten om at det vart rasen vart skapt eller danna og ikkje var noko ein berre fann og heldt fast på.

¹⁶⁰ Karstad 1949 s.15

¹⁶¹ Wriedt 1920 s.1–79

Nok ein rase er konstruert

«Fjordracen» framstod som sjølve urhesten for eliten som leitte etter avlsmateriale på 1840-talet. Han vart halden for å vera veltilpassa, hardfør, lettføtt, lettfødd og nøysam. Det var denne hesten dei meinte urinnvånarane hadde teke med seg då dei kom flyttande til Norskekysten. Dei definerte både eit heimeområde, som er det me i dag kallar Vestlandet, og eit kjerneområde som strekte seg frå Nordfjord til Sunnmøre. Det gjekk likevel ikkje med fjordhesten slik som det gjekk med stavkyrkjer og rosemåla kister, folkeeventyr og mellomalderskrifter. Kva var det eigentleg som skjedde på desse 70-80 åra frå lektor Boeck og Norges Vel målbar dei fyrste førestellingane og til punktum var sett for diskusjonen i form av ei stambok med relativt klare grenser for kva ein fjordhest var?

Det fyrste ein kan slå fast er at den tapte kampen om statens gunst. Det kan argumenterast for at det skjedde tidlegare, men det vart svært tydeleg då statsagronom Lindeqvist fekk hovudansvaret for hesteavlen i landet. Han fann dølahesten jamt over meir tenleg for det nye landbruket og ville bruka dei avgrensa ressursane han hadde på å arbeida for den. Vurderinga var at små hestar var det nok av, utan statleg engasjement. Lindeqvist må likevel ikkje få alt ansvaret for at fjordhesten var nedvurdert av staten. Han hadde ein marknad å ta omsyn til, og når oppdrettarar på Vestlandet bad om å få utstasjonert ein statleg dølahingst, så såg han ingen grunn til å nekta dei det.

Dette, og det at det er meldt om blandingsavl attende på 1830-talet, tyder på at oppdrettarane var meir opptekne av kva dei kunne få betalt for det dei tok med seg over fjellet, enn dei var av korleis hestane til «de første indvaanere» såg ut. Det er ikkje mykje den jamne bonde og hestekjøpar kjem til syne i kjeldematerialet. Indirekte kan det gjerne likevel vera råd å seia noko om korleis dei stilte seg. Oppdrettarane opererte ikkje i eit vakuum. Dei var avhengige av ein marknad. Dersom dei har kjøpt med seg hingstar austfrå for å avla større hestar, har det vore fordi det var ein marknad for nettopp større hestar. Marknaden var både aust og vest for Langfjella. Det er difor vanskeleg å seia noko om kva for ein marknad det var ei tilpassing til, men det er trygt å slå fast at slik blandingsavl må ha vore gjort som ei marknadstilpassing.

Det vart teke til orde for auka statleg engasjement for fjordhesten ved fleire høve i perioden Til dømes vart det utvist engasjement på 1860-talet. Då vart det etterlyst hingstar av fjordrasen stasjonert ut på Vestlandet. Det vert skrive brev som rosar han i høge tonar og bore fram førestillingar om at det ville vore eit tap av nasjonalformue og velstand om han forsvann. Framleis er det «eliten» i form av amtmenn, ordførarar og liknande som ytrar seg til fordel for

fjordhesten. Kva dei som kjøpte hestar og brukte hestar meinte om saka, seier kjeldene syrgjeleg lite om før me kjem på andre sida av år 1900.

Frontane som kjem til syne i debatten frå 1905 til 1908 kan delast i to hovudgrupper, men ingen av dei er einsarta. Dei som ynskjer fjordhesten så fri frå framand innblanding som mogeleg, og dei som ynskjer å konstruera ein tenleg fjordhest med alt tilgjengeleg avlsmateriale, kan seiast å vera hovudgruppene. Samstundes ynskte nokon seg ein liten og lett reinrasa fjordhest, medan andre ynskte seg ein stor og sterk. Slik sett kan dei vala som vart gjort i andre andre utgåva av stamboka seiast å vera eit kompromiss.

Det kan argumenterast for at dei oppropa som kom frå ulikt hald i dei 70 år som gjekk frå den fyrste statlege satsinga og fram til den fyrste statlege stamboka, har vore rop om statleg hjelp til å ta vare på noko som var særmerkt for anten landsdelen eller for mindre distrikt.

Dei stadige namneendingane frå det offentlege seier og noko om korleis den har vore vurdert. Det har variert kvar dei styrande, altså statskonsulentar og seinare òg stambokkontoret har vurdert at han er heimehøyrande. Til dømes hadde ikkje statskonsulent Teig, sterke meiningar om namnet. For han kunne den gjerne ha nemninga Fjordhest, sidan det fyrst og fremst var i fjorddistrikta at avlen føregjekk. Når han likevel fall ned på Vestlandshesten, var det fordi den etter hans syn hadde sitt opphav langs heile vestlandskysten.¹⁶² Fjordracen var brukt i dei fyrste kjeldene. Fjordhesten har vore brukt og var og namnet som var nytta i den fyrste stamboka, med vestlandshesten i parentes. Frå 1923 var vestlandshesten nytta åleine til fjordhesten kom att i ein parenets i 1939 før han rådde grunnen åleine i tittelen etter 1946. Sjølv om namnet ikkje festa seg i dei offisielle kjeldene før etter andre verdskrigen, er det råd å slå fast at rasen var ferdig utmeisla i 1922.

Det kom fram tydelege vernetankar, og argumentasjon som kan tolkast som vernetankar med jamne mellomrom i heile perioden frå 1860-åra til kring 1920. Det var ikkje unisont, men det var der. Eit døme på dette kom frå den tidlegare omtala Johan L. Hirsch, som mellom anna hadde vore direktør ved Norges Landbrukshøgskole. I 1910 gav han ut boka *Hesten – slag og racer, avl og opdræt, røkt og pleie, bruk og nytte for land og by*. Her skriv han mellom anna om vestlandshesten:

Fjordhesten er det snart vanskelig at finde ren. Den vestlandske hesteopdrætter har faat en besynderlig tillid til og tro paa den østlandske hestetypen som den mest lønnsomme og anvendelige, og der findes snart faa bygder, hvor ikke hesteslaget er mer eller mindre

¹⁶² Fjordenes Blad 8/6-1907

forurennet med østlandsk blod. De vestlandsbygder som har staat længst imot denne indvandring av østlandshesten, er Søndmør, Nordfjord, Søndfjord og de yttre dele av Harangfjorden.¹⁶³

Om det endelege resultatet kan det gjerne seiast at det vart så reinrasa som det var råd å venta ut frå tilhøva, dregne som dei var mellom bruk og bevaring. Kravet om ein større hest var der, anten dei som gjerne kan kallast puristar, likte det eller ikkje. Dei som tok til orde for å avla på ein mindre type for å halda fjordhesten slik han var før 1840, nådde ikkje fram.

Dersom me ser på fargane, synest det klart at siste rest av variasjonsbreidd forsvann. Det skulle ikkje lenger førekoma til dømes svarte, brune eller raude fjordhestar. Berre avbleikingsfargane stod att som lovlege. Dei fargane som vart godkjende var altså dei som ikkje førekjem hjå dølahesten. Med tanke på det som vart skrive av fleire sentrale aktørar i perioden 1840 til 1920, synest det klart at det dei andre fargane som tidlegare hadde vore vanlege, om ikkje dominerande, vart borte for å skapa avstand til dølahesten. Ei forståingsramme som synest rimeleg for dette fenomenet, er at dølahesten heilt sidan Lindeqvist skubba han framfor fjordhesten, hadde vore ei referanseramme for heile hesteavlenn i landet. Den hadde vore halden for å vera eliten sin favoritt gjennom lang tid. Dette behovet for å skilja seg frå den, og arbeida fram noko særlege for fjorddistrikta eller mindre regionar, ser me òg på andre område i same tidsrommet. Dersom me ser på det som eit utslag av lokalt kulturminnevern, kan ein sjå parallellar til andre samtidige fenomen. I samband med bygdemobiliseringa på slutten av 1800-talet dukka det til dømes opp ei mengd bygdemuseum. Dette vert gjerne sett på som eit utslag av eit veksande medvit om at lokal og regionale kulturuttrykk var viktige og verd å ta vare på. Eit av motiva var at dei ville dyrka fram det dei oppfatta som nedvurdert av eliten.¹⁶⁴

Oppsummering

I dette kapitlet har me sett at nye aktørar har kome til og det eigentleg dukka opp to ulike debattar. Den fyrste me ser er debatten om det skal satsast på dølahest på Vestlandet. Det er heilt tydeleg staten si line. Trass i at det vert uttalt at valet av hingstar skal tilpassast lokale tilhøve, er det i byrjinga av perioden utelukkande dølahestar som vert stasjonerte ut på staten si rekning. Den andre debatten som kjem noko seinare, handlar òg om dølahesten, men då er det i kva grad det skal tolast raseblanding. Ein av grunnane til at det dukka opp nye aktørar i

¹⁶³ Hirsch 1910 s.58

¹⁶⁴ Ågotnes 2000 s.82

denne perioden kan rett og slett vera fordi resultata av dei statlege tiltaka tok til å verta synlege. Det kan synast som om det gradvis utvikla seg eit medvit om at den hesten dei var van med og som dei hadde brukt i generasjonar, var truga. Det var ikkje alle som engasjerte seg, og det heller ikkje noko samstemt kor av vestlendingar som tala fjordhesten si sak. Det kan likevel argumenterast for at det i fyrste omgang kjem til syne ein protest mot embetsmannsstyringa frå hovudstaden. Denne protesten kan sjåast i samanheng med andre straumdrag i samtida. I same tidsperioden auka medvitet om det lokale og regionale særpreget. Døme på dette kan vera framveksten av lokale og regionale historielag og framveksten av lokale museumssamlingar. Den tilsynelatande auka interessa for å satsa på fjordhesten i fleire av fjorddistrika kan sjåast som eit utslag av dette medvitet. Ei rimeleg forklaring på det aukande engasjementet kan difor vera at enkelte av aktørane i debatten meinte at ein lokal eller regional hesterase òg hadde verdi ut over den reint praktiske bruken som arbeidsdyr . Dersom me ser det frå denne synsvinkelen er det råd å argumentera for at fjordhesten gjennom perioden frå kring 1860, og utover til kring 1920 gjekk frå å vera eit arbeidsdyr «noksaa passende for Fjorddistrikternes lave Kulturtrin»¹⁶⁵ til å ta form som ein identitetsmarkør for enkelte vestlendingar, og gjerne særleg for folk frå området mellom Sunnfjord og Sunnmøre.

I neste kapittel vil eg sjå på utviklinga i Nord-Noreg og korleis styresmaktene såg på dei stadeigne hestane i den landsdelen.

¹⁶⁵ Lindeqvist 1860 *Om Betingelserne for at en Hest skal kunne ansees Præmieverdige* s.4

Kapittel 4 Hesten i Nord-Noreg

Perioden dette kapittelet femner om er fyrst og fremst tida frå like før 1900 og forbi tida då den nordnorske hesterasen fekk si eiga stambok i 1969 og fram til det siste namne-kompromisset i 1998. Dette er ein lang tidsbolk, og eg må difor avgrensa analysen til dei periodane der det skjer størst endringar. Det er fire periodar som peikar seg ut. Den fyrste er kring 1916. Det var året då den fyrste utstillinga for lyngshest vart skipa til med eit mål om å finna nok avlsmateriale til å berga rasen. Den andre perioden er frå like før til like etter andre verdskrigen, då det på nytt vart sett i gang eit arbeid for å få til organisert avl på rasen. Deretter vil eg ta for meg det som hende før og etter at rasen offisielt fekk namnet nordlandshest. Den siste perioden eg vil sjå på er 1990-talet då det vart ein hard strid om rasenamnet, som enda med kompromisset nordlandshest/lyngshest.

Hovudspørsmåla for dette kapittelet er: Korleis har rasen som i offisiell samanheng i dag heiter nordlandshest/lyngshest til som eigen rase, og korleis har han seinare vorte ein geografisk og etnisk identitetsmarkør. Eit anna spørsmål i samband med rasen er korleis striden om namnet har påverka utviklinga?

Grunnen til at eg vel å ta lettare på det som har med form og funksjon å gjera i dette kapittelet, er at det som skjedde dei fyrste femti-seksti åra av perioden har bore preg av å vera ein bergingsaksjon heller enn medviten avl for å stetta trongen for hest i landbruket. For å gje tilstrekkeleg bakgrunn for denne bergingsaksjonen er det likevel fruktbart å fyrst stilla spørsmålet: Korleis utøvde staten si rolle når det gjaldt hesteavl i denne landsdelen? Nord-Noreg er både langt og vidt og samansett. Det vil difor vera fruktbart å sjå etter ulikskapar mellom Nordland, Troms og Finnmark.

For å koma nærare ei forståing av desse forholda vil eg sjå det eg finn i lys av dei prosessane eg har sett på når det gjeld dei sørnorske rasane. Eg må òg sjå etter mønster dei han høva inn i når det gjeld utviklinga i regionen. For perioden etter andre verdskrigen gjeld det særleg identitetsskaping, både med tanke på geografi og etnisitet.

Hesten i Nord-Noreg før staten greip inn

Nord-Noreg er langt frå einsarta når det gjeld busetnad og næringsveggar. Det same kan ein seia om hestehaldet. Landbruksselskapa har vore sentrale aktørar i alt som har med utvikling av jordbruket å gjera, og hadde mange av dei oppgåvene som i dag ligg til både fylkeslandbruksstyret og landbruksavdelinga hjå fylkesmannen. Dei låg organisatorisk under

Norges Vel, og det er difor grunn til å rekna med at dei hadde mykje av dei same oppgåvene i sine respektive amt og seinare fylke. Frå stiftinga i 1809 hadde selskapet som uttalt mål «at virke, saameget som det formaaer, til Norges Vel i literær og økonomisk Henseende».¹⁶⁶

Organisasjonen tok til som ein organisasjon for eliten og hadde heile landet som virkefelt. Alt før det vart etablert amtsvise organisasjonar hadde difor Norges Vel medlemmer òg i denne landsdelen. Frå midt på 1800-talet vart det skipa amtsselskap òg i dei nordlegaste amta. Fyrst ute var Troms i 1855¹⁶⁷ og Finnmark fire år seinare¹⁶⁸. Nordland Amts

Landhusholdningsselskab, som det heitte då det vart skipa i 1876.¹⁶⁹ Som eg har peika på tidlegare i denne oppgåva, var organisasjonen privat, men den vart aktivt brukt av sentrale styresmakter til saksførebuing og utøving av praktisk politikk til dømes innanfor landbruket. Den var difor ein sterk aktør med stor påverknad.

Stor skilnad på dei tre nordlegaste amta

I Nordland var dei fleire stader tidleg ute med å setja inn dølahest i avlen. Til dømes vart det i 1864 etter oppmoding frå lokallaget i Vefsn kjøpt inn ein stamhingst av dølarase for staten si rekning.¹⁷⁰ Det vart òg tidleg kjøpt inn fjordhingstar førte etterkvart til at den lokale hestetypen vart oppblanda med dei to definerte sørnorske rasane mange stader. Korleis hesten var i Nordland før fjordhestane og dølahestane vart sett inn i avlen, kjem lite fram i kjeldene. Med tanke på avstandar og topografi er det grunn til å tru at det var ein del variasjon. Det er difor truleg at det har vore likskapar med hesten i Troms i den nordlege delen og med hesten i Trøndelag i den sørlege.

Dersom me ser på situasjonen i Troms, ser me mykje av det same som skjedde i Nordland, berre nokre år seinare. Hestetypen i deler av Troms på den tida er mykje rimeleg det som i dag vert kalla nordlandshest/lyngshest med lokale variasjonar. I 1855 melde amtmanden om hestesituasjonen at den vanlige nordlandske rasen jamt over var småvaksen og ofte utegangar, òg om vinteren. Senja og Tromsø by peika seg ut med det som etter hans syn var betre hestar enn distriktet elles.

Hestetalet i Troms auka midt på 1800-talet og steig mellom anna frå 3900–4500 mellom 1855 og 1865.¹⁷¹ I 1855 vart det skipa landbruksselskap i amtet og det kom etterkvart

¹⁶⁶ Birkeland 1861 s.7

¹⁶⁷ Ytreberg 1955

¹⁶⁸ Ytreberg 1959

¹⁶⁹ Breirem 1951

¹⁷⁰ Bjørnåli 1929 s.48

¹⁷¹ Ytreberg 1955 s.47

eit engasjement for å auka produksjonen og effektiviteten i landbruket. I 1891 vart dyrlækjaren E. Anzjøn tilsett som «Husdyravlsbetyrer for det nordenfjeldske Norge» Han meinte at Troms-hesten for så vidt var bra nok, men at den burde foredlast «ved tilblending av fjording». Bruk av dølahingstar fann han mindre aktuelt i distriktet.¹⁷²

Finnmark skil seg noko ut med tanke på hestar i tida før staten tok til med tiltak for å få sving på jordbruket. I 1834 skreiv amtmannen at det det ikkje fanst meir enn 120 hestar i Vest-Finnmark og berre åtte hestar i Aust-Finnmark. Midt i hundreåret tok talet på hestar til å auka i takt med omfanget av jordbruket elles. Til dømes auka det i Aust-Finnmark på grunn av bureisinga i Varanger.¹⁷³ Mot slutten av hundreåret får me vita at hestane i Finnmark for ein stor del var «store, vakre utholdende dyr av finsk rase» og at det årleg vart kjøpt inn hestar frå grannelandet.¹⁷⁴ Den omfattande bureisinga i Varangerområdet midt på 1800-talet utgjer mykje av forklaringa på kvifor hestetallet auka. Mange av kvenane kom frå stader der kombinasjonen av både skogbruk, åkerbruk og husdyrhald var vanleg. Kunnskapen om hest som arbeidshjelp i denne kombinasjonsnæringa tok dei med seg til den nye heimstaden.¹⁷⁵

Då hundreårsskiftet var passert argumenterte likevel amtsagronom Nielsen for at den planlause avlen var eit hinder for framgang og heller førte til hestar av stadig dårlegare kvalitet. Det vart likevel ikkje føreslege å styra avlen i den hestestamma som fanst i distriktet. Nielsen tok kontakt med landbruksselskapet og føreslo å kjøpa inn to avlshingstar sørfrå. Kostnaden måtte delast på fleire og prosessen drog ut i tid, men i Fjordenes Blad stod det i 1902 ein notis:

Til 2 avlshingste af fjordracen har Finmarkens Landhusholdningsselskab andraget om et statsbidrag. For 40-50 år siden havde Finmarken ingen heste. Siden er der indført nogle finske dårlige heste, der ved avl med for unge dyr er blevet endda daarligere. Nu vil man prøve med fjordheste. Departementet udtaler, at det vil anbefale statstilskud, naar amtet har bevilget sin halvdel.¹⁷⁶

Det skjedde ikkje meir korkje det året eller det neste, men i 1904 vart det kjøpt inn to hingstar og seks hopper av fjordrasen ved hesteutstillinga på Nordfjordeid.

¹⁷² Ytreberg 1955 s.88

¹⁷³ Ytreberg 1959 s.26

¹⁷⁴ Ytreberg 1959 s.87

¹⁷⁵ Maliniemi 2008 s.34

¹⁷⁶ Fjordenes Blad 12/11-1902

Statlege tiltak for hesteavl i Nord-Norge

I løpet av ein treveårsperiode frå 1877 til 1905 vart det sett i gang med innkryssing av fjordhest og til dels dølahest i alle dei tre nordlegaste amta. I dei kjeldene eg har sett på, ser det ikkje ut til at andre løysingar vart vurderte i det heile. Skulle hesten forbeistrast meinte styresmaktene at det måtte koma hingstar, og endå til hopper sørfrå.

Rettar me blikket sørover i same periode, ser me at det utkrystalliserte seg to ulike rasar, og at argumentasjonen i stor grad gjekk på at det var viktig å ha klimatisk og topografisk veltilpassa arbeidsdyr. Kvifor vart ikkje dette vurdert som viktig i den nordlege landsdelen i same perioden? Kvifor var ikkje desse «store, vakre utholdende dyr av finsk rase» avla vidare på der dei var?

I løpet tida fram til kring 1870, kan det seiast at det utkrystalliserte seg to ulike rasar med kvar sine eigenskapar. Reisa fram til to skilde rasar med kvar si stambok var ikkje utan krokvegar og hinder. Det synest som om staten den fyrste tida helst såg at det vart satsa på éin rase. Når det likevel enda med to, som etterkvart fekk kvar sine dømingskriterier og kvar si stambok, er det ikkje urimeleg at statens representantar meinte det fanst noko for eit kvart behov og for ein kvar bruk. Vurderinga kan då ha vore at rasane med sin innbyrdes variasjon og kvar sine rasetypiske eigenskapar, dekkja den trongen som var for hest i norsk landbruk og transport. Ei anna mogleg forklaring er at jordbrukstiltaka i Nord-Noreg bar større preg av kolonisering og at innføringa av Sørnorske hestar vart sett på som ein naturleg del av kultiveringa av folk og land og for å skapa avstand til det finske.

Statlege tiltak og resultat fram til 1930-talet.

Dersom me ser på korleis utviklinga heldt fram i dei fyrste tiåra på 1900-talet, ser med mykje av det same som i tiåra før, men med eitt unntak som me kjem attende til. I Nordland heldt overgangen til sørnorske hesterasar fram utover i 20-åra. Som døme kan det nemnast at då det i 1926 vart halde ei hesteutstilling under «Nordland Fylkesutstilling» i Bodø samband med at landbruksselskapet i Nordland var 50 år, var det ikkje ein einaste hest av lokal type i ringen. Breirem skriv: «Hesteutstillingen var ikke stor, den bestod av en hingst og åtte hopper av østlandsrase og to hingster og fem hopper av fjordrasen. Utstillingen var typisk for vår hestebestand, men særilig østlandshestene var i for knapt huld»¹⁷⁷

Statskonsulenten melde om vanskelege kår for hesteavlen i Nordland heilt til i slutten av 1920-åra og ein stor del av hestane vart kjøpte sørfrå. Ti år seinare var det framleis ein

¹⁷⁷ Breirem 1951 s.81

tendens til at det kom hestar frå distrikt sør for Nordland, men statskonsulenten meinte at dei etterkvart måtte sjå til å skaffa seg hestar av eigen avl og nøya seg med å kjøpa hingstar sørfrå.¹⁷⁸

Det me kan lesa ut frå dette er at det var for få som dreiv med avl av hest i Nordland til at dei kunne halda seg med bruksdyr av eige al. Denne mangelen kan ha fleire forklaringar. Den eine er at utviklinga i samfunnet både innanfor landbruk og transport hadde ført til trong for meir hest i desse åra, sjølv om stadig meir av landtransporten gjekk over på bilar utover på tjuetalet. Dersom ikkje hesteavlen held tritt med etterspurnaden kan det ha vore ein av grunnane til at det vart kjøpt inn både avlshingstar og bruksdyr frå andre distrikt. Det er likevel funn i kjeldene som tyder på at det òg tidlegare har vore meir vanleg å kjøpa enn å avla, i alle høve i deler av Nordland. Olav Karstad skriv at oppkjøparar heilt frå sørlege delen av Helgeland reiste til Troms og kjøpte føl for fordi dei var rimeleg i innkjøp.¹⁷⁹

Fleire kjelder fortel om resultatet av dei statlege avlstiltaka. I Hadsel var på 1920-talet fjordingar eller kryssingar mellom nordlandshest og fjording, fortel Atle Larsen i ein artikkel frå 1988.¹⁸⁰ Odd Nyborg skriv at fjordingen dominerte på slutten av 1930-talet, men at det òg fanst ein og annan dølahest, men at det framleis fanst nokre eksemplar av lyngshest.¹⁸¹ Frå Vesterålen fortel Vidar Hole at: «...den ekte nordlandsrasen døde ut. Den stedege hesten ble oppblandet med hester fra Vestlandet og Østlandet. Dette resulterte i at rasen som oppstod ble et konglomerat som verken lignet hund eller katt. Raseskille ble umulig å slå fast»¹⁸²

Hest som jordbrukslærer i Finnmark

Som nemnt ovanfor vart det kjøpt inn både hopper og hingstar frå Nordfjordeid til Finnmark i 1904. Fjordhesten vann terreng i amtet, særleg der det var tyngre arbeid som i jordbruket og i skifertransporten i Alta. Men det var ikkje alle som var like glad for dette raseskifte. Ytreberg viser til at enkelte reagerte på at dei var for tunge og trege. Meldinga kom frå dei som var van med lettare og kvikkare finske hestar som var raskare skysshestar. Amtsaagronom Nielsen meinte at utviklinga var av det gode og at fjordhesten passa til det «solide stadige og seige arbeid som også folk i Finnmark burde legge seg etter»¹⁸³

¹⁷⁸ Breirem 1951 s.138

¹⁷⁹ Karstad 1949 s.12

¹⁸⁰ Larsen 1988 s.31

¹⁸¹ Nyborg 1986 s.44

¹⁸² Hole 1983 s.23

¹⁸³ Ytreberg 1959 s.118

I denne siste uttalen kan det sjå ut som om amtsagronomen meinte at finnmarkingane måtte læra seg å arbeida, og at fjordhesten kunne vera ein god læremeister. Slike utsegner støttar òg opp om at innføringa av Sørnorske rasar var ein del av kultiveringa eller fornorskinga av landbruket. Dette synet på folk og levesett og at det trong endrast for å høva inn i det norske samfunnet var han ikkje åleine om. Narve Fulsås siterer biskop Bergrav som gav ut ei bok om Nord-Norge i 1937: «Arbeidet på økningen av jordbruket i Nord-Norge er et arbeid også på folkekarakteren» Han meiner Berggrav i boka si opererer i tradisjonell embetsmannstil og at han set han si lit til jordbruket som karakterdannande næring. Jordbruket krev jamt arbeid og gjev utsett avkastning.¹⁸⁴ Dette vart sett på som ein god måte å avbalansera eit folk som i større grad hadde levd av fangst og fiske, der risikoen er høgare og gevinsten meir usikker. Det var finsktalande innvandrarakar eller etterkomarakar etter desse som stod for mykje av den auka jordbruksproduksjonen i Finnmark. Desse innflyttarakarane var det fleire embetsmenn som sette høgt, gjerne nettopp fordi dei var jordbruksfolk som utnytta naturressursane ved meir intensiv drift enn det som hadde vore vanleg i områda tidlegare.

Trass i at det vart kjøpt inn både avlshopper og -hingstar til amtet i 1904, og det fanst ein marknad for hest, var det færre enn styresmaktene håpa på som gjekk i gang med avl. På 1920-talet var hestemangel ei hindring for å få auka jordbruksproduksjonen. Løysinga var å halda fram med å kjøpa bruksdyr. Ut på 1930-talet var situasjonen den same og det vart kjøpt inn mykje hest. Noko av dette kom frå Vestlandet, i midt-Finnmark kjøpte dei framleis dyr frå Finland, medan det i Alta, der det var mykje tungtransport i skiferbrotet, vart handla større hestar frå Trøndelag.¹⁸⁵ Som me har sett tidlegare har norsk hesteavl i all tid og i all hovudsak gått føre seg i det små på gardar med ei eller nokre få følmerrar. Dette vert ei tilleggsnæring som krev overskot på fôr som elles må takast frå annan produksjon som mjølk eller kjøt. Jordbruket i Finnmark var for det meste eit sjølvforsyningsjordbruk heilt fram til etter andre verdskrigen¹⁸⁶ og lenge etter at jordbruket lengre sør hadde gått meir over til eit handelsjordbruk der dei dyrka det dei hadde best føresetnader for, selde overskotet og handla att det dei ikkje laga sjølve. Reidar Almås forklarar denne skilnaden mellom anna med at bymarknadene var små, at den samla kjøpekrafta i nedslagsfeltet var lita og at transporten ofte var tungvint og fårefull.¹⁸⁷ I eit samfunn der jordbruket mange stader ikkje genererte eit overskot ut over det som trongs til eige hushald, er det òg råd å forstå at det ikkje var interesse for å ta på seg større fôrbyrder enn det som var naudsynt.

¹⁸⁴ Fulsås 1997 s.210

¹⁸⁵ Ytreberg 1959 s.182

¹⁸⁶ Almås 2002 s.35

¹⁸⁷ Almås 2002 s.35

Jordbruksdrifta arta seg ulikt i kystbygdene, i fjord- og dalbygdene og i innlandsbygdene i Finnmark, og me kan gjerne i denne samanhengen leggja til Nord-Troms, som naturgeografisk høyrer saman med Finnmark.¹⁸⁸ Langs kysten var jordbruket i stor grad ei binæring og fiske var den viktigaste kjelda både til mat og kontantar. Mykje av dyrefôret kom frå sjøen i form av både fiskeavfall, tang og tare. I ei slik drift var gjerne hestehjelpa for lita til at det var interessant å halda seg med ein, langt mindre driva med avl. I innlandet vaks det etterkvart fram jordbruk i tillegg til reindrift. Her vart òg i all hovudsak åkerarbeidet drive med handemakt, medan transporten vart gjord med køyrerein, som både fann maten sin sjølv og var billegare både å kjøpa og eiga.¹⁸⁹ Det er difor mange faktorarar som medverkar til at interessa for hesteavl i Finnmark ikkje var like stor som lengre sør.

Fjordhest og døl i Troms

I Troms vart husdyravlstyrar Anzjøn høyrd og landbruksselskapet i amtet søkte om pengar til å kjøpa inn ein vestlandshingst i 1895, og i tiåret som fylgde auka det på med fjordhestar i Troms. I Målselv der jord- og skogbruket hadde mykje å seia var det Dølahestar som kom. Mykje av innflyttinga til Målselvdalen og andre innlandsbygder i Troms, kom frå dei øvre bygdene i Østerdalen og frå Oppdal.¹⁹⁰ Det er difor rimeleg at dei heldt fram med å bruka den hesten dei var van med. Populariteten til dølahesten greip om seg elles òg, og i 1919 var det hesteavlslag med dølahest både i Målselv og i Sørreisa.¹⁹¹ Det synest likevel å ha vore i alle fall eitt distrikt der dei importerte hestane frå Sør-Noreg ikkje fekk skikkeleg fotfeste.

I området rundt Lyngenfjorden heldt dei på den hesten dei hadde brukt, og var nøgde med den. Her hadde det vore hesteavlsmiljø i generasjonar, og oppkjøparar kom som tidlegare nemnt heilt sør frå Helgeland og nord til Lynggeområdet for å kjøpa føl.¹⁹² Dette heldt dei fram med trass i at amtsagronom Anzjøn ved ei stats-amtutstillinga i Lyngen i 1898 fann alle hingstane han såg «aldeles utjenlige til avlsdyr» og difor rådde til å kjøpa inn ein vestlandshingst her òg.¹⁹³

Jamt over vart det ein nedgang i hesteavlen på 1920-talet òg i Troms. Noko av dette kan skuldast at det vart mindre skogskøyring på grunn av tømmerpriskrakket våren 1921.

¹⁸⁸ Almås 2002 s.35

¹⁸⁹ Maliniemi 2008 s.52

¹⁹⁰ Gjerdåker 2002 s.130

¹⁹¹ Ytreberg 1955 s.118

¹⁹² Karstad 1949 s.12

¹⁹³ Ytreberg 1955 s.154

Prisane tok seg oppatt i 1923-25, men fall att fram mot 1930¹⁹⁴ Det siste resulterte i alle fall i at etterspurnaden skifta over til ein mindre hestetype enn dølahesten og det vart meir i vinden med fjordhest att.¹⁹⁵

Kva seier kjeldene om Nordnorsk hest?

Korleis vurderte dei statlege representantane den stadeigne hesterasen til ulike tider i denne perioden? Det er berre å vedgå at kjeldene er sparsamt utstyrte med eksplisitte vurderingar av lokale hestetypar frå tida før dei statlege tiltaka. Dei fortel likevel om ein hestekultur som går langt attende. Dei fleste som skriv om hestehaldet i Nord-Noreg i eldre tid siterer eller parafaserer det hovdingen Ottar fortalde til Kong Alfred av England. «Han var blant de fremste menn i landet. Likevel hadde han ikke mer enn tyve kyr og tyve sauer og tyve griser; og det vesle han pløyde, det pløyde han med hester.»¹⁹⁶ Det er òg funne jarndeler av seletøy og munnbitt fleire stader i Troms og Nordland som viser at det har vore hestehald attende til år 800-1000.¹⁹⁷

I Troms og Finnmark har tillegg innvandringa frå noverande Finland og Sverige hatt stor påverknad. I så å seia kvar einaste fjordbotn og elvedal mellom Balsfjord og Porsanger busette det seg finnar i perioden 1720–1820. Dette var jordbruksfolk som hadde hest og hestekultur med seg.¹⁹⁸

Med tanke på storleiken på landsdelen og variasjonen i både naturtypar og næringsstruktur er det rimeleg å anta at det har vore variasjon og i hestetypane, slik me òg såg det på Vestlandet. Kjeldene nemner òg fleire lokale hestetypar ved namn. Nokre av namna kan ha vore i del av daglegtalet medan andre er namn som har vore sett av dei som sette seg til å skriva om det dei hadde observert. Namn som går att i litteraturen er lofothesten, lyngshesten, nordlandshesten, porsangerhesten, og utegangarhesten, i alfabetisk rekkjefylgje. I tillegg skriv fleire om «finsk hest».

¹⁹⁴ Almås bd.4, 2002 s.45

¹⁹⁵ Ytreberg 1955 s.170

¹⁹⁶ Storli 1995, s.4

¹⁹⁷ Maliniemi 2008 s.25

¹⁹⁸ Maliniemi 2008 s.12

Ulike hestetypar eller ulike namn?

I 1897 skreiv landbruksskulestyrar L.P. Nilssen ein artikkel om det han i ein tidlegare artikkel hadde kalla «Lofothesten». I 1897 kalla han den «Den gamle Nordlandshest» og skildra den som ein hestetype som bar preg av å vera overlaten til seg sjølv for det meste. Han var liten og raggete, og bar preg av å ha levd sitt liv ute der han tok til seg den næringa han fann. Han gjev uttrykk for at det var miljøpåverknaden som over til hadde gjort denne hestetypen liten og nøysam.¹⁹⁹ Han tok eit bilete av den som har hamna i eit stort tal bøker og tidsskrift seinare. Det vart seinare trekt i tvil om dette var eit namn i dagleg bruk. Karstad var ein av dei som tvila på at «Lofothest» kunne reknast som ein eigen type eller rase, og tok til orde for at namnet burde ut av vokabularet.²⁰⁰ Nemninga «Porsangerhest» har eg funne brukt i litteraturen fyrste gong i 1905 av Amund Helland i ei skildring av Finnmarks amt. Der går det fram at det var ein velsedd hestetype og at han vurderte den til å vera av god kvalitet og jamt over betre enn dei finske hestane han såg på ferda gjennom amtet.²⁰¹ Det verkar å vera semje om at det ikkje lenger finst nokon «Porsangerhest». Det at nemninga er brukt i ei skildring av evakueringa av Finnmark under krigen, tyder på at det framleis på 1940-talet var eit omgrep som var i live i daglegtalet til enkelte.²⁰² I fylgje Elling Vatne forsvann dei siste av desse hestane då Finnmark vart evakuert.²⁰³

Lyngshesten er den lokale rasen som er mest omtala i kjelder. Det er òg den som er grundigast skildra. Mykje av det skuldast nok at det i 1916 vart halde ei utstilling av lynghest for å finna ut om det var mykje nok og god nok hest til at den kunne bergast som eigen rase. Utstillinga på Kvesmenes i det som i dag er Stordfjord kommune, førte ikkje til at det vart sett i gang noko organisert avl. Det kom for få hestar og i fylgje Ytreberg antok dei fagfolka som var der at lyngshesten kunne reknast som utdøydd. Det at det kom for få hestar kan gjerne skuldast at det var den fyrste utstillinga i distriktet. Frå etableringa av utstillingar i Sør-Noreg, veit me at det tok tid før det vart vanleg å oppsøkja denne typen arena. Det skulle òg seinare visa seg at hestane fanst.

Når det gjeld omgrepet «nordlandshest» verkar det straks meir innfløkt.

Hovudgrunnen til det er at distriktet nemninga peikar på både er omdiskutert og geografisk langt, uansett korleis ein vel å forstå det. Med tanke på det siste er det gjerne ikkje så underleg at skildringane og opphavsforklaringane sprikjer. Det ser òg ut til at omgrepet har vore gjeve

¹⁹⁹ Nilssen 1897 s.359-360

²⁰⁰ Karstad 1949 s.11

²⁰¹ Helland 1905 s.359

²⁰² Petterson 2008 s.91

²⁰³ Vatne 2006 s.20

ulikt innhald til ulike tider. Nordland var det fyrste av amta i Nord-Noreg der staten engasjerte seg i hesteavl i 1864, kring tretti år før Troms og førti år før Finnmark. Desse ekstra åra med innblanding av fjordhest eller døl vil ha sett sine spor i dei fleste bygder.

Statskonsulentane melder òg om for lite miljø for hesteavl og at det vert kjøpt inn mykje hest sørfrå så seint som på 1930-talet²⁰⁴ Desse meldingane er svært generelle og fortel om tilstanden i heile amtet. Det er difor godt mogeleg at det i einiskilde område har vore overskot på hest likevel. Det er òg råd å sjå for seg at det har vore halde fram med å avla på stadeigne hestetypar einiskilde stader, utan at det kjem fram i meldingane frå statskonsulenten. Eit funn peikar i den retninga eller i alle fall opnar for det er mogeleg. Det er at statskonsulenten på slutten av 1930-talet melde at det var stamhingstar av fjordhest eller dølahest i tjuve kommunar, men at det trongst i tjuve til. Det er likevel lite truleg at det fanst mange hestar utan framand innblanding med tanke på at det på denne tida hadde vore drive medviten innblanding av fjordhestar og dølahestar i meir enn 60 år.

Olav Karstad gjev uttrykk for at det dei kalla nordlandshest før avlsarbeidet tok til på 1870-talet var ein djup, brei og triveleg hest der fargane ymsa med fleste raude, svarte og brune, færre blakke og grå. Han peikar òg på at den var sterkt påverka av innblanding, frå Trøndelag i den eine enden av amtet og av lyngshest frå Troms i den andre. I tillegg held han det for rimeleg at det har vore noko påverknad av hestar frå Vestlandet.²⁰⁵ I Trøndelag veit me frå Lindeqvist sine årsmeldingar at det var ein del variasjon i hestepopulasjonen mellom anna med påverknad frå Jämtland.²⁰⁶ Det er difor rimeleg å rekna med at det har vore større variasjonsbreidd når det gjeld storleik, form og farge på det som vart kalla nordlandshest enn hjå dei andre stadeigne hestetypane som er nemnde over. Det er fleire grunnar til det. Den eine er storleiken på landskapet den fekk namn etter. Det er meir sannsynleg å finna ein einsarta hestetypen i mindre område som Lyngen eller Porsanger enn i Nordland som strekkjer seg femti mil i luftline, og åtti mil langs landevegen. Den andre grunnen er påverknaden frå tilstøytande distrikt med overskot på hest, slik som Troms og Trøndelag. Slik sett kan det godt henda at det har vore einsarta typar innanfor mindre distrikt i Nordland, men større variasjonsbreidd i amtet sett under eitt. Me skal seinare koma attende til omgrepet nordlandshest i samband med namnet på det som i dag vert kalla nordlandshest/lyngshest.

²⁰⁴ Breirem 1951 s.138

²⁰⁵ Karstad 1949 s.12

²⁰⁶ Lindeqvist 1859 s.22

Lyngshesten

Når idéen dukka opp om at òg den nordlege landsdelen hadde stadeigne hestar som var verd å satsa på og driva avl på, har eg ikkje klart å finna noko om i kjeldene. Den fyrste praktiske teiknet på at tanken om at det einaste saliggjerande var å blanda dei opp med fjordhest og døl var på vikande front, kom som nemnt i 1916. På Stats-Amtsutstillinga for lyngshest på Kvesmenes vart det premiært 16 hopper, men på grunn av manglande frammøte på utstillinga slo statskonsulenten og landbruksdirektøren frå seg å finna nok avlsdyr til å avla lyngshesten som eigen rase. Det vart òg stilt lyngshopper på eit hoppeutstilling i Tromsøysund, der tre av dei frammøtte vart premierte.²⁰⁷ Det at det vart premiært hestar av stadeigen rase, kan ha vore med på å auka medvitet om at her er det noko ein bør ta vare på, både mellom landbruksbyråkratar og hesteavljarar. Eit spørsmål som dukkar opp er då: Kvifor skjedde dette på denne tida? Kva motivasjon låg bak?

Aukande medvit om lokale og regionale verdier?

Dersom me ser attende på det som skjedde rundt fjordhesten på Vestlandet på 1860-talet, ser me at dei lokale embetsmennene var med i kampen for den lokale hesterasen. Er det noko liknande me ser i Troms seksti år seinare? I dei kjeldene eg har gjennomgått var det ein statsdyrlækjar som tok opptakten til den fyrste lyngshestutstillinga, altså ein statstenestemann med tett kontakt med bønder og hesteoppdrettarar. Er dette òg eit døme på at det var lokale statlege representantar som fyrst såg verdien av det lokale og regionale? Kan det skuldast at medvitet om at det lokale og regionale òg hadde ein verdi i nasjonal samanheng kom seinare til den nordlege landsdelen? Medvitet om fjordhesten høver i tid saman med andre lokale og regionale fenomen som målreising, ungdomslagsrørsla og aukande interesse og engasjement for lokal historie og kultur.

Dei praktiske utslaga av interessa for å berga lyngshesten frå utrydding eller utvatning, dukka opp i tidsperioden 1914-1940, i det som Einar Niemi kallar den andre fasen i oppbygginga av Nord-Norge som region. Det Niemi peikar på som typisk for denne perioden var at det mellom andre fanst mange offentlege tenestemenn mellom regionbyggjarane. Perioden var prega av auka medvit og identitetsbygging på ulike felt.²⁰⁸

Det er råd å forstå dette omskifte i hesteavlen innanfor ramma av eit auka medvit om dei kulturelle verdiane og lokalt særpreg i regionen. I tekstane eg har gått gjennom synest det

²⁰⁷ Tyssø 1948 s.4

²⁰⁸ Niemi 2007 s.15

å vera kjemisk fritt for romantisk-ekspressive verdivurderingar når det gjeld hesteavl fram til andre verdskrigen. Argumentasjonen som går att for å ta vare på lynghesten, er at det er ein helsesterk hest som kan brukast opp i høg alder og nesten aldri vert sjuk eller halt. I tillegg er han jamt over mindre enn fjordhesten og høveleg stor til mindre gardsbruk.²⁰⁹ Altså, han kan gje brukaren driftsøkonomiske fortrinn. Ei forklaring på dette kan altså vera at det vaks fram eit medvit mellom byråkratane om at det hadde vore gjort avlsarbeid i området, der resultatet var ein hestetypa som faktisk var godt tilpassa dei lokale tilhøva.

Etter denne fyrste framstøyten gjekk det likevel meir enn tjue år før det skjedde noko meir. Ei mogleg forklaring på kvifor det ikkje vart sett i gang noko systematisk avlsarbeid, kan vera situasjonen for hesteoppdrettarane. Etter å ha opplevd ein konjunkturtopp under fyrste verdskrigen sokk hestepriane i 1920-åra. I tillegg forsvann ein viktig arbeidsplass for hestane i Kåfjord i 1919 då kopargruvene i Ankerlia i Birtavarre vart lagt ned. Der hadde hestane vore i bruk både i malmtransporten og til skysskøyring sidan gruvene opna i 1898.²¹⁰

I området Kvænangen, Nordreisa, Kåfjord og Storfjord har tre ulike folkegrupper levd side om side. I tillegg til nordmenn og samar, er svært mange kvenar. Kontakten med Finland har alltid vore tett, med transport opp og ned Skibotndalen, og ikkje minst den årlege marknaden på Skibotn, som samla mykje folk frå båe sider av grensa til handel og samkvem. Den norske staten hadde heilt sidan 1860-åra omtala Finland og kvenane i samanheng med tryggleikspolitikk. Frå 1917 vart i tillegg Finland rekna som eit mogleg transittområde for revolusjonært tankegods.²¹¹ Eriksen og Niemi peikar i boka *Den finske fare* på at ein del av motivasjonen for fornorskingspolitikken låg i nettopp dette. Det som endra seg i 1920-åra var at Nord-Troms for alvor vart del av det geografiske området der det både skulle skjermast mot Finland og setjast i gang ein indre offensiv mot kvenane og dels samane. Eit av tiltaka var forbod mot hesteferdsl mellom Finland og Noreg for å redusera grensehandelen.²¹²

Utan å gå inn i noko drøfting av fornorskingspolitikk og -tiltak, er det likevel freistande å peika på at det kan vera ein samanheng mellom fornorskingspolitikken og den brått fallande interessa for å berga noko som kunne sjåast på som eit kvensk kulturtrekk. Den statlege førestillinga var at mange av dei som budde i same område som lynghesten kunne utgjera ein tryggingpolitisk fære fordi dei snakka finsk eller kvensk og ætta frå Finland. Det er difor råd å sjå det bråe bortfallet av statleg interesse for rasen som anten eit ledd i eller ein konsekvens av den indre offensiven som Eriksen og Niemi skriv om.

²⁰⁹ Vik 2016 s.22

²¹⁰ Vatne 2006 s.30

²¹¹ Eriksen & Niemi 1981 s.319–322

²¹² Eriksen & Niemi 1981 s.323–324

Ny utstilling og status som eigen rase

I slutten av 1930-åra tok altså landbrukssekretær Reidar Sollie, statskonsulent Hans Petter Tilrem og fylkesagronom H. Giæver opp att arbeidet med å berga lyngshesten. Eitt av tiltaka var å laga til ei hesteutstilling for lyngshest i Manndalen i Kåfjord.²¹³ Når det gjeld den aukande interessa for å avla på denne hesten, peikar Elling Vatne i boka *Lyngshesten* på to ulike grunnar. Det fyrste er at medvitet om verdien av å berga denne stadeigne rasen hadde auka mellom innbyggjarane i Nord-Troms. Den andre grunnen er at det hadde vorte større etterspurnad etter ein mindre og meir lettfødd hest. Han forklarar det siste med at det var mindre skogkøyring på grunn av låge tømmerprisar. I tillegg kom stadig meir av tungtransporten over på lastebilar. Det som då stod att, var trongen for ein hest til lettare gardsarbeid, skysskøyring og lettare transportkøyring.²¹⁴

Ved mønstringa i Manndalen vart det gjeve premie til seks hopper. Målet var no å få ei styring på avlen. Troms Landbruksselskap engasjerte seg i saka og søkte departementet om støtte til å kjøpa en avlshingst til distriktet. Det gjekk gjennom og same året vart lyngshingsten «Rimfakse», òg frå Kåfjord kjøpt inn som den fyrste statstopnemnde hingsten av denne rasen.²¹⁵ Det kan synast som om hingstar med dette namnet har ein eigen evne til å setja spor etter seg. I åra som fylgde kom det fleire til, og i 1941 vart det kjøpt inn tre hingstføl etter Rimfakse til same området. Dette vart starten på den organiserte avlen av lyngshesten.²¹⁶ Engasjementet bar frukt avlen heldt seg gjennom krigsåra og det er eit tydeleg engasjement frå landbruksbyråkratiet. I 1942 skreiv Reidar Solli frå Troms Landbrukskontor og Statskonsulent Hans Tilrem til bøndene i området:

Hvem har ikke hørt om lyngshesten eller om hest av lyngsrasen? Det var en liten, nøysom, men god og seig brukshest, en virkelig slitehest. Den representerer sikkert typen på den gamle nordlandshest som nå kun eksisterer i navnet. I Lyngendistriktet er den imidlertid på grunn av kommunikasjonsforholdene gjennom tidene blitt lengst bevart, så der ennå fins en del spredte eksemplarer igjen i ren type. Kanskje er det også enkelte som i denne hest har sett den type de helst ville ha fordi den pga sin nøysomhet passet så godt for forholdene og derfor har holdt på den. Synd og skade ville det være om denne hestetypen skulle forsvinne.²¹⁷

Sitatet over viser eit sterkt engasjement for rasen, men den viser òg at spiren til ein diskusjon om namnet på rasen er sådd, ved at den viser til nordlandshesten som dei peikar på berre

²¹³ Tyssø 1948 s.4

²¹⁴ Vatne 2006 s.38

²¹⁵ Tyssø 1948 s.4

²¹⁶ Tyssø 1948 s.4

²¹⁷ Tilrem og Sollie 1942

eksisterer i namnet og at dei held det for rimeleg at lyngshesten representerer same type som den hesten som fanst i mykje av landsdelen før dei statlege tiltaka vart sette i verk. Dei avsluttar skrivet til bøndene med ein appell:

Så sterkt vi kan, appellerer vi til distriktets folk om å være med i det arbeidet vi har tatt opp for å trekke fram og bevare de rester som ennå fins av den gode, gamle hestetypen så vi kan få en småbrukerhest som virkelig passer for distriktene. Vi er sikker på, at om dette arbeid lykkes, vil det være av den aller største betydning for distriktets økonomi.

Det blir på forsommeren hvert år holdt en del mønstringsskuer for hest i distriktet, og vi ber alle hoppeiere om å møte fram med hoppene så en får full oversikt over det materiale som fins i distriktet og få det kåret for al. Skuene blir bekjentgjort ved oppslag.²¹⁸

Denne utsegna peikar mot at det er byråkratane som har stått i bresjen, og at arbeider målretta for å auka oppslutninga mellom hesteeigarane om dei nye tiltaka. Det er dei økonomiske motiva som er klarast framførte, men samstundes ligg det i fyrste del av teksten ei vurdering av at det er viktig å ta vare på denne resten av ein hesterase som dei oppfattar har vore vanleg i heile den nordlege landsdelen.

Hestehaldet i Nord-Troms fekk seg ein knekk under tvangsevakueringa i 1944, då så godt som heile avlsområdet vart evakuert. Det såg ei stund ut for at alt var i fære for å verta rasert.²¹⁹ Troms Landbruksselskap som var engasjerte i saka, tok kontakt med Reichskommissaren i Tromsø og bad i fleire brev om at dei måtte få henta ut avlstdyr der hestane var samla for at ikkje rasen skulle forsvinna for godt både frå Nord-Norge og frå Europa. Noko fekk dei ut, men ein av avlshingstane gjekk tapt til liks med mykje anna hest. Trass i dette tilbakeslaget tok det seg raskt oppatt etter 1945.²²⁰ Det var stort trong for hestar, både på grunn av at mange anten var drepne eller øydelagde og måtte avlivast, men òg på grunn av gjenreisinga.

I 1946 vart «Alslaget for Lyngshest» skipa med Troms Landbruksselskap som ein av initiativtakarane og som sekretariat for laget i åra som kom. Anslagsvis var det mellom 75 og 100 hopper totalt, som overlevde etter nedslakting, fjøsbrenning og evakuering.²²¹ Då Jonas Tyssø førte i pennen heftet om lyngshesten to år etter skipinga av avlslaget, hadde laget i alt 50 premierte hopper i tillegg til ein del som ikkje hadde møtt til utstilling. Frå sin ståstad såg han likevel lyst på framtida og meinte at det planmessige arbeidet som var sett i gang ville bera frukt og at det var håp om å berga rasen frå undergang. Han peikar òg på at rasen hadde

²¹⁸ Tilrem og Sollie 1942

²¹⁹ Tyssø 1948 s.4

²²⁰ Tyssø 1948 s.4

²²¹ Vik 2016 s.22

hatt eit vidare utbreiingsområde tidlegare, og ramsar opp alle dei ulike lokale og regionale namn som har vore nemnde tidlegare. I 1948 skreiv han:

De rester av denne hesterase som igjen har beholdt namnet Lyngshest fordi det var i Lyngendistriktet den er blitt bevart og fordi det er det eneste distrikt det virkelig er blitt gjort noe for å ta vare på den.

Utenom Lyngendistriktet drives det i dag ikke al av denne hesterase, når en unntar noen få dyr innkjøpt fra dette distrikt de 2–3 siste år til Vesterålen. Av de tidligere brukte namn er det derfor bare namnet Lyngshest som passer i dag.²²²

I dette sitatet er det fyrst og fremst to ting å merkja seg. For det fyrste argumenterer han for at namnet på rasen bør vera lyngshest. Det er endå ein indikasjon på at det er diskusjon om rasenamnet alt på 1940-talet. Det andre er at det vert peika på oppdrett av lyngshest i Vesterålen

Tyngdepunktet for avlen flytter seg sørover

Dei dyra i Vesterålen som Tyssø skreiv om i 1948 vart kjøpt i Lyngområdet av Christen Klefstad frå Hadsel Nordland i 1944.²²³ Klefstad hadde tidlegare drive med fjordhest, men vart interessert i den truga rasen. Han fekk støtte frå statskonsulent Tilrem, som var glad for alle som ville vera med på å utvida avlsområdet og vera med på å byggja opp ei større stamme. Klefstad bygde seg fort opp med dei tre hoppene og hingsten frå Lyngområdet og dei to hoppene frå Ballangen, og det vart starten på ei storstilt satsing i Nordland. Rasen var i god vekst, trass i at alle piler i hestemarknaden elles peika andre vegen.

Hestetalet stuper

Fram gjennom 50-åra vart traktoren eit stadig meir vanleg syn, anten det var firhjulstraktorar eller tohjulstraktorarar som var vanlegare på mindre bruk i heile landet. Den nordlege landsdelen var ikkje noko unntak. Hest vart etterkvart eit husdyr for dei spesielt interesserte. Dei aller fleste som gjekk over til maskinell trekkraft slutta å halda hest og brukte heller føret til å fø ei ekstra ku, eller nokre sauer meir enn det dei tidlegare hadde hatt forgrunnlag til. For grovt å skissera kva utvikling det er snakk om i siste halvdel av 1900-talet, kan me sjå på Statistisk sentralbyrå sine historiske statistikkar over jordbruk, skogbruk og fangst. Dei syner

²²² Tyssø 1948 s.5

²²³ Klefstad 1992 s.66

at talet på hestar i jordbruket i Noreg, minka frå kring 190000 i 1949 til 21000 i 1971 og 15000 i 1982, som var det året talet på hestar var på det lågaste.²²⁴ I tillegg til dette forsvann òg hestane frå transporttenester i byar og tettstader.

Trassar motstand og nedvurdering

I ein slik situasjon var det berre dei mest interesserte oppdrettarane som heldt fram med å avla hest. Kva var det som dreiv dei til å halda fram med å avla hest til ein marknad som hadde gått inn i eit svalestup? Økonomisk gevinst peikar seg ikkje ut som noko sterkt motiv slik situasjonen utvikla seg framgjennom 1950- og 60-åra. Det er mykje som tyder på at dei heldt fram trass i og ikkje på grunn av, økonomien i drifta.

Det var heller ikkje berre i marknaden bergingsaksjonen møtte motbør. Liv Berg Klefstad skriv at dei som kom med hestar på utstilling møtte motstand hjå avlsleiing og domarar og kom med to mogelege forklaringar. Anten mislikte dei at det i det heile kom ein rase til inn i ringen, eller så heldt dei fjordhesten og dølahesten høgare. Eit døme på dette var når Christen Klefstad fekk andrepremie for Nordlandssvarten to år på rad, utan at domarane fann noko å trekkja for.²²⁵

Me har sett at arbeidet for å berga rasen fekk sterk støtte frå lokale representantar for landbruksbyråkratiet og frå regionale landbruksselskap. Det kan likevel sjå ut som om det tok tid før meir sentralt plasserte styresmakter, og fagfolk i sentrale posisjonar tok den stadeigne hesten frå Nord-Noreg på alvor. Eit døme på det er korleis den vart omtala i samanheng med dei andre to rasane, dølahest og fjordhest.

I eit hefte med førelesingar om hesteavl og hesterasar frå Norges Landbrukshøgskole i 1948-49 er alle dei tre rasane omtala. Der har førelesaren spandert sytten sider på dølahesten, ni sider på fjordhesten, medan omtalen av lynghesten er unnagjort på ei halv A4-side.²²⁶

Det kan finnast fleire måtar å forstå den høvesvis magre framstillinga på. Dette var få år etter krigen, og talet på hestar av rasen var nede i mellom 75 og 100 individ.²²⁷ Både staten og lokale bønder i heile landet hadde bidrege til at både dølahesten, og særleg fjordhesten var eit vanleg syn i mange bygder. Slik sett kan ein sjå på det som at rasen var relativt marginalisert i den store samanhengen. Dei to andre rasane hadde vore tema for debatt tidlegare og det hadde festa seg eit system for avl og utval, med både stambokkontor og

²²⁴ <https://www.ssb.no/a/histstat/tabeller/14-14-11.txt>

²²⁵ Klefstad 1992 s.70

²²⁶ Berge 1949-49

²²⁷ Vik 2016 s.22

statskonsulentar. Det er difor råd å sjå det slik at omfanget speglar kjeldetilfanget. Likevel er det her ein fagmann som skriv, og det er ført i pennen 32 år etter den fyrste lyngshestutstillinga, og ni år etter at han var godkjend som ein eigen rase.

Lyngshesten er nå godkjent som egen rase ved sida av dølehest og fjordhest. Nordlandshest er et tidligere navn på denne rase. Rasen har holdt seg fra gamle dager, vesentlig i Troms i strøket ved Lyngenfjord, men også i Nordland og Finnmark. En stor del av hestene nordenfor Lyngen ble drept av tyskerne under raseringa av Finnmark, men der er så mange igjen at rasen kan fortsette. I Nordland fins den i Lofoten, Vesterålen og Ofoten.

Hesten er liten, knapt 9 kvart, ca. 140 om bandmål med pipeomfang på 16,5-17 cm. Fôrbehovet er omlag som for ei ku, og den er seig og langlivet. Fargen er rødbrun, svart og skimmel. Blakk forekommer ikke.

Bygningen er god. Krysset er kanskje noe smalt. Lemmene er smekre, men sener og knokler er av god kvalitet og høvene er svært gode. Av bildene å dømme er der en viss likhet med den finske hesten, men Lyngshesten er noe mindre. Omkring 1920 ble det av enkelte hevdet at rasen burde bevaras, og avlen er seinere blitt tatt opp.²²⁸

Sitatet er henta frå trykte førelesingar om hestavl og hesterasar som professor S. Berge heldt ved Norges Landbrukshøgskole i 1948-49. No let forfattaren vél over sjølv hesten, særleg når det gjeld bygnad og helsetilstanden jamt over. Omfanget av omtalen kan tyda på at sjølv dei fremste fagfolka innanfor husdyrlæra i landet hadde begrensa kjennskap til rasen.

Kva var motivasjonen?

Kva var det så som motiverte dei oppdrettarane som ikkje berre heldt fram, men faktisk tok i ferd med å avla på ein utryddingstruga hesterase i ei tid då etterspurnaden og prisane sakk? Christen Klefstad, som det synest å vera semje om var den mest sentrale aktøren i nesten ein mannsalder frå midt på 1940-talet, er ganske klar i talen:

Å gjenreise vår gamle hesterase så jeg som et ledd i bestrebelsene for å fremme respekt og kjærlighet til alt av nord-norsk opprinnelse og verdi. Rasen må først og fremst utbres i Nord-Norge hvor den hører hjemme. Bare overskudd må sendes sørover.²²⁹

Her kan det ikkje vera tvil om at det er romantisk-ekspressive vurderingar me ser att i argumentasjonen. For Klefstad synest det som om det rett og slett er ein del av arbeidet med å

²²⁸ Berge 1948 s.105

²²⁹ Klefstad 1992 s.71

styrkja eit fellesskap i Nord-Norge. Han vil byggja oppatt noko som storsamfunnet i lang tid hadde nedvurdert.

Kva kan forklaringa vera på at denne typen vurderingar dukkar opp i denne tida? Einar Niemi kallar tida frå 1945 til 1970 for den tredje fasen i bygginga av Nord-Noreg som ein identitetsregion. Han peikar på at det var lite rom for identitetsbygging bygd på kultur, og at det fyrst kom for alvor frå 1970 og utover.²³⁰ Eg meiner likevel at kampen som hesteoppdrettarane og avslaga i Troms og Nordland dreiv i desse åra i høg grad kan reknast som kulturell identitetsbygging, rett og slett fordi dei fleste andre mogelege motiv er forsvunne. Eit freistande oppfylgningsspørsmål vert då: Har dette motivet brått dukka opp, eller vore der heile tida, og levd sitt liv i skuggen av dei praktiske og økonomiske argumentasjonsrekkjene? Det siste spørsmålet er det vanskeleg å svara på, men det verkar i alle fall som om dei dukka opp i det dei andre motiva vart borte.

Kva skal hesten heita?

Eit anna teikn på at romantisk-ekspressive vurderingar vart viktige på denne tida, er diskusjonane og etterkvart òg striden om namnet. Etersom tyngdepunktet for avlen flytta seg sørover og ut frå Lyngendistriktet, kom namnet nordlandshest stadig meir i bruk. Det synest rimeleg sikkert at diskusjonen om namnet kom alt på 1940-talet på grunn av argumentasjonen som dukkar opp i ulike tekstar i den tida. lyngshestavlarane i Nord-Troms oppfatta det derimot ikkje slik som Klefstad. Dei kopla ikkje prefikset «nordland-» til landsdelen, men til grannefylket i sør.

Frå eit fugleperspektiv synest det klart at namnedebatten er ein identitetsdebatt, der hovudspørsmålet er: Kven sin hest er det? For aktørane i Nord-Noreg utanfor Troms, og i denne samanhengen vil det seia Nordland, synest det som om dei ynskjer å gjera hesten til sin. Samstundes vert det argumentert for at namnet «nordlandshest» òg kan vera eit symbol på det nordnorske. Sitatet frå Klefstad som er attgjeve ovanfor, peikar heilt klart i den retninga. Noko av argumentasjonen for å bruka nordlandshest som nemning på rasen, var at den hørde heile landsdelen til. Argumentet vert understøtta med ei førestelling om at alle dei lokale hestetypene som har vore nemnde som heimehøyrande i landsdelen er variantar av same rase.²³¹ Entusiastane i Nordland vann gradvis terreng med namnet sitt i åra mellom 1945 og 1969, trass i at enkelte protesterte og andre undra seg. Det er funn i litteraturen som peikar i

²³⁰ Niemi 2007 s.15

²³¹ Roaldsøy 1969 s.248

retninga av at namnet lyngshest var utbreidd som namn på rasen òg i Nordland på den tida. I ein tekst av Odd Nyborg frå Hadsel i 1945/46, kan me lesa dette: «...Det er og noen eksemplarer av Lyngshest, eller Nordlandshest som noen ønsker å kalle den»²³² Eit anna døme er i ein tekst av Svein Kongsjord der han siterer Hans Tilrem som omtalar Klefstad:

..Men det mest oppsiktsvekkende var at han i Ballangen fant noen «nordlandshopper» av samme type som vi den gang kalte «Lyngshest». Kristen Klefstad var den første som tok opp arbeidet for at denne hesterasen skulle skifte navn fra Lyngshest til Nordlandshest.²³³

Det var altså eit medvite arbeid som var i gang for å endra det offisielle namnet på rasen som då var lyngshest. Klefstad arbeidde etter eige utsegn for å gjera hesterasen til eit identitetssymbol for heile landsdelen.

Dersom me flytter oss nordover att til Nord-Troms, er det råd å forstå at det vart reagert på namneendringa mellom dei som hadde arbeidd med rasen i generasjonar. Dersom me ser namnet frå den ståstaden er det ikkje så klart at det vart oppfatta som eit rasenamn som femna om heile landsdelen. Det dei opplevde på 1940-talet var at lyngshestar som vart selde til Vesterålen brått skifte namn til nordlandshest.²³⁴ For dei var det lyngshest som var namnet, det var ein hest som høyrde heime i deira distrikt. Bergingsaksjonen som vart sett i gang før 1920 og teken oppatt på slutten av 1930-talet handla om lyngshesten. Det var det han vart nemnd som i offisiell samanheng, og det var det han gjekk for mellom folk i området. Sjølv om det i Porsanger hadde vore hestar som gjekk under nemninga Porsangerhest, var det få hestar og lite hesteoppdrett i Finnmark. Slik sett var Nord-Troms det nordlegaste område der det vart drive oppdrett og der det var overskot på hest som vart selt ut av distriktet. Med tanke på at dei aldri hadde kalla hesten sin for nordlandhest er det råd å forstå at dei heller oppfatta nemninga som høveleg for stadeigne hestar frå Nordland enn for hestar frå heile landsdelen.

Klefstad og andre entusiastar marknadsførte hesten godt. Nordland Landbrukselskap tok òg til å engasjera seg og i 1967 vart Avlslaget for Nordlandshest skipa i Bodø med fylkesagronom Gunnar Dahl som leiar.²³⁵ I 1968 endra landbruksdirektøren det offisielle namnet på rasen til nordlandshest. Det mest synlege teiknet på at forkjemparane for namnet vann fram er den fyrste stamboka for rasen som kom 1969, og den historiske framstillinga som står der. Dersom ein les teksten utan forkunnskapar er det vanskeleg å oppfatta at han nokon gong har hatt noko anna namn enn nordlandshest. Trass i at lyngshest var det namnet

²³² Nyborg 1986 s.44

²³³ Kongsjord 2014 s.11

²³⁴ Vatne 2006 s.55

²³⁵ Klefstad 1992 s.71

som var i bruk i offisiell samanheng heilt frå den fyrste utstillinga i 1916, er namnet endra i omtalen av alt utstillings- og avlsarbeid. Berre der det ikkje er nokon veg utanom, som til dømes i omtale av «Alslaget for Lyngshest» er lyngshestnamnet brukt.²³⁶

Namnestrident etter 1969

Geirmund Vik som kom til Nordreisa som distriktsveterinær i 1969, vart fort interessert i lyngshesten. Sjølv brydde han seg meir om rasen enn om namnet dei fyrste åra, men han opplevde misnøya med namneendringa mellom bøndene og hesteoppdrettarane han vart kjend med i området. Han peikar på at Lyngnområdet er fleirkulturelt, med både samisk, kvensk og norsk busetnad. Han dreg fram fornorskingsprosessen som eit bakteppe for å forstå kvifor namnesaka gjekk så sterkt innpå mange av dei som hadde levd med denne hesterasen i generasjonar og skriv mellom anna: «Når nå hesterasen i nord skulle stambokførast og fekk namnet nordlandshest, verka namnevalet som eit nytt overgrep på befolkninga i Nord-Troms.»²³⁷

Bøndene som brukte og avla lyngshest i Lyngnområdet var ei samansett gruppe av både sjosamar, nordmenn og kvenar. Då Geirmund Vik gjorde sine observasjonar i 1969 og utover, var det i ein periode då det vaks fram eit stadig sterkare medvit om etnisk tilhøyrse. Dette skjedde både mellom samar og kvenar. Døme på dette kan vera skipinga av Norske Samers riksforbund i 1968/69, der ingen andre enn samar kunne vera medlemmer.²³⁸ Dette er eit klart uttrykk for eit ynskje om å ta styring over det samiske, utan innblanding frå andre.

Når det gjeld kvenane, skjedde denne vitaliseringa òg gradvis på 1960-talet. Fram til på 1960-talet var deira kulturuttrykk nærast fråverande i det offentlege ordskiftet. Då den akademiske verda tok til å visa interesse for det finske og det kvenske i denne perioden, var det med på å auka medvitet hjå kvenane om sin eigen kultur. På 1970- og -80-talet tok det kvenske miljøet sjølv til å arbeida for å ta vare på kvensk språk og kultur. Dei organiserte seg og engasjerte seg politisk for saka.²³⁹ Dei norsk-finske foreiningane som vart skipa på 1970-talet hadde som mål å auka og styrkja kulturkontakten på tvers av landegrensene. Etterkvart vaks det fram eit mål om å arbeida for å styrkja den kvenske og finske kulturen i Nord-Noreg.²⁴⁰ Ei side ved identitetsbygginga var å samla seg om det som var felles, og å forma ein

²³⁶ Roaldsøy 1969 s.248

²³⁷ Vik 2016 s.24

²³⁸ Drivenes & Jernsletten 1994 s.265

²³⁹ Seppola 1996 s.45

²⁴⁰ Drivenes & Jernsletten 1994 s.276

etnisk identitet ved å dyrka fram det som var særlege ved kulturen. Slike identitetsmarkørar vert i arbeidet med å revitalisera kulturen, brukt både til å binda gruppa saman og skilja ho frå andre grupper.²⁴¹ Det at namnet på hesterasen vart endra, kan difor ha vorte oppfatta som at nokon ville stela ein av dei felles markørane i gruppa. Ein markør som knytte dei til det geografiske området dei batt deler av identiteten sin til.

I tidsperioden frå 1970-talet til 1990-talet vaks det etniske medvitnet både i djupna og i breidda. Ein av grunnane kan vera den sosialhistoriske perspektivet som vart vanlegare mellom dei som forska på og skreiv om fortida på 1970-talet. Eit av måla var at grupper som tidlegare hadde vore lite eller ikkje synlege i historieforteljningane, no skulle fram i lyset.²⁴² Eksempel på slike grupper er kvenar og samar. Dette auka medvitnet var likevel ikkje konfliktfritt. Særleg kom det til syne då det auka medvitnet resulterte i meir synlege uttrykk, som til dømes skilt på fleire språk. Uansett kva dei identifiserte seg som heldt dei som dreiv med lyngshest i Lyngområdet denne hesten for å vera ein del av sin kultur. Det at identiteten vaks seg sterkare i desse åra, kan difor vera med på å forklara kvifor temperaturen vart såpass høg som han vart då namnestriden dukka opp att på 1990-talet.

Elling Vatne som var ein sentral aktør og forkjempar både for lyngshesten og namnet, skreiv bok om rasen i 1994. Boka kom i ny utgåve i 2006. Han brukar mykje plass på å argumentera for namnet, og grunnjev engasjementet sitt mellom anna slik når han skriv om namneendringa i 1968 og stamboka frå 1969:

Den maktarroganse som hestefolket i Nord-Troms mente seg møtt med, oppfattet man som en ren demonstrasjon, og som en kald gufs fra en fortid hvor den klare målsettingen til myndighetene var å utslette alt som kunne tilhøre den sjøsamiske og kvenske kulturen.²⁴³

Boka kan delvis tolkast som eit innlegg i namnedebatten på 1990-talet, og tankane om det som skjedde i 1969 har hatt ei mogningstid på 25 år. Det er likevel eit klart uttrykk for at det etniske hadde mykje å seia for ein del av aktørane i debatten.

Eit anna døme på koplinga mellom hest og identitet er debatten etter at hingsten Viri vart henta frå Finland i 1980. Innvaldsdepresjon, som det alltid er fare for i små populasjonar, gjorde det naudsynt med tiltak for å sikra genetisk variasjon. Eit alternativ var å ha ein gjennomtenkt avlsplan og bruka unge hingstar i avlen. Eit anna alternativ var å få inn nytt genetisk materiale. Valet fall på å kjøpa inn ein hingst frå Finland av det som dei der kallar for finsk småhest. Troms Landbrukskontor søkte landbruksdirektoratet som gav løyve til å ta

²⁴¹ Ryymin 2001 s.58

²⁴² Nyssönen & Ryymin 2012 s.546

²⁴³ Vatne 2006 s.78

han inn, trass i at Avlslaget for Nordlandshest i Bodø rådde frå.²⁴⁴ Geirmund Vik skreiv i ein artikkel i Norsk Veterinærhistorisk Selskap si årbok i 2016:

Det var eit godt val både historisk, kulturelt, geografisk og typemessig. Heldigvis hadde vi hjelpt veterinær Halldis Lie med å ta blodprøvar av 60 hestar av vår rase nokre år tidlegare. Gjennom blodtyping hadde ho påvist at lyngshesten var i slekt med den finske hesten. Viri kom til landet vårt i 1980. Han fekk 29 avkom og disse skilte seg svært lite ut frå lyngshesten. I ettertid kan vi kanskje seie at etterkomarane blei meir like den lyngshesten vi hadde før vi fekk innslag av nordlandshest.²⁴⁵

Geirmund Vik var med på å kjøpa inn hingsten, sjølv om han var skeptisk. Skepsisen skuldast ikkje valet av hingst, men reaksjonane han rekna med kom til å koma frå dei som dreiv med rasen lengre sør i landet. Medan det i Nord-Troms var heilt naturleg å sjå den vegen etter avlsmateriale, var det ikkje alle som ynskte at det skulle koma finsk blod inn i det dei rekna som ein norsk hest.²⁴⁶ Eg kan sjølv stadfesta at det er oppdrettarar og hesteeigarar som framleis i dag poengterer at hesten deira er «Viri-fri». Dette syner at ulikt syn på finsk-norsk kultursamband spela ei rolle òg i denne saka.

Namnesaka på 1990-talet

Trass i at stambokkontoret berre brukte namnet nordlandshest frå 1969, var bae namna brukte om hesterasen i daglegtale. Det fanst heller ikkje noko landsfemnande raseorganisasjon før i 1993. Då den var skipa i Hattfjelldal og den fyrste avlsplanen skulle vedtakast, krov Norsk hestesenter at ein måtte velja namn på rasen. Nordlandshest vart vedteke som offisielt namn og debatten om namnet tok seg opp att. Det som er tydelegare på 1990-talet enn tidlegare, er at etnisk tilhørsle kjem meir fram i debattinnlegga frå Troms.

Vatne var ikkje åleine om å oppfatta namnesaka som eit åtak på minoritetane. Kunstnaren Jens Stark, var ein annan som såg namneendringa som eit tjuveri av kulturarv. Han uttalar mellom anna dette i eit intervju i Nordlys i 1994: «Det er slett ikke snakk om noen hest som er alt fram i Nordland fylke. For vi har her å gjøre med en hest av finsk opprinnelse, og som senere er videreutviklet i de kvenske miljøene i Lyngen og enkelte andre områder i Nord-Troms»²⁴⁷

²⁴⁴ Vatne 2006 s.61

²⁴⁵ Vik 2016 s.24

²⁴⁶ Intervju med Geirmund Vik, april 2020

²⁴⁷ Nordlys morgen 13/4-1996

Både privatpersonar, dei lokale avslaga i Troms og Finnmark, Lyngen kommune og Fylkesmannen i Troms engasjerte seg for lyngshestnamnet. I avisspaltene er det ikkje vanskeleg å finna argumentasjon som heilt tydeleg handlar om identitet og eigarskapskjensle. Eit uttrykk for at lyngshesten var ein identitetsmarkør er kommunevåpenet som Lyngen kommune fekk godkjent i 1987, med ein svart lyngshest på sylvfarga bakgrunn. Denne heraldiske hesten vart òg nytta i argumentasjonen midt på 90-talet.

Eit døme ser me i ein reportasje i avisa Nordlys 24. august 1994 der både varaordføraren i Lyngen og fylkesmannen i Troms er intervjuet. Der fortel varaordførar Bjarne Leonhardsen i Lyngen at kommunen vil be Norsk hestesenter om å erklæra vedtaket om å endra namnet på lyngshesten til nordlandshest, som ugyldig. I motsett fall vil Lyngen kommune måtta finna seg eit anna kommunevåpen. Fylkesmann i Troms, Leif Arne Heløe, var intervjuet i same reportasje. Han sa han forstod av Lyngen kommune ikkje ville akseptera at kommunevåpenet vart eit symbol utan grunnlag i dagens verkelegheit, noko som klart ville skje dersom lyngshesten vart fjerna som eigen rase. «Jeg vil tro at både Landslaget for nordlandshester/lyngshester og Norsk Hestesenter når det kommer til stykket vil vise forståelse for den store betydning lyngshesten har for lyngenbefolkningens identitet», siterer Nordlys han på.²⁴⁸

Oppfatninga om at det her er begått eit overgrep går att, slik som her i ein reportasje i Nordlys etter årsmøtet i 1995 der det står i ingressen at: «Søringer og deres medspillere fra Nordland vedtok fredag kveld at navnet lyngshesten skal strykes» Lengre ute i reportasjen skriv journalist Bjørn H. Larssen:

Lyngshesten er blitt en del av identiteten til mange småbruk i vårt fylke. Den særegne hesterasen har overlevd både krisetider og kriger. Seig som folket har den nektet å dø ut. Den har gjenoppstått fra det halvdøde, og i likhet med sitt folk har den også fått tilført finsk blod i sine årer. Derfor er det ekstra bittert for dens forkjempere å se at en kjær venn forsvinner med et strøk av gullpenner til sørnorske makthavere.²⁴⁹

Med tanke på at dette er ein nyheitsreportasje i ei regionavis og ikkje eit debattinnlegg, synest det ganske klart at dette var ei sak som engasjerte, òg langt inn i avisredaksjonane i Troms. Striden varte endå nokre år, men i 1998 vart det semje om eit kompromiss som dei fleste kunne leva med. Den landsfemnande organisasjonen heiter Landslaget for nordlandshest/lyngshest og rasen heiter nordlandshest/lyngshest ofte forkorta N/L-hest.

²⁴⁸ Nordlys 24/8-1994

²⁴⁹ Nordlys morgen 7/8-1995

Identitetskamp på fleire frontar

Aktørane frå Nordland peika på at nordlandshest var eit namn som kunne nyttast i heile landsdelen. Statlege styresmakter var samde i argumentasjonen frå Nordland og godtok namneendringa i 1968. I debatten finn me argumentasjon som går både langs geografiske og etniske skiljelinjer.

Som døma over viser, kan namnestriden sjåast på som ein identitetskamp på fleire frontar. I den fyrste perioden kan det oppfattast som ein kamp mellom hesteinteresserte i Lyngen og Nordland om eigarskap til rasen. Dette er ei tydeleg konfliktline i heile perioden. Aktørar i Nord-Troms såg det slik at folk frå Nordland ville nytta deira hest til å blåsa liv i noko som dei sjølve hadde late døy ut. Konfliktlina er tydeleg heilt frå dei fyrste hestane vart selde til Vesterålen i førtiåra og vart kalla nordlandshest då dei kom fram dit dei skulle bu. Dette vart forsterka ved at oppdrettarar frå Nordland etterkvart selde dyr til kundar i Sør-Norge som heldt fram med å nytta nemninga nordlandshest. Fleire aktørar i Nord-Troms reagerte på at dei vart fråtekne namnet på det dei oppfatta som sin hesterase.

På 1990-talet, då namnestriden tilspissa seg på nytt, var det fleire aktørar i debatten og det vart argumentert langs fleire liner. Det er vanskeleg å skilja mellom det som handlar om det etniske og det som handlar om det geografiske frå lyngshestsida i debatten. All den tid distriktet som hesten har namnet sitt frå er samansett av både samisk, kvensk og norsk. Hesten ser ut til å ha vorte rekna som eit kulturuttrykk for alle tre gruppene, og eit uttrykk som samla både hestefolk og andre på tvers av etnisk bakgrunn. Det at ein ståande svart lyngshest i 1987 fekk pryda kommunevåpenet i ein av kommunane i distriktet, støttar òg opp om ei slik forståing.

Det er likevel klart at det etniske aspektet vart meir synleg i debatten på 1990-talet, i det fleire argument som handla om overgrep mot den kvenske og sjøsamiske kulturen vart framførte. Dette funnet høver godt overeins med det som Jukka Nyysönen og Teemu Ryymin fann då dei granska forteljingar om nordnorsk minoritetshistorie. Noko av det dei fann var at forteljingar om å vera synlege, forteljingar om assimilering og forteljingar om agens la seg lag på lag frå 1970 til 1990-talet. Det gjorde at det minoritetshistoriske feltet stadig vart meir mangfaldig.²⁵⁰ Likskapen med funna i denne oppgåva er at lyngshesten i byrjinga, fram til på 1960-talet utelukkande vert framstilt som ein geografisk-kulturell identitetsmarkør. Rundt 1970, kom det etniske meir fram i debatten, men ikkje til fortrenging av det geografiske, det la seg som eit nytt lag. Ser me på debatten slik han arta seg på 1990-

²⁵⁰Nyysönen & Ryymin 2012 s.559

talet, er det etniske langt meir synleg. Dei sterkaste døma på dette er frå boka *Lyngshesten* av Elling Vatne, og uttalar frå til dømes Jens Stark. Samstundes er det geografisk-kulturelle, på tvers av det etniske, framleis er sterkt framheva. Eitt døme er uttalane frå varaordføraren som forsvara kommunevåpenet i kommunen der han var folkevald.

Dersom me held funna opp mot parodieringa til Einar Niemi i «Nord-Norge sett i et historisk perspektiv», er det òg samanfall å finna. Det han kallar den fjerde fasen i bygginga av ein nordnorsk identitetsregion, går frå kring 1970 til 1990. Halde opp mot denne oppgåva er det perioden frå den fyrste stamboka vart vedteken og namnet vart endra til striden blussa oppatt på 1990-talet. Denne perioden var i fylgje Niemi, prega av lokalhistorisk interesse og identitetsbygging.²⁵¹ Eit konkret døme på dette kan vera vedtaket om lyngshesten som heraldisk symbol i 1987. At det etterkvart fekk stor geografisk symbolkraft, er tydeleg når me ser uttalane frå kommunalt hald i Lyngen, der dei held fram kommunevåpenet i kampen for lyngshesten.

Oppsummering

Staten si rolle i hesteavlssamanheng strekkjer seg i landsdelen sett under eitt frå midt på 1800-talet ut heile perioden. Hovudinntrykket dei fyrste åra, er mykje det same som det som vart gjort i på Vestlandet i same perioden. Begge stader førte dei inn framande hestar for å auka storleiken og kvaliteten på dei lokale hestetypene. Det må òg vera råd å nemna at det synest råd å spora ei ovanfrå-og-ned-haldning frå dei statlege representantane, og sterkare di lengre nord dei kom. Noko engasjement for dei stadeigne hesterasane kjem ikkje til syne før rett etter 1900. På den tida er det òg berre byråkratar som kjem til syne med eit engasjement for den lokale rasen. Det folkelege engasjementet ser ikkje ut til å ha vakna før det var klart at hesterasen var truga av utrydding.

Dersom me samanliknar med utviklinga til fjordhesten, synest det som om det er ein del av dei same mekanismane som er i sving, berre at dei kjem seinare. Når det folkelege engasjementet kjem, er det sterkt. Kampen for N/L hesten vart driven fram av eit sterkt engasjement som botna i både lokal, regional og etnisk identitetskjenle.

Når det gjeld N/L-hesten som nasjonalt og regionalt symbol, synest det som om han på mange måtar har splitta meir enn han har samla i den landsdelen den kjem frå. Den har vore eit sterkt symbol for mange, men det er vanskeleg å gje den ei rolle som eit samlande identitetssymbol for Nord-Norge. Som lyngshest har han vore eit sterkt symbol for Troms, og

²⁵¹ Niemi 2007 s.15

særleg Nord-Troms. Som nordlandshest er han eit sterkt symbol for Nordland. I tillegg har han frå 1970-talet og fram til i dag vorte eit stadig sterkare etnisk symbol, både for sjøsamar og kvenar. Som nasjonal hesterase fyller han rolla som hesten frå Nord-Norge og står for mange frå Sør-Noreg som eit symbol på det nordnorske.

Kapittel 5 Oppsummering og konklusjon

Innleiingsvis i denne oppgåva skreiv eg at målet var å finna ut kva det er som over tid har bidrege til å konstruera dei ulike rasane med tanke på form og funksjon og som lokale, regionale og nasjonale symbol. Hypotesen var at idear og verdivurderingar i hesteavlen har endra seg over tid i takt med andre endringsprosessar i samfunnet og at dei i heile perioden hadde stått i spenningsfeltet mellom det romantisk-ekspressive og det praktisk-økonomiske.

I oppgåva har eg undersøkt tre ulike rasar som kan seiast å ha funne sin plass i det kollektive medvitet i tre ulike tidsperiodar og på mange vis hatt ulike skapingssoget. Den rasen som på eit vis har glide saumlaust på plass og fått fred i dei områda det har vore semja om at han høyrde heime, er dølahesten. Han hadde staten på lag heilt frå dei fyrste omfattande avlstiltaka tok til og vore trygt verja av dei styrande. I den grad han har skapt debatt er det når han har vore plassert eller forsøkt plassert i område der han ikkje har vore eit vanleg syn tidlegare.

Fjordhesten og N/L-hesten har det derimot vore harde debattar rundt. Debatten rundt fjordhesten gjekk i all hovudsak langs to liner, som båe hadde med dølahesten å gjera. Den fyrste var ganske enkelt om statleg innføring av dølahestar i vestnorske fjordbygder i 1860-70-åra. Her vart det i stor grad argumentert praktisk-økonomisk, med at fjordhesten i mange tilfelle var å føretrekkja rett og slett fordi den åt mindre, var billegare og tok seg betre fram. Det var difor eit ynskje om at ein skulle driva meir systematisk avl òg på den for å få ein fjordhest tilpassa dei krav som jordbruket og transporten til ei kvar tid stilte. Det vart likevel framført argument som kan tolkast i retning av det meir romantisk-ekspressive, sjølv om dei ikkje var det som vart slege hardast i bordet med. Den andre debatten som i stor grad gjekk mellom 1905 og 1920 handla om utreinsking av dølablod i avlslinene hjå fjordhesten. I denne debatten kjem det romantisk-ekspressive tydelegare fram i tillegg til dei meir praktisk-økonomiske argumenta. Dei var færre og i samanhengen tydeleg vurdert som svakare, men det synest klart at det låg ein vernetanke bak mange av ynskja om å halda den vestnorske hesterasen fri for innblanding av dølahest.

Arbeidet med lyngshesten som hadde sin fyrste forsiktige opptakt i 1916, tok òg til etter initiativ frå landbruksbyråkratar. Heilt frå den fyrste freistnaden var det klart at dette var ein bergingsaksjon for å ta vare på ein rase som var på veg til å døy ut etter at staten i fleire tiår hadde arbeidd for å blanda lokale hestetypar opp med fjordhest og dølahest, alt etter kva dei fann mest tenleg i ulike distrikt. Det gjekk likevel lenge før noko anna enn praktisk-økonomiske argument kom fram i kjeldene. Det som vart halde fram som fordelene med å ta til

med systematisk avl på lyngshesten, var at den var rimelegare i drift enn til dømes fjordhesten og slik sett veileigna til ein del mindre gardsbruk og til lettare transport. Det at lyngshesten/nordlandshesten hadde symbolverdi og ikkje berre verdi som arbeids- og trekkdyr kjem fyrst fram i debatten om namnet. Då vert det i tillegg synleg til gagns.

Det melder seg då eit spørsmål om kvifor dette kjem til syne på denne tida, altså ein gong mellom 1945 og 1969. Det er fleire store skilnader mellom denne tidsperioden og dei andre periodane som har vore omskrivne i denne oppgåva. For det fyrste skjer det i denne perioden eit dramatisk fall i talet på hestar i landet. I slutten på perioden var det ikkje meir enn 10-15 prosent att i høve til situasjonen rundt 1950. Dette innebar eit fall i etterspurnaden som gjorde det bortimot økonomisk uforsvarleg å driva hesteavl og dei aller fleste av dei som tidlegare hadde hatt hest og avla hest forsvann ut av biletet. Nokre heldt likevel fram, trass nedgangen. For denne gruppa er det då rimeleg å rekna med at det økonomiske aspektet var underordna og at det var andre drivkrefter som gjorde at dei heldt motet oppe og heldt fram med å avla. Hesten trongs i langt mindre grad enn tidlegare, og det var betre økonomi i å kjøpa seg ein eller annan slags traktor og heller bruka hestefôret til ei ku eller nokre ekstra sauer. Slik sett forsvann mange av dei praktisk-økonomiske grunnane til å halda seg med hest, og med dei òg argumenta for avlen. Når då i tillegg dei aktørane som var att, var dei som heldt fram av andre grunnar enn det økonomiske, kan det vera med på forklara at det romantisk-ekspressive kjem så mykje betre til syne etter 1950.

Det som framleis er uklart for meg, og vanskeleg å finna eit klart svar på, er om desse vurderingane dukka opp etter 1950 eller om dei berre kom til syne fordi andre argument forsvann. All den tid at desse romantisk-ekspressive vurderingane òg tidlegare har vore å sjå, i skuggane av dei praktisk-økonomiske, er det godt mogeleg at dei har vore der heile tida hjå einskilte aktørar. Slik dei tidlegare debattane arta seg var det gjerne lettare å nå fram med «hardare» argument som handlar om pengar og effektivitet, enn om det som handlar ting som er vanskelegare å setja eit tal på og vanskelegare å slå i bordet med, slik som identitet og tilhøyrslø. Det er trass alt berre det som er skriva i kjeldene eg har hatt tilgang til. Det er difor vanskeleg, og heller ikkje om å gjera, å fri seg frå tanken om at det er mykje eg har gått glipp av. Det som ikkje er skriva er det òg vanskeleg å lesa femti, hundre eller hundre og femti år seinare.

Så langt eg har funne har det ikkje vore gjort noko forskingsarbeid på dette temaet tidlegare. Det har gjort arbeidet interessant samstundes som det har vore eit sagn å ha lite anna forskning å stø seg på. Når ein tek mål av seg å skriva om eit tema over ein så lang tidsperiode, er det ikkje til å koma frå at ein må sortera med hard hand. Det opnar samstundes

for andre prosjekt. Fleire av dei periodane og debattane som er omskrivne her, kunne vore ei masteroppgåve verdig i seg sjølv. Det som peikar seg klarast ut er debatten om fjordhesten rundt 1900 og debatten om nordlandshesten/lyngshesten på 1990-talet. Lyngshesten si rolle i identitetsskapande arbeid i dagens Troms, kunne òg vore tema for ei eiga masteroppgåve i historie. Trass i at det står att like mange opne spørsmål no som då eg tok til, meiner eg likevel å ha oppnådd ei langt meir opplyst uvisse.

Kapittel 6 Litteratur- og kjeldeliste:

- Aanderaa, Dag. «Johan Lindeqvist» i *Norsk biografisk leksikon*. Publisert 13.02.2009. Henta 22.03.2019 frå https://nbl.snl.no/Johan_Lindeqvist.
- Angell, Svein Ivar. *Den svenske modellen og det norske systemet : Tilhøvet mellom modernisering og identitetsdanning i Sverige og Noreg ved overgangen til det 20. Hundreåret*. Oslo: Samlaget, 2002
- Bakken, Arne M. (red). *Fjordhesten*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag, 1986
- Berge S. *Hesteavl og hesteraser : Forelesninger 1948-49 ved Norges Landbrukshøyskole*
Url: <https://nmbu.brage.unit.no/nmbu-xmlui/bitstream/handle/11250/2598232/Hesteavl%20og%20hesteraser%20-%20Forelesninger%201943-49.pdf?sequence=1&isAllowed=y>
- Berglund, Sara. «Hippologens dröm : Travsportens formering i 1800-talets Sverige» i Greiff, Mats, and Susanna Hedenborg, (red) *I Sulky Och Sadel: Historiska Perspektiv på Svensk Trav- Och Galoppsport*. Stockholm: Carlsson, 2007.
- Birkeland, M. *Selskabet for Norges Vel : 1809-1829*. Christiania, 1861.
Bjørnåli. *Nordland Landbruksselskap 1876-1926*. Bodø, 1929
- “Nynorskordboka.” Bokmålsordboka | Nynorskordboka. Henta 11. januar 2020.
https://ordbok.uib.no/perl/ordbok.cgi?OPP=+dikotomi&ant_bokmaal=5&ant_nynorsk=5&nynorsk=+&ordbok=begge.
- Bratberg, Terje. (2016, 6. februar). «Stenersen - fra Gausdal» i *Store norske leksikon*. Henta 13. februar 2020 frå https://snl.no/Stenersen_-_fra_Gausdal
- Breireim, P. *Nordland landbruksselskap (Nordlands amts Landhusholdningsselskab) 1876-1951*: Nordland Landbruksselskap, 1951
- Buer, John. «Fra Veikle Balder til Alm Svarten» i Buer, John, Kristiansen, Arne og Stang, Sverre (red). *Kaldblodshesten: Fra Døl Til Traver*. Oslo: Gyldendal, 1990.
- Baashus-Jessen, J. *Stambok over vestlandshesten : 2. Bind Hingster født til og med året 1919*. Kristiania: Grøndal & Søn, 1923.
- Den Sønnenfjelske Hestehjelpskasse. *Den Sønnenfjelske Hestehjelpskasse 1711-1961*. Oslo, 1961.
- Departements-Tidende, 1843-1845

- Drivenes, Einar-Arne & Jernsletten, Regnor. «Det gjenstridige Nord-Norge: Religiøs, politisk og etnisk mobilisering 1850-1990» i *Nordnorsk kulturhistorie* bd. 1: Gyldendal: Oslo, 1994
- Eriksen, Knut Einar og Niemi, Einar. *Den finske fare: Sikkerhetsproblemer og minoritetspolitikk i nord 1860-1940* : Universitetsforlaget, 1981
- Fridrichsen, Anders, «Brukshesten», i Gjestvang, Per (red). *Boken Om Hesten : Avl Og Oppdrett - Bruk Og Sport*. Oslo: Vårt Forlag, 1961.
- Fulsås, Narve. «Nordnorsk eigenart og nordnorsk identitet» i Ø. Thomassen og J. Lorås (red.), *Spennings land. Nord-Norge etter 1945*. Oslo 1997: 220.
- Gaustad, Mads, «Dølahestens utvikling – moderne dølahestavl», i Gjestvang, Per (red). *Boken Om Hesten : Avl Og Oppdrett - Bruk Og Sport*. Oslo: Vårt Forlag, 1961.
- Gjerdåker, Brynjulf. *Norges Landbrukshistorie bd. 3 : Kontinuitet og modernitet : 1814-1920*. Oslo: Samlaget, 2002.
- Hirsch, Joh. L. *Hesten*. Kristiania: Grøndahl, 1910
- Hole, Vidar. «Litt om hesten i gamle dagers Bø» i *Bøfferding*. Bø i Vesterålen: Bø bygdelag, 1983
- Hus, Magne, Dahle, Hans Kolbein, Kragh, Lene. *Fjordhest: En Brukshåndbok*. Oslo: Landbruksforlaget, 2004.
- Karstad, Olav. *Fjordhesten*. Bergen: Varde, 1949.
- Karstad, Olav, «Fjordhesten – oversikt over rasens utvikling, oppdrett og bruk», i Gjestvang, Per (red). *Boken Om Hesten: Avl Og Oppdrett– Bruk Og Sport*. Oslo: Vårt Forlag, 1961.
- Kaus, Kristian, *Det Kgl. Selskap for Norges Vel. Viktige Trekk Fra Norges Vels Historie 1809-1995*. Skjetten: Det Kgl. Selskap for Norges Vel, 1996.
- Klefstad, Liv Berg. «Nordlandshesten og kampen for å redde vår allsidige nasjonalhest» i *Hofdasegl: Hadsel Historielag*, 1992
- Kristiansen, Arne. «Sigvart Petersen–vår største hippolog» i Buer, John, Kristiansen, Arne og Stang, Sverre (red). *Kaldblodshesten: Fra Døl Til Traver*. Oslo: Gyldendal, 1990.
- Langballe, M. T. *Stambok over fjordhesten (vestlandshesten) : Bind I Hingster født i årene 1857–1904*. Kristiania: Grøndal & Søn, 1910.
- Langnes, Mads. *Lovene som endra kulturlandskapet: Innmarksutskiftingar, tun og teigblanding i Hardanger*, Hardanger og Voss Museum, 2011
- Larsen, Atle. «Om folk og hester på Innlandet for 60 år siden» i *Hofdasegl: Hadsel historielag*, 1988

- Lindeqvist, Johan. *Indberetninger til Departementet for det Indre fra Johan Lindeqvist om hans Virksomhed for Husdyravlens Fremme i Aaret 1858*. Christiania. Berg & Ellefsen, 1859
- Lindeqvist, Johan. *Vor Tids Bedste Husdyr-Racer fremstillide i atten Tegninger efter Naturen af Kjørboe, Volkens, Volk, Corbet, David og Ekemann-Alleson..* Christiania: Berg & Ellefsen, 1860
- Lindeqvist, Johan. *Om Betingelserne for at en Hest skal kunne ansees Præmieværdig*. Christiania: Feilberg & Landmark, 1860
- Lindeqvist, Johan. *Indberetninger til Departementet for det indre angaaende de offentlige Foranstaltninger til Husdyravlens Fremme for aaret 1864*. Christiania. Bergh & Ellefsen 1865.
- Loen, Johannes, «Avlsarbeidet med Fjordhesten», i Gjestvang, Per (red). *Boken Om Hesten : Avl Og Oppdrett - Bruk Og Sport*. Oslo: Vårt Forlag, 1961.
- Mehl, Lars, «Ein føregangsmann for jordbruket» i *Marcus Gerhard Hoff-Rosenkrone 1823–1896*, Baroniet Rosendal, 1996.
- Mehl, Lars S. *Kvinnheradshesten : Frå Rosendalsborken til Haugjo*, Eige forlag, Rosendal, 1996
- Maliniemi, Helena. *Hesteholdet i Varanger: Kulturkontakt, etnisitet og den materielle hestekulturen 1800–2008*, Vadsø: Varanger Museum, 2008
- Melve, Leidulv & Ryymin, Teemu, *Historikerens arbeidsmåter*. Oslo: Universitetsforlaget, 2018
- Myking, John Ragnar. «Handel næring og folketalsutvikling» i Myking, John Ragnar, Ugulen, Jo Rune og Økland, Bård Gram. *Hardanger – ei regionhistorie: Før 1750*. Bd. 1. Bergen: Fagbokforlaget, 2015.
- Nielsen, May-Brith Ohman. *Norvegr: Norges historie bd. 3 1840–1914*. Oslo: H. Aschehoug & Co, 2011
- Niemi, Einar. «Nord-Norge sett i et historisk perspektiv – en oppfinnelse?» i *Plan* nr.2, 2007
- Nilssen, L.P. «Den gamle Nordlandshest» i *Tidsskrift for det norske Landbrug*: Det Kgl. Selskab for Norges Vel. 4. årgang, Christiania: Grøndahl & Søns Bogtrykkeri, 1897
- Nordlys*, avisutgåver etter tekstsøk i perioden 1994-1996
- Nyborg, Odd. «Jordbruket i Hadsel i tida 1907-1939» i *Hofdasegl*: Hadsel historielag, 1986
- Nyysönen, Jukka & Ryymin, Teemu. «Fortellinger i nordnorsk minoritetshistorie» i *Historisk Tidsskrift*, band 91, s.541–568. Universitetsforlaget, 2012
- Olsen, Svein Magne. *Hesteredskap i norsk jordbruk*. Oslo: Tun Forlag AS, 2005

- Oma, Kristin Armstrong. *Hesten : En Magisk Følgesvenn I Nordisk Forhistorie*. Oslo: Cappelen Damm, 2011.
- Roaldsøy, Normann, «Nordlandshesten: Historikk» i *Stambok over norske hester 1969*, Oslo: Statens stambokkontor, 1969.
- Ryymim, Teemu, «Creating Kvenness: Identitybuilding among the Arctic Finns in northern Norway» i *Acta Borealia*, 2001 18:1, s. 51-67, DOI: 10.1080/08003830108580518
- Seppola, Bjørnar, *Norsk skolepolitikk overfor kvenene*. Hovudoppgåve i finsk språk. Universitetet i Tromsø, 1996
- Sevatdal, Hans, Sky, Per Kåre og Berge, Erling. *Eigedomshistorie : Hovudliner I Norsk Eigedomshistorie Frå 1600-talet Fram Mot Nåtida*. Oslo: Universitetsforlaget, 2017.
- Slagstad, Rune. *De nasjonale strateger*. 3. Utg. Oslo: Pax, 2015.
- Smitt, Jonas, *Om offentlige Foranstaltninger til Landbrugets Fremme*. Christiania, 1877
- Starheim, Ottar. "Christen Christensen." Allkunne, 03.04.2008. Henta 05.11.2019 frå <https://www.allkunne.no/framside/fylkesleksikon-sogn-og-fjordane/artiklar-sortert-pa-kommune/vik/christen-christensen/1923/77976/>.
- Starheim, Ottar. "Einar Sorterup." Allkunne, 10.01.2011. Henta 13.01.2020 frå <https://www.allkunne.no/framside/biografiar/einar-sorterup/1898/77158/>.
- Storli, I (red.): *Ottars verden*, Ottar nr. 208 (5/1995), Tromsø 1995
- Stortingsforhandlinger, vol. 13 Nr. 7, Oslo: Forvaltningstjenestene, 1851
- Stortingsforhandlinger, vol. 15 nr. 1, Oslo: Forvaltningstjenestene, 1857
- Stortingsforhandlinger, vol. 17 nr. 2, Oslo: Forvaltningstjenestene, 1862
- Stortingsforhandlinger, vol. 21 nr 1C, Oslo: Forvaltningstjenestene, 1872
- Sunde, Jørn Øyrehagen, «Bauta i ny tid : Et juridisklitterært essay om Markus Gerhard Hoff-Rosenkrone» i *Marcus Gerhard Hoff-Rosenkrone 1823–1896*, Baroniet Rosendal, 1996.
- Sørensen, Øystein, Åsta Brenna, og Trond Berg Eriksen. *Norsk Idéhistorie : Kampen Om Norges Sjæl*. Vol. B. 3. Oslo: Aschehoug, 2001.
- Sørensen, Øystein(red). *Jakten på det norske : Perspektiver på utviklingen av en norsk nasjonal identitet på 1800-tallet*. Oslo: Pensumtjeneste, 1998. 3. opplag 2007.
- Tilrem, Hans Petter, Sollie Reidar. *Lyngshesten* avskrift av artikkel frå 1942, funne i *Forslag til avlsplan for Nordlandshest/Lyngshest*, 2013, Url: <https://docplayer.me/9204063-Forslag-til-avlsplan.html> (henta 18/4-2020)
- Tyssø, Jonas. *Lyngshesten*: Troms Landbrukssekskap/Alslaget for Lyngshest, 1948

- Tvedt, Knut Are. (2011, 19. oktober). «John Collett Falsen» i *Store norske leksikon*. Henta 5. november 2019 fra https://snl.no/John_Collett_Falsen
- Venås, Kjell. «P.A. Munch om språket» i *Språknytt*, 1/2008
- Vik, Geirmund. «Mitt liv med lyngshest». *Norsk Veterinærhistorisk Selskap: Årbok 2016*: s. 20-29
- Ytreberg, Nils A. *Troms Landbruksselskap gjennom hundre år*: Troms Landbruksselskap, 1955
- Ytreberg, Nils A. *Finnmark Landbruksselskap 1859-1959*: Finnmark Landbruksselskap. 1959
- Wriedt, Chr. *Stambok over vestlandshester : Bind I Hingster født i årene 1857–1904 annen utgave*. Kristiania: Grøndal & Søn, 1920.
- Ågotnes, Hans-Jakob. 2000. «Vern, vitskap og samfunn: Om kulturvernet sine meningssamanhengar» i *Dugnad* Årg. 26. nr 1/2. s.69-89